

# Hardstyret held fram

---

*Ein etterrøknad i strukturelle vilkår for framvoksteren av nye slag autoritære regime i Sentral-Asia etter oppløysingi av Sovjetsamveldet*

Masteroppgåva

Ole Jakob Totland



Institutt for samanliknande politikk

Universitetet i Bergen

Mai 2009



## **Abstract**

This master thesis presents ethno-national demographic composition and income from export of raw material resources as the deciding structural conditions for the development of new types of authoritarian regimes in the Central Asian republics Turkmenistan, Uzbekistan, Kazakhstan and the Kyrgyz Republic after the dissolution of the Soviet Union. The connection between these structural conditions and the dependent variable regime type, is shown using comparative analysis with a most similar systems design by Mills Method of Difference, in addition to process-tracing of each of the four cases.

In line with the Rentier state theory, the thesis demonstrates how export income from capital intensive raw material resources such as oil and natural gas, strengthens the authoritarian regimes in Turkmenistan, Uzbekistan and Kazakhstan. The availability of alternative sources of export revenue from cotton in Turkmenistan and Uzbekistan lead them to keep the resources nationalised and wait for investors to come. Kazakhstan, lacking alternative income, privatises their oil resource to attract immediate foreign investments, thus liberalising the whole economy. Lack of raw materials in the Kyrgyz Republic leads the Kyrgyz government to liberalise both economically and politically to gain loans and investments from democracy and capitalism promoting Western states and organisations such as the IMF.

The demographic conditions for regime development are the composition of ethnic groups living in the state. The ethnically homogeneous Uzbekistan and Turkmenistan have an opportunity of starting a nation-building project that connects the president himself to a neo-patrimonial national ideology with a cult of personality that gathers all powers in the hands of the father of the nation, the president personally. Ethnically heterogeneous Kazakhstan and the Kyrgyz Republic cannot do that since there should be different ideas, thoughts and views on the national unity in large self-confident Uzbek and Russian minorities.

These structural conditions taken together are used to explain the variety in the degree to which the new states (do not) liberalise. Turkmenistan and Uzbekistan do not liberalise at all, but introduce personalistic rule, Kazakhstan liberalise economically, and the Kyrgyz Republic liberalise both economically and politically.

## Fyretala

Ei vending måtte koma, det kunde ikkje vara. Eg hev fullenda masterstudiet i samanliknande politikk, med di eg sender frå meg denne oppgåva og steller meg lagleg til for hogg. Og soleides skal studiedagane endast, trur eg. Ifrå dei fyrste ungdomsåri var draumen min å verta student, liggja ved universitetet – den draumen er åttå å søkka i grus. Studenten er med dette ute or soga. På normert tid, inkje mindre. Rolla som sutlaus *studiosus perpetuus* som ihuga vart innteki fyrstpå, vart syrgjeleg låkt spela i framhaldet. Sprenglærd stig han ned frå Nygårdshøyden med ei ørliti von i barm um at det finst intelligent liv utanfyre Sofie Lindstrøms hus.

Sedhevden segjer det skal takkast i slike høve; eg trur beint fram det er eit formkrav for masteroppgåvor. Det kravet oppfyller eg gjerne. Rettleidaren min, professor Frank H. Aarebrot, skal hava takk for å syna interessa og tru på prosjektet, for vidsveimd samtala både på og utanfyre den rette leidi og for gode råder på vegen. Dei vitskaplegt tilsette elles skal òg hava takksam vedkjenning for evna til å kveikja interessa og sjølvve syna interessa for ei rad forvitnelege faglege emne gjennom undervising og samrøddor. Denne vedkjenningi tilkjem i same slengen lærarstandet i samanliknande politikk og russiskt språk og litteratur ved Universitetet i Bergen.

Eg vil dinæst takka den harde kjernen og den vide krinsen av medstudentar og gode vener som hev vore med frå fyrste dag eller som hev kome til sidan, frå faddervika, ymse studieupphald og turar i austerveg og til den daglege gonga millom lesesal, fyrelesingar, seminar og kantina og nattlege streiftog andre stader. De hev gjort den faglege og den utanumfaglege ferdi gjennom studentverdi til ein sann svir, bokstavleg tala.

Sistpå lyt eg takka dei der heime, foreldre og syskin, som etter fatig evna hev måtta forklåra for skyldfolk og godtfolk kva det er denne lesaren inni Bergen by hev putla med år etter år.

Sumtid sømer det seg med utakk òg. Den gjeng til tjuven som braut seg inn på lesesalen og stal datamaskina mi, tri dagar fyre innlevering. Du gjorde 17. mai i år til ein ulukkeleg dag til å minnast med uhyggje.

Dette er takk og farvel. Ei takk til dykk og eit farvel til studenten.

Bergen, 20. mai 2009

Ole Jakob Totland

## **Transkripsjon og stavnad**

På grunn av manglande kjennskap til den rette transkripsjonen som til kvar ei tid gjeld for stadnamn og personnamn frå tyrkiske språk og lokale målformer og stavnad, når dette ikkje er gjeve av Språkrådet, freistar eg halda meg til transkripsjon av desse namni som dei er skrivne med kyrilliske bokstavar. Då fylgjer eg retningslinone frå norsk transkripsjon av russisk, som eg so klårt òg retter meg etter i høve russiske ord og namn. Stadnamn som er gjevne rettleiding um skrivemåte på frå det norske Språkrådet, er skrivne etter dei rådene. Når slike ord vert stava på uvande viser som korkje er lik på engelsk, russisk eller lokal skrivemåte, er det Språkrådet å lasta. Difor skriv eg Kasakhstan, Kirgisistan, Turkmenistan og Usbekistan, Andizjan, Osj, Almaty og Asjkhabad (Språkrådet, 2009).

## **Tabellar og modellar**

Modell2.1	Verknad av uavhengig variabel på regime	s. 22
Modell2.2	Teoretisk modell	s. 32
Tabell 4.1	Klanpakter og vedvarande regime	s. 41
Tabell 5.1	Bumynster 1989	s. 49
Tabell 5.2	Olje- og naturgassfyrekomor og utvinning	s. 54
Tabell 5.3	Økonomiske tilstand	s. 55
Tabell 5.4	Etnisk samansetnad	s. 59
Tabell 5.5	Variablar og konstantar	s. 60
Modell5.6	Endeleg samanliknande modell	s. 61
Tabell 5.7	Liberalisering og regimeslag i Sentral-Asia, Freedom House	s. 62

## Innehald

1. Innleiing .....	9
1.1 Uppgjerd med «transisjonsparadigmet» .....	10
1.2 Problemstilling .....	11
1.3 Gangen i oppgåva .....	13
2. Teori .....	15
2.1 Ulike slag autoritære regime .....	15
2.2 Innfallsvinklar til å forklåra regime .....	20
2.3 Moderniseringsteorien .....	23
2.4 Renteniststaten .....	25
2.4.1 Strategiar for ressursutvinning: Privatisering eller nasjonalisering .....	27
2.5 Demografisk samansetnad, nasjonsbyggjing og nasjonal ideologi .....	28
2.6 Teoretisk modell .....	31
2.6.1 Økonomiske verknader .....	32
2.6.2 Demografiske verknader .....	32
2.6.3 Modell .....	32
3. Metode .....	34
3.1 Mills «Method of Difference» .....	34
3.2 Prosessporing .....	36
3.3 Data .....	37
4. Utval .....	39
2.1 Utvalskriterium: Tyrkiskspråklege tidlegare sovjetrepublikkar i Sentral-Asia .....	39
4.2 Perestrojka, pakter og kvifor eg utelèt Tadsjikistan .....	40
4.3 Kva er dette tilfelle av? .....	42
5. Samanliknande analyse .....	46
5.1 Konstantar og ikkje fullt so konstante tilhøve .....	46
5.1.1 Historisk bakgrunn .....	47
5.1.2 Bumynster .....	49
5.1.3 Nye statar med breide kultur-historiske hopehav .....	50
5.2 Variablar .....	51
5.2.1 Eksportressursar .....	52
5.2.2 Klanar, regionar, etniske grupper eller nasjonalitetar? .....	56
5.2.3 Etnonasjonal samansetnad .....	57
5.3 Forklåring av regime .....	60
6. Analyse av dei einskilde studieeiningane .....	63
6.1 Turkmenistan .....	63
6.1.1 Nasjonsbyggjing – Turkmenbasji den store, guddomeleg fader åt alle turkmenarar .....	63
6.1.2 Økonomisk utvikling – gass og bomull .....	65
6.1.3 Politisk utvikling – sterk personleg makt .....	66

6.1.4 Opposisjon og sivilsamfund .....	67
6.1.5 Turkmenbasji døyr .....	69
6.2 Usbekistan .....	69
6.2.1 Nasjonsbyggjing – Karimovisme og den nye Timur Lenk. ....	69
6.2.2 Økonomisk utvikling – bomulløkonomien og renteniststaten .....	71
6.2.3 Politisk utvikling – sterk personleg makt .....	72
6.2.4 Opposisjon og sivilsamfund .....	73
6.2.5 Andizjan-massakren .....	74
6.3 Kasakhstan.....	75
6.3.1 Nasjonsbyggjing – eit kløyvt land.....	75
6.3.2 Økonomisk utvikling – privatisering og liberalisering .....	76
6.3.3 Politisk utvikling – sterk makt hjå presidentembættet .....	77
6.3.4 Opposisjon og sivilsamfund .....	79
6.4 Kirgisistan .....	80
6.4.1 Nasjonsbyggjing – ei fårefull ferd.....	81
6.4.2 Økonomisk utvikling – eller utviklingshjelp.....	82
6.4.3 Politisk utvikling – «demokratisering» som naudsyn og falskspel? .....	83
6.4.4 Opposisjon og sivilsamfund .....	85
6.4.5 Tulipanrevolusjonen.....	86
7. Endeleg dryfting og avslutning .....	89
8. Litteraturlista .....	93



## 1. Innleiing

Um Framgang er no myket rødt,  
alt nytt skal vera Framgang stødt,  
men naar ein ser det nærre,  
so gjeng det ymist att og fram:  
det eine fær ein betre Ham,  
det andre verder verre.  
(Ivar Aasen, 1996 [1863])

Uppløysingi av Sovjetsamveldet bar bod um at nye bårsleg frå «den tridje demokratiseringsbylgja» skulde slå inn yver dei lausrivne statane (Huntington, 1991). Den kalde krigen enda, kommunismen var delegitimert og transisjon mot demokrati var farleidi å fylgja. Sume tala jamvel um «the End of History» (Fukuyama, 1992). Tokken ein sit att med, er at demokrati er einaste regimeslaget som kann koma til etter at autoritære regime bryt saman, eller i verste fall mislukka og vanheile demokrati. Slike synkvervingar mistek *utvikling* og *endring* for *framgang*. Verdi gjeng nemleg «ymist att og fram» og ser me nærare etter finn me til dømes at dei sentralasiatiske sovjetrepublikkane tok heilt andre farleider en demokratiseringi. Her hev gamle kommunistleidarar sete vedvarande på makti, dei hev fest gripet og det hev vakse fram nye slag autoritære regime. Desse regimi kann knapt segjast å vera utfall av mislukka demokratisering – her ser me fornya og styrkte autoritære drag frå fyrste åretak.

Frå den guddomelege faderen i eit lukka Turkmenistan til eit opnare samfund der styremaktene rett nok jamt og samt vandar demokratiske grunnsetningar i Kirgisistan, breider regimi seg langsmed heile den autoritære skalaen. I dag, tjuge år etter Berlinmuren fall, reknar *Freedom House* (2009a) Turkmenistan og Usbekistan på lina med land som Nord-Korea, Burma, Libya, Somalia, Sudan og Ekvatorial Guinea som dei minst frie samfundi i verdi. Dei skòrar 7 (som er verst) på både politiske rettar og sivil fridom. Kasakhstan skòrar 6 på politiske rettar og 5 på sivil fridom og høyrer med millom dei ufrie regimi, medan Kirgisistan etter at Askar Akajev gjekk av i 2005 so vidt hev kome med i gruppa for «partly free» regime på skòra 5 for politiske rettar og 4 for sivil fridom.

Som seden er i samanliknande politikk, ser me på politikken som noko som rører seg i tid og rom ein stad millom økonomi og kultur. Denne oppgåva er inkje undantak i so måte, ho krinsar òg i desse banone. Som styremakter i nye statar, møter desse regimi utbjodingar som det å skaffa seg eit økonomisk grunnlag for den daglege drifti av staten og statsapparatet, og

som å skapa legitimitet til den nye staten og regimet gjennom nasjonsbygging og nasjonal ideologi. Tilnærmingi mi er å sjå på koss strukturelle vilkår som tilgangen til inkomor frå eksport av råvaror og etnonasjonal demografisk samansetnad, kann avgjera kva slag regime som veks fram.

### ***1.1 Uppgjerd med «transisjonsparadigmet»***

Min inngang til saksryftet, til emnet, i denne oppgåva tek utgangstoda i eit misnøgje med det teleologiske inntrykket mykje av litteraturen kring regimeskifte og demokratisering gjev. Harde skuldingar um at demokratisering- og transisjonsteori er teleologisk, er ikkje i alle høve rettkomne. Transisjonsteori er ikkje i seg sjølv teleologisk. Teoriane gjev ikkje naudsynte deterministiske forklåringar, dei er ikkje ein gong alltid probabilistiske. Karl og Schmitter (2001: 490) er til dømes uttrykt possibilistiske. Alt *kann* i prinsippet henda.

Trass i slike fråsegner frå transitologar, merkjer Gelman seg at «almost all works in this field are based on some kind of ‘iron law of democratization’» (Gelman, 2001: 499). Den teleologiske verdssyni gjeng ut på at ein fyreset at alle umbrøytingar er til det betre, og at menneskjeætti ved hjelp av eitkvart godsinna drivhjul i verdi, utviklar seg mot ei ljosare framtid med fred, velferd, velstand, kapitalisme, demokrati, opphaldsvêr og god bør. I tråd med denne tankegangen, kann ein tolka kvar einaste snu og vending i eit autoritært regime som eit steg på vegen mot demokrati.

Transisjonslitteraturen gjev ein tokke av sovorden teleologi når han held søkjeljoset på demokratisering. Det er skjenegangen som svingar seg fram *mot* demokratiet som skal teiknast upp. Dette er synleggjort ved at ein so ofte umtalar autoritære regime som ymislege utgåvor av «demokrati med adjektiv»-klassa, so som illiberale demokrati, semidemokrati, delegative demokrati, delvis frie regime, pseudodemokrati, fasadedemokrati og so frametter, nett som desse regimi berre hev teke seg ein aldri so liten millombils stogg på transisjonsruta. Levitsky og Way merkjer seg at «many studies are characterized by a democratizing bias. Analysis frequently treat mixed regimes as partial or ‘diminished’ forms of democracy, or as undergoing prolonged transitions to democracy» (Levitsky og Way, 2002: 51-52).

Thomas Carothers hevdar i sitt illgjetne åtak på det han kallar «transisjonsparadigmet» at transitologane hev som ein fyresetnad at «any country moving *away* from dictatorial rule can be considered a country in transition *toward* democracy» (Carothers, 2002a: 6). Guillermo

O'Donnell som er namngjeven som ein av grunnleggjarane av «transisjonsparadigmet» i artikkelen åt Carothers, svarar at verket han skreiv i lag med Philippe Schmitter «was *not* entitled *Transitions to Democracy*. Instead we called it *Transitions from Authoritarian Rule*, which is not the same thing at all» (O'Donnell, 2002: 7). Altso segjer han seg saklaus i å ha lagt grunnen for ei teorigrein for uvilkørleg demokratisering allstad.

Transisjonslitteraturen er mest forviten etter å finna ut koss autoritære regime vert demokratiserte, og det er sanneleg eit forvitnelegt og viktugt emne. Men når ein einsretter søkjeljoset so, er det ein fåre for å sjå burt frå andre viktuge og minder lovande sidor i regimevoksteren, og ein gjev ein tokke av at ein legg fram ei ufråvikeleg farleid som skal enda upp i eit liberalt demokrati. I svaret sitt til O'Donnell gjeng Carothers (2002b) ved at der er nyansar i tilnærmingi åt O'Donnell, Schmitter og deira jamlikar, men peikar dinæst på det ålvorlege i mistolkingar av transisjonsparadigmet hjå dei som driv med demokratiassistanse. Dei kann tru dei held på og skovlar køl inn i lokomotivet på ei ruta der demokratiet er endestasjon, medan lokomotivet i røyndi hev pensa yver på skjenegangen åt ei heilt onnor ruta. Soleides kann det vera det er eit autoritært regime dei styd upp um og legitimerer.

Når *StatoilHydro* slepper inn på turkmenske gassfelt for å samarbeida med turkmenske statselskap, forsvarar dei investeringane med at framandlendsk tilgang til Turkmenistan uttrykkjer ei opning eller ei liberalisering av det turkmenske samfundet (Sætre, 2008). Dette minner um sjølvlegitimering med grunn i ei teleologisk mistyding av endring som framgang; investeringar og samarbeid med statleg turkmensk gassutvinning og –eksport styrkjer og tryggjer i røyndi inkomone åt regimet og dimed maktgrunnlaget åt eit vedvarande autoritært diktatur. Det hev inkjevetta med demokratisering å gjera.

Denne oppgåva hev til fyreløga å granska andre viktuge sidor ved regimevokster en vegen til demokratisering. Eg er samd med Carothers (2002a) i trongen for å røra seg utanum transisjonsparadigmet, og ynskjer å forklåra framvokster og kontinuitet i nye autoritære regimeslag i Sentral-Asia etter oppløysingi av Sovjetsamveldet.

## **1.2 Problemstelling**

Spursmål som melder seg når eg tenkjer på framvoksteren av desse regimi er slike som: Koss veks autoritære regime fram? Koss vert nye diktatur legitimerte? Koss held diktatur i det heile på makti? Det er dette problemfeltet problemstellingi mi vil dukka ned i: *Koss og kvifor voks*

*det fram ulike slag autoritære regime i dei sentralasiatiske sovjetrepublikkane Turkmenistan, Usbekistan, Kasakhstan og Kirgisistan etter oppløysingi av Sovjetsamveldet?*

Denne problemstillingi kann sjåst på som noko deskriptiv, noko kausal. Den deskriptive målsetjingi søkjer fakta og hendingar i framvoksteren av dei ymse regimi og ser etter systematiske linor og delar i framvoksteren landi imillom. Her er eg ute etter historiske kunnskapar um kva som hender kvar når. Den kausale målsetjingi fylgjer kravet frå Przeworski og Teune (1970) um å halda seg burte frå sernamni, med di ho søkjer identifisera fakta og hendingslaup som ålmenne variablar og freistar syna kva for nokre slike variablar som kausalt leider til kva for eit slag autoritært regime. Sidan her er spørsmål um både *koss* og *kvifor* noko hender, set eg mål um å nå noko nære ei «ontisk» uttyding av problemstillingi (McKeown, 1999: 172).

Oppløysingi av Sovjetsamveldet er nett eit slikt storhende i saga som Skocpol (2003: 409) meiner er ei mark for bryddande nyvokster som samfundsvitskaplege problemstellingar skal gjeva seg ut på. Dette søkjeljoset på framvokster og kontinuitet i autoritære regime er som eg hev vore inne på eit tilskot til transisjons- og demokratiseringslitteraturen. Når eg vil tyda ut framhald av autoritære regime, tek eg fat i mogelege vegar regime kann utvikla seg etter, frå eit opnare (eller i minsto frå eit *anna*) synsleite. Soleides er problemstillingi i tråd med det King, Keohane og Verba (1994: 15) skriv um at gode problemstellingar skal yta noko serskilt til handfast vitskapleg litteratur som kann auka romet for å reisa vitskaplege forklåringar på sidor ved verdi. Det er visseleg ikkje so mange som hevdar at det er ei ålmenn lov at samanbrotne autoritære regime alltid vert demokratiserte, men der finst fulla tendensar og (mis)tolkingar i den leidi, som eg kann vera med på å nyansera. Dessutan tek eg upp emne som denne litteraturen mykje godt ser burt frå.

King med fleire (1994: 15) krev òg av gode problemstellingar at dei skal vera viktuge i den røynelege verdi. Autokrati og hardstyre er noko som er viktugt å granska; her er det tala um livekòri åt mange millionar menneskje og deira vantande politiske og sosiale rettar. Spørsmål kring demokratisering er elles tillagde mykje tyngd i samtidi. Me minnest dei ymsefarga «revolusjonane» i Serbia, Ukraina og Georgia serleg, men òg den i Kirgisistan som enda med at presidenten gjekk av. Einskilde hadde kann henda venta seg ein større «dominoeffekt» utav dette. Det bør på bakgrunn av dette, vera viktugt nok å sjå på koss land ikkje kastar seg på eller vert skyldde med i demokratiseringsbylgja, men held seg truge til dei autoritære styreseti sine. Desse landi verkar òg som ei stabil og pålitande kraft midt i ein storpolitisk skodeplass

for krig og fred, narkotika- og våpnsugling, terrorisme, islamisme og olje- og gassressursar, millom Russland, Kaukasus, Iran, Afghanistan, Pakistan, India og Kina. Ei forklåring av stabiliteten i desse landi kann venteleg fortelja eitkvart um relasjonar og konflikhtar i dette elles so spende verdshyrna, um eg ikkje kjem inn på kvart emnet i ser.

### ***1.3 Gangen i oppgåva***

Denne fyrste bolken innleider temaet for oppgåva, nye autoritære regime i Sentral-Asia etter oppløysingi av Sovjetsamveldet, legg fram min eigen inngang til dette temaet med ei viss posisjonering andsynes transisjonsteori og søkjeljos på demokratisering, kjem med problemstillingi og dryfter denne og gjerer greida for disposisjonen, gangen i oppgåva.

Teoribolken fylgjer dinæst. I denne gjeng eg fyrst gjennom ulike måtar å dela inn regime, og serleg autoritære regime, liksom for å definera den avhengige variabelen. Etter dét gjev eg ei stutt yversyn yver ulike tilnærmingar ein kann taka når ein skal tyda ut regime og regimevokster, endar upp med at eg skal sjå på strukturelle forklåringar, og dryfter koss variablar me som oftast reknar for å vera strukturelle fyresetnader eller vilkør for demokratiske regime sameleides kann sjåst på som fyremuner for dei aller mest autoritære regimi òg. So greider eg ut det teoretiske grunnlaget for dei tvo forklåringvariablane som eg skal sjå på, eksportinnkomor som høver med renteniststatsteorien og demografisk samansetnad som vilkør for persondyrkande nasjonal ideologi. Til slutt dreg eg saman desse teoretiske trådane i ei rad ventnader og éin teoretisk forklåringmodell.

Bolk 3 er eit metodekapittel som dryfter valet av den samanliknande metoden Mills «method of difference», utbjodingar, vanskar og fyremuner med denne, og koss slike utbjodingar kann møtast ved bruk av prosessporing av den einskilde studieeiningi. Her fylgjer òg ei dryfting av metodiske taksmål ved data, medan dryftingi av utvalet er skild ut til ein eigen bolk, bolk 4. Eit medvite bruk av metode og ein merksam umtanke for metodespursmål er det som skil akademisk vitskaplegt arbeid frå ei kva som helst onnor tekst, «the method is the content» som det heiter hjå King med fleire (1994: 9), so metodespursmåli er ikkje ferdugt fyrehavde i desse tvo bolkanne. Eg freistar gjeva gaum til dei metodespursmåli eg støyter på jamt igjennom oppgåva der eg støyter på deim, so som i høve problemstilling, klassifiseringar og elles.

I den femte bolken freistar eg rydja litegrand upp på den empiriske marki, skilja konstantar i utvalet frå variablar som kann nyttast til forklåring. Eg byd på ei utgreiding av den sams

kulturelle, historiske og politiske bakgrunnen åt desse statane, og gjev merksemd til nokre sidor som ikkje er like einskaplege imillom deim. So gjeng eg gjennom variasjonen på dei uavhengige variablane millom einingane i utvalet mitt, med talfesting av storleikar som ressursfyrekomor, eksportinntekomor og etnisk samansetnad, som eg endeleg samlar i ein samanliknande modell. Denne modellen skal syna dei same samanhengane millom avhengig og uavhengige variablar som den teoretiske modellen i andre bolken, men denne gongen med plassering av einingane, statane, i utvalet mitt i modellen.

Bolk 6 er ein gjennomgang av framvoksteren av regime i dei einskilde statane. Her freistar eg finna fram att dei uavhengige variablane i den faktiske nasjonsbyggjingi, og i den politiske og økonomiske utviklingi i kvart land. Denne bolken skal òg tena som ein deskriptiv gjennomgang av den historiske framvoksteren av regime i dei einskilde landi.

Sjunde bolken dryfter og sluttar av.

## 2. Teori

### 2.1 Ulike slag autoritære regime

Den avhengige variabelen som skal tydst ut i denne oppgåva er regimeslag. Det er difor naudsynt å finna fram til definisjonar av kva slag autoritære regime dei ulike landi er, koss den avhengige variabelen varierer. Det ligg ikkje fyre nokon einskapleg og råkande typologi for autoritære regime som høver fullgodt til mitt fyremål, det eg veit. Difor er eg nøydd til å finna og leggja til rette typologien sjølv. Denne oppgåva lenar seg då heller ikkje på nokon fiks ferdug teori reidug til å testast, men er helst meir søkjande og freistar prøva ut og janka til konsept og typologi. Det er heller ikkje noko mål i seg sjølv å gjeva kvart einskilt regime kvart sitt fulldekkjande namn.

Collier og Levitsky (1997) peikar på at det gjerne er tvo målsetjingar ein søker stetta når ein skipar til konsept og skal klassifisera regime: Analytisk differensiering og konseptuell validitet. Desse målsetjingane kann synast vera innbyrdes motstridande; ein ynskjer å leggja fram all verdsens skifterikdom i full breidd utan at umgripi dimed misser gildskap. På denne ferdi kann ein råka utfor sokalla «conseptual stretching» som Giovanni Sartori (1970) átvarar mot, der ein tøygjer umgrip til å gjelda for ovringar som ikkje høver med dei grensone umgripet fyrr var meint å hava. I ser er det fåre for dette når ein fører eit umgrip som hev kome til i éin historisk og geografisk samanheng, yver på nye tilfelle annanstads.

Sartori råder til at ein bør skipa nye konsept ved å flytja seg upp eller ned stegen for abstraksjon. Stig ein upp i abstraksjon eller generalitet<sup>1</sup> fær ein ekstensive konsept som femner vidare og som «reiser» betre i tid og rom, stig ein ned fær ein konsept som er intensive, men smalare, som gjeld eit avgrensa utval ovringar som det kann få hefta fleire definerande kjennemerke ved. Den fyrste strategien gjev større konseptuell validitet, hin gjev større analytisk differensiering.

Regime kann delast inn på ordinalt eller nominalt mælenivå; ein kann rangera deim ordinalt på einkvan skalaen, eller ein kann ganga nominalt og reint kvalitativt til verks og sjå på kva som i det store og heile sermerkjer regimi og skil deim åt frå kvarandre. Den ordinale strategien krev at ein held seg tolleg høgt uppe på stegen for abstraksjon, med di han krev at

---

<sup>1</sup> Collier og Levitsky (1997) kallar det same for stegen for generalitet.

regime kann samanliknast innanfyre det same konseptet, dei skal mælast på same fenomenet. Den nominale strategien gjev rom for full analytisk differensiering.

Dei klåraste grensdragane millom regime finn me i dei minimale prosedyredefinisjonane av demokrati hjå slike som Joseph Schumpeter (1947) og Robert A. Dahl (1971). Desse skil demokrati åt frå autoritære regime. Dinæst er det til klassiske definisjonar som skil ut totalitære regime som ei onnor klassa en dei autoritære (Linz, 2000). Denne inndelingi er framleides sers grov, og medan til dømes dei totalitære regimi hev vore få og jamt minkande, er restgruppa av autoritære regime stor og ymis; ho rømer regime som kann synast å hava vel so stort fråstand til andre autoritære regime en det sume av deim hev både til dei totalitære og dei demokratiske regimi.

Til å bøta på dette mishøvet skøyter Linz og Stepan (1996) klassor for post-totalitære og sultanistiske regime til den klassiske typologien. Med di hev me fenge nye båsar for nokre serskilde slag regime, men desse er til liks med dei totalitære regimi òg sersynte. Snyder og Mahoney (1999) legg mot kategoriseringi åt Linz og Stepan (1996) at desse klassone er idiosynkratiske, eller med andre ord yvervættes vare for sereigenskapar hjå regime som dei hevdar «apply to just one country» (Snyder og Mahoney, 1999: 117).

Fleire og vidare klassor fær me ved tilnærmingi åt Larry Diamond (2002), som rører seg i grenselandet millom demokrati og autoritære regime. Hybridregime, han kallar deim, er korkje heilt upp demokratiske eller heilt lukka autoritære. Diamond held seg altso ikkje med det klåre skilet millom demokrati og autoritære regime etter Schumpeter eller Dahl, men sit til gjengjeld att med meir småskifte og noggranne, men like vel romslege klassor so som «competitive authoritarian», «hegemonic electoral authoritarian» og «ambiguous regimes». I same gata ligg «competitive authoritarianism» hjå Levitsky og Way (2002), og Schedlers (2002) «electoral authoritarianism». Dette er alt etter den alternative strategien som Collier og Levitsky (1997) dryfter som «forminska undertypar» av konsept.

Til skilnad frå strategien å stiga ned på stegen for abstraksjon, ser ein her burt frå sidor ved definisjonen av hovudumgripet. Til liks med «demokrati med adjektiv»-klassa, hev me med konsept å gjera som vantar nokre kjenneteikn som hovudumgripet krev, og soleides vert den konseptuelle validiteten vidare og ein kann segja ein stig i abstraksjon. Men på hi sida skøyter ein til andre kjenneteikn som fører ein ned i abstraksjon, og som gjev ei nøgnare analytisk differensiering (Collier og Levitsky, 1997). Slik konseptutvikling er ikkje rekna som



«conceptual stretching», med di ein heile vegen spesifiserer at det ikkje er den fulle tydingi av hovudumgripet ein fester til regimi<sup>2</sup>.

Medan dei sistnemnde klassifiseringsstrategiane tek fyre seg graden av tevling og deltaking, gjeng Barbara Geddes (1999) inn på ei meir kvalitativ inndeling av regime. Med di råmar ho inn og gjeng upp grensor millom flest alle slag autoritære regime i typologien sin, og ikkje berre dei som kann gjevast mål på ein skala for (mangel på) slike demokratiske eigenskapar. På den måten kann ho skilja åt heilt ulike regimeslag som alle skòrar sers lågt på både tevling og deltaking. Ho leiver på ei vis det leide laget dei hine definisjonane hev med å hava demokrati som mælestav for autokrati. Autokrati fær sine eigne definisjonar, heller en å berre vera «mangel på demokrati» eller «mangelfulle demokrati».

Geddes deler inn i personalistiske, militære og eittpartiregime, i tillegg til blandingstypar av desse reine formene (Geddes, 1999: 121). Militærregime er styrde av ei gruppa offiserar, eittpartiregime er styrde av eitt dominerande parti, endå det kann finnast andre legale parti som tek del i val. Personalistiske regime likjest «sultanismen» åt Linz og Stepan (1996), dette er regime som er styrde av einskildpersonar som sjølve nyt godt av godane av regjeringsmakt og styrer mest etter eige godtykkje (Geddes, 1999: 121).

Hadenius og Teorell (2007) byggjer på typologien åt Geddes, men dei skifter regimi etter kva for ein måte regimi held ved lag den politiske makti: ervefylgja, trugsmål um bruk av militærmakt og val. Desse samhøver med tri slag regime, monarki, militærregime og valregime, som òg kann finnast i blandingsformer (anna militære monarki som Hadenius og Teorell ikkje finn døme på i sine data). Monarkii er ei tolleg einskapleg gruppa. Or militærregimi er skift ut ei undergruppa for opprørsregime som er regime sprungne ut av opprørsgrupper som tek makti ved militære middel.

Valregimi er meir mangfelde, og vert skifte etter tevling og deltaking i vali, i inkjepartiregime der alle parti er forbodne, eittpartiregime der berre eitt parti er tillate og avgrensa fleirpartiregime der opposisjon hev høve til å deltaka i val. Avgrensa fleirpartiregime hev dinæst fenge ei undergruppa av dominantpartiregime der Hadenius og Teorell hev sett ein treskel på tvo tridjedelar av røystene for det dominante partiet. Attåt desse kjem òg ei

---

<sup>2</sup> Dette gjeld so lengje ein ikkje reknar dei forminska undertypane som berre variasjonar av hovudumgripet, men er klår på at hovudumgripet i røyndi ikkje dekkjer for desse. Haynes (2001: 12) presenterer til dømes «limited democracy» og jamvel fasadedemokrati som typar av demokratiske system, endå fasadedemokrati er kjenneteikna ved å ikkje fylla noko krav til å vera demokratiske allfares. So tøygelege bør ikkje konsepti vera.

ymsegruppa for teokrati, transisjonsregime som verkeleg er meinte å berre styra i ein yvergangsperiode og endeleg regime utan eigenleg sentralmakt for skuld okkupasjon, borgarkrig eller anna. Til å tena som vidare kategoriar dreg Hadenius og Teorell (2007: 148) ut fem hovudslag av autoritære regime: Monarki, militærregime, inkjeparti-, eittparti- og avgrensa fleirpartiregime.

Ein ettermun med arbeidi attum dei typologiane som er lagde fram, er at dei ofte hev til fyremål å skildra ein uavhengig variabel. Studiar og tilnærmingar desse klassifiseringane soknar til, ser gjerne på dei institusjonelle vilkøri og fyresetnadene for regimeskifte, og hev serleg for auga å finna fram til kva for nokre slag autoritære regime som hev lettast for å brjota saman og verta demokratiserte. Andre regimenemningar, som «dictablanda» og «democradura» hjå dei ordleikne O'Donnell og Schmitter (1986), er heilt knytte til serlege steg på ein gjeven demokratiseringsprosess.

I ein postsovjetisk samanheng er det valregimi som er dei mest aktuelle kategoriane. Det er eit eittpartiregime som er utgangsstoda dei nye regimi veks ut frå. Meir militære styreformer finst vel òg, men då i serskilde borgarkrigssituasjonar og utbrjotarrepublikkar som Transnistria, kann henda. Slike innslag røyver ikkje ved utvalet her. Hadenius og Teorell (2007) gjev ikkje nokor eigi klassa for personalistiske regime, so som Geddes (1999) gjerer, dei meiner personalistiske drag er noko ein i større og mindre mun kann sjå i mange ulike slag regime. Hadenius og Teorell hev fulla eit poeng der, men det tyder like vel ikkje at dei heilt personalistiske regimi ikkje hev for seg nokre heilt sereigne eigenskapar. So sereigne at endåtil Linz og Stepan (1996) hev gjeve deim ein eigen kategori, «sultanisme». I høve dei postsovjetiske valregimi er dette ein dimensjon ein er plent nøydd for å låna eit vake auga til.

I grunnen er det ikkje heilt fyreløga mi denne venda å enda upp med nokre klassifiseringar av regimeslag som gjev so fullkomne definisjonar at dei femner alle serkje i dei einskilde regimi og so tyda ut kva som er årsaki til at kvar staten vert nett so som han vert. Eg ser ikkje heilt det store verdet i slik «definitional gerrymandering», Collier og Levitsky (1997: 445) kallar det. Som uttrykk for den avhengige variabelen regimeslag nøgjer eg meg med å hovudsakleg rada upp regimi ordinalt etter nokre kjenneteikn som skal syna kor autoritære dei er. Mælestaven for dette er politisk og økonomisk liberalisering. Liberaliseringi er ikkje i denne samanhengen ein prosess som gjeng berre éin veg, regimi kann òg verta minder liberale og få styrkte autoritære drag.

Den økonomiske liberaliseringi er det som hev vorte halde som den viktugaste grunngevingi for at postkommunistiske regimeskifte ikkje kann jamførast med regimeskifte i andre luter av verdi. Transisjonar i postkommunistiske statar hev ein eigenskap som transisjonar annanstads ikkje deler, dei lyt takast med «the very building blocks of the social nature of the state itself» som Valerie Bunce (2001: 475) skriv det; dei vantar ein marknadsøkonomi. Kolstø hermer ein polsk statsleidar so:

«Da kommunistene erstattet markedsøkonomi med planøkonomi etter den annen verdenskrig, laget de fiskesuppe av et akvarium. Det er i og for seg ikke noen stor kunst, selv om retten kanskje ikke smaker så godt. Men å gå fra planøkonomi til markedsøkonomi var som å lage akvarium av fiskesuppe» (Kolstø, 2008: 71).

Slike ovleg vanskelege taksmål og djuptpløggjande skilnader hev ikkje kunna setja nokon stoggar for breidt samanliknande tilnærmingar frå transitologar som Karl og Schmitter (2001) og andre, berre for di. Kann ein finna forvitnelege samanhengar på tvers av regionar, finna einskildsamanhengar, konsept og idéar frå transisjonane i Latin-Amerika og Sud-Europa som ein kann føra yver på den postkommunistiske verdi i «most different systems design»-studiar, skal ikkje skilnadene stogga ein frå å gjera dette. Snarare tvert imot. Men, ein må ikkje med di missa av syne at det må vera ei økonomisk sida med i det fulle bilætet når me skal skyna oss på nyvokster i den postkommunistiske verdi. Dette kjem ikkje so tydeleg fram i klassifiseringar av regime, med di dei i liten mun tek høgd for at mangel på kapitalisme kann vera eit kjenneteikn hjå autoritære regime. Dette kann so klårt koma av at so mykje av litteraturen kring regime og regimeendringar krinsar um latinamerikansk saga.

Kommandoøkonomi hev vore nære knytt til (totalitær) kommunisme, men slik økonomi hev vorte halde ved lag i postkommunistiske regime òg. Og kapitalisme hev av empiriske grunnar vorte sét på som eit krav til demokrati, med di det ikkje hev funnest demokrati utan marknadsøkonomi (Lindblom, 1977; Beetham, 1999: 51). Difor bør graden av økonomisk liberalisering vera med når me hev fyre klassifiseringar av autoritære regime; mangel på liberalisering av økonomien er eit serlegt autoritært drag ved sume av desse.

Dimensjonar eg skal plassera regimi etter, er um økonomien er open eller lukka, um regimet er sterkt eller veikt, og um regimet er styrt personlegt eller «institusjonalisert». Sterkt og veikt tyder her um det gjev rom for røyneleg tevling og deltaking eller um regimet er allfemnande og dominant på dei fleste umkvervi av samfundet. Dette siste gjev seg uttrykk i um det vert

halde val der opposisjon kann verta representert i parlament, um val kann truga presidentposten, um det er til noko sivilsamfund, og det er rom for noko som liknar på ytrings-, organisasjons-, prente- og pressefridom. Heilt avslutningsvis i denne oppgåva gjerer eg ein sped freistnad på å knyta kvart regime til eit av dei meir definerte regimekonsepti.

## ***2.2 Innfallsvinklar til å forklåra regime***

Teoretiske innfallsvinklar til å forklåra regime, regimeskifte og regimeframvokster er mangfelde. Ei tidleg retning innan statsvitskapen var uppteki av dei juridiske og legale råmone i styreset; regime vert avgjort av konstitusjonen og dei lover og formelle rettar som vert vedtekne (Christensen, 1997). Denne tilnærmingi kom snøgt til kort då det synte seg at endringar av konstitusjon og formelle lover og rettar ikkje leidde til det regimet ein på fyrehønd hadde knytt til desse skipnadene (Østerud, 1996: 18; Larsen, 2000: 449-450). Flest alle land sluttar seg i dag formelt til menneskjerettane, dei held val og hevdar dei hev ein demokratisk konstitusjon, det er ikkje dimed sagt at dei liver opp til desse demokratiske fyresegnene. Ofte er det berre ein fasade.

Behaviorismen kom som ein reaksjon på den legalistiske institusjonalismen. Denne åtferdslina forfektar ein grunnleggjande individualisme. Det er haldningar og åtferd på individnivå som vert granska (Pedersen, 1997; Hague og Harrop, 2004: 78). Kva meiner den einskilde borgaren eller makthavaren? Koss fører desse seg åt? Er det oppslutnad um regimet, eller kjem det til å verta umsturta?

Nyinstitutionalismen fann sidan attende til institusjonane som studieobjekt, men såg vidare en til institusjonar som berre juridiske og legale storleikar, men meir som råmeverk som hev avgjerande innverknad på åtferdi åt individi (Larsen, 2000: 450-451). Institusjonar skaper rollor og påverkar handlingar åt folk (Østerud, 1996: 18; Christensen, 1997). Etter di kann me spyrja oss kva for nokre institusjonar, valordningar, presidentstyre, parlamentarisme og so burtetter, som leier til det og det regimet, meir eller minder demokratisk, tryggare eller veikare, stabilt, effektivt eller meir meiningsfullt demokratisk.

Noko anna som kann vera avgjerande for utfallet i regimevokster, er dei strukturelle fyresetnadene og vilkøri som finst i og ikring samfundet (Larsen, 2000: 451-452). Klassesamansetnad, utviklingsnivå, naturressursar, sosiale, økonomiske, demografiske og

andre strukturelle storleikar vert då dregne fram som bakanforliggjande årsaker til dei ovringane som kjem til syne, so som dei regimi som veks fram.

Den aktørorienterte lina held fram eit anna klårt alternativ til denne strukturelle innfallsvinkelen, med grunngevingi at det er menneskje som sjølve tek val og handlar, og ikkje daude og dels abstrakte strukturar. Difor set aktørlina søkjeljoset på dei personane som faktisk er på plass når avgjerder vert tekne.

Til sist millom desse innfallsvinklane må den historiske forklåringi nemnast. Denne tilnærmingi ser på det serskilde i eit hendingslaup, kva kven gjerer når, kva som hender kvar når. Det tyske umgripet *Sonderweg* uttrykkjer mykje av denne innfallsvinkelen (Larsen, 2000: 459); Tyskland fann liksom sin heilt eigen stig fram mot det tyske Weimar-regimet. Slik rein historisk forklåring er grunnleggjande uteoretisk og lite tilfredsstellande for samanliknande studiar. Men, nokre ting vert berre so for skuld reine tilfelle, personlege innfall og påfynster, deim kann ikkje ålmenngjeldande teoriar gjera fullgod greida for.

Ein institusjonell analyse kunde gjeve tyngd til koss institusjonar nedervde frå sovjetregimet gjev føringar for kva slag nye regime som kjem til. Ein slik analyse råkar ikkje problemstillingi mi, med di alle regimi i utvalet mitt er lausrivne sovjetrepublikkar som veks fram frå ei utgangsstoda med like institusjonar. Det er skilnadene millom regimi eg hev fyre og skilnader i dei institusjonane som eventuelt kjem til i regimevoksteren, høyrer i grunnen med til den avhengige variabelen; det er millom dei ting som skal tydast ut.

Åtferdslina tek oss rakt inn i mergen av forklåringi av romet for ulike slag regime. Eit styringsført regime treng autoritet, og autoriteten åt regimet skriv seg frå den legitimiteten regimet hev millom elitar og undersåttar. Ein kann vanskeleg styra eit land utan ein maktbase av elitar og/eller undersåttar som godtek at dette styret er rettkome, og at lover og påbod frå det skal lydast. Det er i eit visst forstand haldningar på individnivå som avgjerer um regimet fær halda fram som det stemner.

Kva veg regimet stemner kunde tydast ut ved ein aktørorientert analyse. Dei viktuge aktørane på toppen av regimi tek val i skilsetjande situasjonar som stakar ut leidi frametter. I spelteori fyreset ein at aktørane er rasjonelle og tek val ut frå egne preferansar. Soleides kann ein vurderer mogelege utfall ved ulike val, og rada upp alternativ i åt regime og opposisjon til dømes, etter det ein ventar seg at er preferansane åt desse aktørane (Gates og Humes, 1997; Przeworski, 1992).


Trass i at vali åt dei viktugaste aktørane og haldningar millom undersåttar og elitar er dei næraste beinveges årsakene til kva slag regime som veks fram og kva for nokre regime som fær halda fram, er det strukturar som er i brennpunktet i denne oppgåva. Strukturar kann avgrensa eller opna for kva alternativ aktørane hev å velja i og kva styringsgrunnlag regimet kann stydja seg til og legitimera seg med. Soleides kann det vera at dei beste forklåringane på variasjon i regimeframvokster faktisk er strukturelle.

Med mål um å finna einfelde samanhengar og å forklåra mest mogeleg ved hjelp av minst mogeleg («parsimony» og «leverage» hjå King med fleire (1994:29)), rissar eg upp nokre fåe teoretiske innfallsvinklar som gjev grunn for tvo slag strukturelle uavhengige variablar. Dei strukturane eg skal sjå på er økonomiske og demografiske. Slike strukturar hev vore under lupa i teorian og studiar av demokrati og demokratisering fyrst og fremst. Ein hev gjerne sét på kva for demografiske og økonomiske strukturar som hjelper demokratiet fram eller kva som er gode vilkår for at demokrati varer ved. Desse tvo verknadene er diverre sjeldan skilde åt, trass i at det ingileides er klårt at det er dei same årsakene som leier til at eit land vert demokratisk som sidan held dette demokratiet ved lag (Doorenspleet, 2004: 312-313).

I studiar av autoritære regime er dette heller ulagleg. Glasklår demokratiseringsteori hadde vore greid å hanskast med, det er berre å byta forteikn, so hev me verknaden på autoritære regime. Alt som leier til demokrati, skulde me tru samstundes veikjer autoritære regime og fær deim til å brotna. Men, endå kann me ikkje heilt sjå burt frå at desse verknadene berre gjeld for linne, veike eller ustabile autoritære regime, og at mange av årsakene til demokratisering ikkje rokkar ved sterke regime. Kva som sannsynleggjerer at eit regime er demokratisk på eit visst tidspunkt, er det endå verre med. Det kann fulla vera at variablar som styrkjer og stabiliserer eit

demokratisk regime, hev nett den same verknaden på eit autoritært regime. Tilhøve som gjerer demokrati styringsføre eller legitime, kann det henda at autoritære regime sameleides kann legitimera seg med og styra under.

**Modell 2.1: Verknad av uavhengig variabel på regime**



Ei løysing på slike flokar kann vera at samanhengen millom einskilde uavhengige variablar og regimeslag ikkje er lineær, men hev nokoslag kurveform. Ein ålmenn teoretisk og einfeld modell som fylgjer denne tanken kann sjå ut som *Modell 2.1*. For di dei empiriske observasjonane me hev å stydja oss til er heller misjamt skifte, vert kann henda ikkje samanhengar sjåande ut som dette. Når flest alle regime hopar seg upp ein stad på midten av autoritær-demokratisk-skalaen og mot høgre, ser samanhengen rett so lineær og fin ut. Dei få tilfelli som ligg vanhøveleg til på hi sida av skalaen, vert gjerne sedde burt frå som uteliggjarar. Soleides kann ein i røyndi ha funne fram til berre halve bilætet, berre halve sida av samanhengen. Og difor kann det godt tenkjast at regime på den mest autoritære enden av lina kann forklårast med uavhengige variablar like dei som forklårar dei mest demokratiske regimi, i tråd med det fulle bilætet.

Slik ein modell gjeld venteleg for uavhengige variablar som framfor alt verkar inn på stabiliteten i samfundet, og dinæst gjev grunnlag for visse autoritære eller demokratiske regime. Medan samfundi i midbolken er dei mest ustøduge, der regjeringar skifter i ufyresegelege kupp, revolusjonar og på liknande ugreide måtar, er samfundi med dei mest autoritære og dei heilt demokratiske regimi støduge. I dei demokratiske regimi skifter regjeringar jamt etter fastlagde demokratiske fyresegner, og dei mest autoritære regimi skifter ikkje regjering i utrengsmål.

### **2.3 Moderniseringsteorien**

Seymour Martin Lipset (1959) lagde grunnen for ei kvantitativ statsvitskapleg grein som såg på samvariasjon millom økonomiske variablar og regime. Denne faggreini held seg til det me kallar moderniseringsteorien, og er i si einfelde form uttrykt i fråsegnen «the more well-to-do a nation, the greater the chances it will sustain democracy» (Lipset, 1959: 75).

Tankegangen i moderniseringsteorien gjeng ut på at vitskap og teknologiske nyvinningar leider til industrialisering og urbanisering som gjerer tradisjonelle samfund moderne og komplekse. Industrialiseringi styrkjer millomklassa og borgarskapen, skaper ei arbeidarklassa og veikjer den tradisjonelle eliten, den landeigande klassa. Og i komplekse samfund veks det til meir spesialisering og utdanning, og eit medvit millom folket som strekkjer seg lenger en dei næraste trongane, mat, husvære og tryggleik, til å engasjera seg og krevja medverknad i samfundsutviklingi og politikk (Diamond, 1992: 116; Randall og Theobald, 1998: 20-23).

Klassesamansetnad hev vore eit utbreiddt studieobjekt i samanliknande studiar av regimeframvokster. Det er svært umstriddt om demokrati er arbeidarklassa eller borgarskapen si fortienesta, men den landeigande klassa si fortienesta er det i alle høve ikkje (Moore jr., 1966; Rueschemeyer, Stephens og Stephens, 1992; Collier, 1999; Mahoney, 2003a). Soleides gjev avskipping av ei sterk landeigande klassa for skuld industrialisering og økonomisk utvikling, betra vilkår for demokrati, anten det no er arbeidarklassa eller millomklassa som steller dei demokratiske kravi.

Samfundsengasjementet åt det moderne mennesket i det økonomisk framkomne samfundet ovrar seg gjerne utanfyrre både familien og statsinstitusjonane. Det kjem til eit uavhengigt sivilsamfund der det vert drive friviljugt arbeid i lyd og lag og drive fram sosial kapital. Sosial kapital er eit uttrykk for millommenneskjelegt samkvæme og samhandling som skaper ålgjengde normer for samhald og jamskift tillit og tiltru (Putnam og Goss, 2002). Dette skal hjelpa fram trui på at det er meining i å oppføra seg til det sams beste åt alle; ein kann hava tillit til at alle andre òg fører seg åt til deira sams beste (Rothstein, 2002). Dette leider so til at demokratiet hev gode vilkår til å verka sunt. Eit livande sivilsamfund kann verka som ei motvekt mot makti åt styremaktene, det kann uttrykkja opposisjon, gå etter styremaktene og halda deim litegrand i øyro.

Den sterkaste tradisjonen innan moderniseringsteori, er som nemnt kvantitative studiar som syner samvariasjon millom økonomisk eller sosioøkonomisk utviklingsnivå og demokrati. Diamond (1992) greider ut tie slike studiar, som granskar ulike land frå skilde innfallsvinklar, med ymsande kvantitative metodar og med ulike mål på demokrati, og alle hev denne samnemnaren: Ein sterk positiv samheng millom økonomisk utvikling og demokrati. Eller kanskje betre, millom sosioøkonomisk utvikling og demokrati, i og med at ikkje alle studiane brukar reine økonomiske mål på utviklingsnivå, men samlar mål på brutto nasjonalprodukt, lese- og skrivetame og gjenomsnittleg livealder, som i «Human Development Index» og «Physical Quality of Life Index».

So langt munde me tru at økonomisk framgang og utvikling er prosessar som jamstødt gjeng i lag med demokrati og demokratisering, men so endefram er nok samnhengen neppe. Økonomisk vokster hev ikkje nokon eintydug verknad i demokratisk leid. Einstaka avvikande studiar hev peika på at alle slag regime kann legitimera seg ved at dei skaper gode kør for økonomien, velferd og økonomisk vokster (Hannan og Carroll, 1981; Haggard og Kaufman, 1995). Dessutan er det nokre serlege slag økonomisk verksemd som hev for seg ein heilt



eigen politisk verknad: Inkomor frå eksport av naturressursar. I staden for at desse ressursane er samfundet til signing, er dei tidom ei *ressursforbanning*. Det fylgjer låk vanlagnad med naturressursar, er det likt til. Når økonomisk nivå er halde uppe av oljepengar og dilike inkomor, hev det med kvart vorte konvensjonell tru at autoritære regime vert styrkte og demokratisering stogga. Dette er kjent som teorien um renteniststaten, eller «Rentier state» dei kallar honom i den anglofone bokheimen.

## **2.4 Renteniststaten**

I opphavet (d.e. fyrstpå 1900-talet) var renteniststaten eit økonomisk umgrip som synte til dei europeiske statane som tente store pengar på rentor på lån som ikkje-europeiske statar hadde teke opp. Lenin (1917) ser til dømes dette som eit parasittisk drag ved den kapitalistiske imperialismen, med fylgjer som vanrøkt av sosiale og politiske tilhøve i heimlandet.

I seinare år hev renteniststaten fenge ei noko onnor tyding, med ein tolleg gjenarbeidd teori med mekanismar som skal tyda ut verknaden av slike renteniststatar på politiske tilhøve i heimlandet. Det er umrådespesialistar frå midaustenstudiar som hev vore oppkoma denne renteniststatteorien er runnen or. Desse spesialistane merkte seg at dei autoritære styremaktene i store delar av den arabiske Midausten og i Nord-Afrika fylde upp brorparten av statskassa ved pengestraumar, rentor<sup>3</sup>, komne utanlands frå. Mahdavy (1970: 428) definerer ein renteniststat som ein stat som tek imot munalege inkomor frå utanlandske individ, verksemdar eller styremakter. Ei innsnevring av denne definisjonen set krav um at inkomone gjeng beinveges til staten, og at berre eit fåtals landsmenn er med på å driva fram denne renta. Folkesetnaden elles hev fyrst noko med desse verdiane å gjera dersom dei vert etla ut åt eller bruka på deim (Beblawi, 1987).

For skuld utgangsstoda i midaustenstudiar, hev umgripet renteniststat fest seg til oljestatar. I grunnen er det ikkje nokon eigenskap ved sjølve råvara olja eller naturgass som gjev denne verknaden, det skulde for so vidt kunna gjelda for alle slag kapitalintensive eksportråvaror<sup>4</sup>. Det vil segja råvaror som krev investeringar heller en arbeidskraft for å vinnast ut, og som er godt prisa og attraktive på verdsmarknaden. Soleides treng me ikkje avgrensa konseptet til

---

<sup>3</sup> Ordet *renta* tyder som oftast prosentdel tillagd lån og bankinnskot på norsk, men kann òg tyda innkoma, jamfør ordet *livrenta*.

<sup>4</sup> Einast den internasjonale verknaden av renteniststaten er kann henda like vel serleg knytt til strategiske energiressursar som olja og naturgass.

petroleumseksport. Sume studiar tek fyre seg mineralressursar i same slengen (Ross, 2001) og jamvel skogbruk (Ulfelder, 2007). Attved dette fær statar som einast er transportetappar i naturressurshandelen òg lettente pengar som kann skapa ein renteniststatsverknad, då serleg frå drift og toll av røyrleidningar.

Statlege innkomor frå naturressursar styrkjer eit autoritært regime på ymse måtar. Ulfelder (2007: 997) skifter desse verknadene i ei tilbodssida og ei etterspurnadsida, og i tillegg kann me venta ei internasjonal sida og ei moderniseringssida. Etterspurnadsida syner koss statleg rikdom kann hindra at kravet til å halda styremaktene andsvarlege vert reist. Det vert lite bruk for å skattleggja innbyggjarane, og kravet um representasjon og demokratiske ordningar frå elitane vert svekt. Me fær på ei vis ei stoda der «no representation without taxation» er eit slåande argument.

På tilbodssida ser me at styremaktene tilbyd velferdsgodar som held folket nøgde, dei hev råd til å kosta og halda ved lag ein maktbase av elitar gjenom klientellistiske netverk og dei kann byggja upp eit sterkt valdsapparat til å slå ned på og halda nede demokratisk og all annan opposisjon. Soleides kjøper regimet seg fritt frå krav um demokratisering.

Den internasjonale sida ved serleg olje- og gasseksporterande autoritære regime, er at dei som kjøper olja og naturgassen hev interessa av stabile leverandørar, og vel å stydja regimi mot samanbrot, kaos og uyversynleg demokratisering. Dette veikjer påtrykket frå stormakter og dei krinsar i verdssamfundet som jamt talar gildt um og promoverer demokratisering. Ja, det kann endåtil snu det heile på hovudet, so dei uttala demokrativenlege maktene for eigennytta av energitryggleik styrkjer det autoritære regimet.

Renteniststatteorien synest ved fyrste augnekast som eit brot med moderniseringsteorien. I strid med det moderniseringsteorien jamt hev kvede på, kann høgt økonomisk nivå, store innkomor og jamvel økonomisk vokster hindra demokratisering. Ved andre og tridje augnekastet kjem me vonleg på betre tankar. Ross (2001: 336) peikar på eit overlag vektigt atterhald som ligg implisitt i moderniseringsteorien: Me fær ikkje dei venta verknadene av økonomisk utvikling og vokster, minder dette leier til dei sosiale og kulturelle umlagingane av samfundet som teorien fyreset at samferst. Det er denne samferdi som er sjølve mekanismen i moderniseringsteorien. Og nettupp fyresetnaden at «alle gode ting fylgjest åt»<sup>5</sup>, at sosial og økonomisk utvikling gjeng i tvospann, er det som ikkje vert oppfylt i høve

---

<sup>5</sup> Ikkje so reint lite teleologisk, det heller.

kapitalintensiv utvinning og eksport av råvaror. I slike fall fyreskriv strengt teke ikkje moderniseringsteorien nokor demokratisering. Ei sovordi lesing av moderniseringsteorien vert dimed fullt på lina med ressursvanlagnaden i renteniststattenkjingi.

Når den økonomiske utviklingi ikkje skaper ei arbeidarklassa, borgarskap eller nokor millomklassa, når det ikkje gjev kveik til eit livlegt sivilsamfund og all velstand er ytt frå staten og dei autoritære styremaktene mot inkje anna vederlag en lojalitet mot regimet, kann me ikkje venta demokratisering og modernisering til fylgja. Snarare skulde me venta ei tradisjonalisering, i dei høve der økonomi og industri var på eit noko høgt nivå fyrr dei byrja selja naturressursar. Dette kann me knyta til ein annan økonomisk verknad, «Dutch disease» dei kallar. Denne «nederlandssykja» spelar på tilstandi i Nederland på 1960-talet då fund og utvinning av naturgass frå Nordsjøen skal ha gjeve nedgang i fabrikkindustrien (The Economist, 1977). Store nye inkomor fører med seg ein bråd oppgang i valutakursen som gjerer eksportindustri lite tevlingsfør på verdsmarknaden. Einsidug satsing på ressursutvinning kann òg leggja industri og andre sektorar brakk, og dimed gjeva ei demobilisering og depolitisering av samfundet, som ei umvend modernisering me kann kalla tradisjonalisering.

#### *2.4.1 Strategiar for ressursutvinning: Privatisering eller nasjonalisering*

Etter di statleg eigarskap til naturressursen gjev pengestraumen inn i statskassa den beinaste vegen, skulde verknaden av renteniststaten skifta noko, alt etter um eigarskapen til ressursen er privatisert eller nasjonalisert (eller er vedvarande på statlege hender). Ikkje av di privatiserte ressursar ikkje skaper rentor, statar kann håva inn store summar ved hjelp av eksporttoll på varone og skattleggjing av verksemdene som vinn ut ressursen, men av di desse verdiane er drivne fram med mindre statleg dominans. Det gjev rom åt andre aktørar. Difor er strategien for koss og kvi statar vel å vinna ut ressursar eit springande punkt, skal me skyna oss på framvoksteren av og skilnader millom renteniststatar.

Luong og Weinthal (2001) saknar denne problemstillingi i renteniststatslitteraturen. Deira framlegg gjeng ut på at den politiske og økonomiske stoda i landet på det tidspunktet naturressursar vert funne eller styremakter vinn rådvelde yver ressursfyrekomor, er styrande for tidspunktet, grunngevingi for og måten ressursen vert utvunnen. I analysar av nye statar, som til dømes dei sentralasiatiske, er dette synsleitet serleg kjærkome. Når nye statar vert

lausrivne, misser dei yverføringar og fordeling av midlar frå den tidlegare sentralmakti, og lyt få seg innkomor på eige grunnlag.

Medan renteniststatslitteraturen tidast ser på statar der statskassa hovudsakleg fyllest av oljepengar, tek Luong og Weinthal (2001: 372) inn i tankerekkja kva for nokre andre kjeldor for eksportinnkomor staten sat på då ressursutvinning kom på tala. Hugodden er den at styremakter som hev andre innkomor å lena seg åt, ikkje hev nokor brennhast med å føra til vegar investeringar og setja i gang storstila ressursutvinning. Dei hev betre tid på seg og er i betre stand til å sjølvje råda med når og på kva måte ressursen skal vinnast ut. Dersom utgangsstoda åt statane er planøkonomi med statleg eigarskap og styring yver all økonomien, kann ein bråd trong til å tena pengar på nyfunne eller nyvunne naturressursfyrekomor krevja ei liberalisering og opning av økonomien med privatisering av statleg eigedom, for å sleppa raskt inn utanlendske investorar og verksemder. Soleides kann styremaktene vona dei opnar seg for pengestraumen med same.

Regime med alternative eksportinnkomor hev ikkje denne trongen, i tilfelle der desse innkomone kjem frå varor som alt vert tilverka og ikkje treng til nye ytre investeringar, som det alt er ein eksportmarknad for og som alt fyller upp statskassa til breiddi (Luong og Weinthal, 2001: 374). Desse kann taka tidi til hjelp og byggja upp eigne statlege verksemder som kann vinna ut ressursen, og so venta på at investorar smått i senn skal banka på deira port og mildt beda um å få lov til å vera med på å vinna ut ressursen. I desse tilfelli er det regimet som steller kravi til koss utvinningi skal ganga fyre seg, og dei hev høve til å halda på kontrollen og eigarskapen yver ressursane og økonomien.

### ***2.5 Demografisk samansetnad, nasjonsbyggjing og nasjonal ideologi***

Regime i nye statar hev ikkje berre økonomiske utbjodingar å bala med, dei lyt òg syta fyre at dei vert lydde og fær autoritet til å halda staten og folket saman. Autoritet kann definerast som rett og høve for dei som er komne i posisjonar til å råda. Denne autoriteten skriv seg frå legitimiteten regimet hev i folket; i kva mun meiner folket regimet er rettkome? Max Weber (2006: 5-6) greidde ut tri hovudvegar til å legitimera autoritet, til å skapa ei tru um at eit styreset er rettkome og dei som held posisjonar skal hava herredøme til å råda og lydast: Tradisjonell, karismatisk og legal-rasjonell legitimitet. Tradisjonell legitimitet hev eit regime når folk godtek det, av di det er denne måten dei hev vore styrde etter i manns minne, karismatisk legitimitet hev me når det er sereigne personlege eigenskapar ved statsleidaren

som gjerer honom serskilt ynskt og eigna til å styra, medan den legal-rasjonelle legitimiteten byggjer på lover og retningslinor som er kjende, godtekne og som styremakter, forvalting og byråkrati retter seg etter.

Desse tri idealtypiske legitimitetsformene etter Weber (2006) er fulla ikkje uttømande. Me saknar serleg den ideologiske legitimiteten i denne framstillingi. Når Juan J. Linz (2000) ser på legitimering av ikkje-demokratiske regime, skil han millom dei totalitære og autoritære regimi ved at dei totalitære byggjer på ein ideologi, medan autoritære regime heller er stude til sermerkte mentalitetar. Ideologiar, skriv Linz,

«are systems of thought more or less intellectually elaborated and organized, often in written form, by intellectuals, pseudo-intellectuals, or with their assistance. Mentalities are ways of thinking and feeling, more emotional than rational, that provide noncodified ways of reacting to different situations» (Linz, 2000: 162).

Mentalitetar knyter seg gjerne baketter i tid, til tradisjonar og saga, medan ideologiar ser fram mot eit utopisk idealsamfund i framtidi (Linz, 2000).

I vanlegt språkbruk er ikkje ideologiar nøydde for å vera totalitære eller utopiske, og det er heller ikkje slik fatt at ikkje-totalitære autoritære regime ikkje driv kvasiakademiske studiar, kunstnarlege utbroderingar, propaganda, einsretting, undervising og indoktrinering med grunnlag i «mentaliteten» sin. Difor er kann henda ikkje den heilt snevre definisjonen av ideologi og det klåre skilet millom ideologiar og mentalitetar so brukande. Allvisst ikkje i ei verd der dei store totalitære ideologiane, fascisme og kommunisme, stend veikt. Tankesystemi som regime i dag held seg til, er i sanning minder heilskaplege og gjenomarbeidde, men dei bør like fullt få koma innunder merkjeleppen ideologiar. Autoritære ideologiar i dagsens verd synest stundom vera mentalitetar av innhald, men ideologiar i bruk.

Den demografiske samansetnaden spelar inn på kva slag autoritær ideologi eit regime hev høve til å legitimera seg med. For sume av dei mest autoritære ideologiane som etlar makti åt statsyverhovudet personleg, er demografiske vilkår avgjerande fyresetnader. Ordi «demografisk» og «demografi» siktar her til alle slag inndelingar av folk, og er meint langt breidare en berre for slike ting som kyns- og aldersfordeling, fødselstal og livealder i ei folkemengd. I denne samanhengen er det meir tala um kjenneteikn ein kann dela inn folkemengdi etter, som kløyver og samlar, som kann ovra seg som skiljeliner og latente konfliktlinor i samfundet som styremakter må taka omsyn til: nasjonalitet, etnisitet, språkleg

og religiøs tilhørsla og so frametter. Dette handlar mykje um kultur og identitet som på eine sida skaper samhald innerter, men på hi sida fråstand utetter og kann vera kimen til fiendskap og kiv.

I demokratisk tenkjing hev demografisk einskap vore sedd som ein fyremun for regimet. John Stuart Mill (1964: 361) heldt på at frie institusjonar nærast er umogelege i land sette saman av ulike nasjonalitetar, med di folk ottast meir skade frå andre nasjonalitetar en frå ein samlande stat. Sidan styringsgrunnlaget i demokratiet er ein representasjon av «folkeviljen», treng regimet eit «folk». Når so mengder av folkesetnaden ikkje kjenner seg heime i dette «folket» og ikkje gjeng med på å styrast etter denne «folkeviljen», meiner Beetham (1999: 82) alternativet til oppløysing av staten eller borgarkrig ofte er å nøyda folkesetnaden saman ved eit autoritært styreset.

Det at oppkløyvde samfund er vandesame for demokrati, tarv like vel ikkje tyda at dei er munsame for autoritære regime. Det er ikkje truleg. Vél kann autoritære leidarar halda jamvekt i landet sitt etter det velprøvde «kløyv og hersk»-prinsippet, ja dét er vel i røyndi den vanlegaste framferdi åt autoritære regime, men greidare er det gjerne å sleppa ty til slike verkemiddel. Skilde syner på identitet og tilhørsla i folket kann skapa fråstand og motstand til regimet. Ogso autoritære regime stend venteleg stødugare når dei kann legitimera seg og knyta styringsgrunnlaget sitt til eikor fyrestellingi um «folkeviljen». Difor søkjer dei fleste styremakter etter å skapa ei tru hjå innbyggjarane på territoriet dei råder yver, um at dei høyrer saman som ein nasjon, eitt «folk», gjennom nasjonsbyggjing. Nasjonsbyggjing hev som oftast vorte sèt på som eit middel for å halda sjølve staten saman, for å skapa trui på at folk og territorium med retto høyrer i hop og med di taka brodden av motkulturar, separatisme og anna slag motstand og opposisjon. Men samstundes med at nasjonsbyggjande styremakter legitimerer sjølve staten, kann dei freista identifisera sitt eige regime med denne nasjonsidéen dei klekkjer ut, og soleides byggja upp ein nasjonal ideologi knytt til eige regime som dei vonar tek brodden av motstand og opposisjon mot regimet méd.

I demografiskt einskaplege land der éin nasjonalitet eller éi etnisk gruppa dominerer, hev regime høve til å hevda at dei er representantar for «folket». Regimet kann byggja på ein slik nasjonal ideologi som segjer det er eit uttrykk for nasjonen som eit kollektiv, og jamvel statsyverhovudet åleine kann haldast fram som det personifiserte uttrykket for nasjonen som *er viljen og kjenner det beste* for folket. Denne lina kann drivast lenger og verta ein personkult, der skriftene åt statsyverhovudet vert lesne i skulen og mykje anna underlegt.

Etter denne lina endar me opp med eit styreset me etter Eisenstadt (1973) kann kalla neopatrimonialisme. Det er ei rasjonell utgåva av Webers (2006) tradisjonelle legitimitet der regimet kjøper seg studnad gjennom eit klientellistisk nettverk som vert til maktbasen åt eit regime med statsyverhovudet som noko liknande ein moderne «patriark». Dette nettverket kann vera formelt organisert i eit legal-rasjonelt byråkrati eller i parallelle uformelle nettverksstrukturar, der folk dreg nytta av å stydja opp um regimet (Ilkhamov, 2007). Soleides kann ein få til elitekooptasjon ved inkludering av elitane i regimesystemet, noko som veikjer og utarmar ein eventuell opposisjon. Samstundes fær ein eit tolleg sterkt statsapparat som byggjer på band og lydnad beinveges til «patriarken», statsyverhovudet som rådriken sit på toppen av det hierarkiske systemet og held i taumane. Med vellukka personkultbyggjing i «folket», ser det ut til at det er mogeleg å tilleggja det personlege regimet karismatisk legitimitet under verjemålet åt heile nasjonens store «Fader». Slike fyrestellingar kann dyrkast millom dei avmektige, uutdana massane, jamsides med at systemet er av rasjonell nytta for elitane.

Demografisk einskap gjev òg høve til å isolera landet frå ytre påverknad, noko demografisk heterogenitet ikkje gjerer. I heterogene land utan nokor klårt dominerande etnisk gruppa, kjenner gjerne store minoritetar og andre etniske gruppor meir hopehav innan gruppa si en med det landet dei bur i, og dette hopehavet kann dimeir vera knytt på tvers av landegrensor. Soleides kann delar av folkesetnaden henta idéar og hava søkjeljoset utanfyre landegrensa og ikkje vera med på at regimet og staten skal lydast av di dei veit det beste for deira nasjon. Dei lèt seg ikkje definera som del av ei slik etnisk nasjonstyding som einskaplege regime kann legitimera seg med, og deira regime lyt triva til meir inkluderande nasjonsbyggjingsprosjekt som gjerer regimet minder autoritært og minder personlegt.

I røyndi er demografisk einskap slett ikkje nokon *fyresetnad* for at eit regime skal vera neopatrimonialistisk, sidan dette er ei tidsynt styreform i det mangskifte og heterogene Afrika (Bratton og van de Walle, 1994). Men einskap kann det verka som er ein stor *fyremun* skal ein lukkast i å einsretta og dyrka fyrestellingar og trui på den store faderen. Heterogenitet kann snøgt vera opphav til motstridande idéar.

## **2.6 Teoretisk modell**

Dersom me gjeng ut frå at statsleidarar og styremakter er drivne av eit autoritært sinnelag, at dei nyttar dei strukturelle vilkøri dei råder under til å styrkja og samla mest mogeleg kontroll

og makt i regimet sitt, eller aller helst i egne hender, kann me draga fylgjande ventnader or det teoretiske grunnlaget ovan:

### 2.6.1 Økonomiske verknader

- Munalege innkomor frå kapitalintensiv råvareeksport gjev eit sterkt og stødugt regime.
- Fråvera av munalege alternative eksportvaror på tidspunktet eit land vert lausrive, krev at regimet må opna for investeringar til råvareutvinning med same, og gjev eit opnare regime.
- Fråvera av munalege eksportvaror gjev eit veikt regime som lyt opna seg for investeringar og internasjonale lån for å utvikla ein heimleg økonomi.

### 2.6.2 Demografiske verknader

- Demografisk homogenitet gjev høve til nasjonsbyggjing med ein nasjonal ideologi etter eit neopatrimonialistiskt mynster som gjev presidenten sterk personleg makt.
- Demografisk homogenitet gjev òg høve til å isolera regimet frå utanumverdi.
- Demografisk heterogenitet vanskeleggjerer nasjonsbyggjing med nasjonal ideologi, og gjev eit minder personlegt regime.
- Demografisk heterogenitet med folkegrupper knytte til andre land, hindrar isolering av regimet og gjev eit opnare regime.

### 2.6.3 Modell

Desse ventnadene kann setjast i hop til denne teoretiske modellen:

**Modell 2.2: Teoretisk modell**

	Stor råvareeksport	Lite råvareeksport
Demografisk heterogenitet	Sterkt, ope institusjonalisert regime	Veikt, ope institusjonalisert regime
Demografisk homogenitet	Sterkt, lukka personlegt regime	Veikt, lukka personlegt regime

Sidan det er lausrivne statar med opphav i sovjetisk diktatur og planøkonomi som er fyre her, kann me skilja åt tvo umkverve statane kann utvikla seg på: Ei politisk sida og ei økonomisk. Etter dei framlagde ventnadene ovan kann me knyta den økonomiske variabelen hovudsakleg



til meir økonomisk liberalisering når regimet hev lite råvareeksport, og demografisk heterogenitet hovudsakleg til meir politisk liberalisering og som smått pluralisme.

Ruta nede til høgre i modellen ventar eg ikkje å finna noko døme på i utvalet mitt. Det er i grunnen ei noko merkjeleg stoda med eit veikt og samstundes personlegt regime. Einskildpersonar skulde ikkje i kraft av seg sjølve kunna halda på makti dersom regimi er veike. Like vel trur eg det kann finnast døme der denne ruta i modellen er råkande, i høve einskilte tradisjonelle eller karismatiske autoritære leidarar i lutfatige statar, so som kong Mswati III av Swaziland eller milliardærpresidenten og sjakkentusiasten Kirsan Iljumzjinov i den autonome republikken Kalmykia i Den russiske føderasjonen. Held me oss til det postkommunistiske sentralasiatiske grannelaget, finn me at fatige og homogene Mongolia fell høveleg inn i denne ruta, anna det at Mongolia ikkje hev vorte noko veikt, lukka personlegt regime, men hev derimot gjenge gjennom ei måteleg vellukka demokratisering. I desse tilfelli er det so klårt fullt mogeleg det er andre faktorar en dei eg hev med i modellen min som held uppe regimet.

### 3. Metode<sup>6</sup>

Målet med vitenskapleg forklaring er å finna ålmenngjeldande empiriske samanhengar millom nokre variablar når alle andre variablar er haldne konstante, *ceteris paribus*. Dette kjem ein nærast ved eksperimentell manipulasjon av uavhengige variablar i laboratorium og er elles tilnærma i kvantitativ statistisk metode ved kontrollert matematisk manipulasjon av empiriske data ved delvis korrelasjon (Lijphart, 1971: 684). Problemstillingi mi lèt seg ikkje vél underleggja desse metodane. Regime kann ikkje eksperimenterast med, og studieeiningane er helst for fåe for fullskala statistisk analyse. Metoden eg brukar er ein kvalitativ samanliknande historisk analyse etter rettesnorene i Mills (1856) «Method of Difference» i kombinasjon med prosessporing av kvar einskild studieeining.

Den hierarkiske umdømingi av metodar som Lijphart (1971) legg for dagen, med rekkjefylgdi eksperiment, kvantitative metodar, samanliknande metodar, case-studiar, treng ikkje setja oss på tanken at me plent skal leggja vinn på å stødt nytta den «beste», mest «høgverde» metoden. Metoden må høva med problemstilling, teori og tilgjengelege data, og einskilde sidor ved sume slag spursmål hev kvantitative metodar vondt for å nå inn til. Ei vanleg kvalitativ syn på saki er «that cross-unit studies entail large black boxes with no peepholes and that, therefore, they *must* be supplemented by the in-depth analysis of key units» (Gerring, 2004: 349). Kvantitative metodar finn samvariasjon i den generaliserte statistiske verdi, medan samanliknande metodar og case-studiar kann finna ut kva som faktisk gjeng fyre seg og kva samanhengar (og kausale lekkjor) som finst i den røynelege empiriske verdi, der folk bur.

#### 3.1 Mills «Method of Difference»

Samanlikning er ein metode for å studera ulike politiske einingar som strekkjer seg like attende til Aristoteles (1997). Sidan hev John Stuart Mill (1856) greidt ut serlege retningslinor å fara fram etter når ein skal samanlikna, med sine «Method of Agreement» og «Method of Difference», til dømes. Mills «Method of Difference» ser etter tilfelle som elles er like der det i nokre finst sams kausale faktorar og eit sams utfall og dei hine vantar både faktorane og utfallet (George og Bennett, 2005: 153).

Denne metoden syner koss skilnader millom land som elles er like gjev ulike utfall, han tilnærmar seg kravet til vitenskapleg forklaring ved at ein finn fram samanhengar millom

---

<sup>6</sup> Denne bolken byggjer i sume stykkje på oppgåva eg leverte i metodekurset sampol 304, hausten 2007.

variablar i tilfelle der alt anna er likt. Styrken ved metoden ligg i at ein kann utelata frå forklåringi alle variablar som alle tilfelli hev sams. Di fleire potensielle faktorar ein utelèt, di større er sannsyni for at faktorar som ikkje vert utelatne er røynelege årsaker til utfallet (Grønmo, 2004: 385). Det kann berre vera dei faktorane som er ulike som kann forklåra eit ulikt utfall (Mahoney, 2003b: 341-342; Lijphart, 1971: 687). Logikken er at noko som er likt i alle tilfelle ikkje kann vera ei naudsynt årsak til skilnader millom desse tilfelli. Denne metoden kjem til bruk i det som Przeworski og Teune (1970) umtalar som eit «most similar systems design» der ein samanliknar einingar som er so like på kvarandre som råd er.

Bruk av denne metoden er avgrensa av tri fyresetnader: Den kausale samanhengen lyt fylgja eit deterministiskt mynster med årsaker som anten er naudsynte eller tilstrekkelege for utfallet, alle relevante variablar lyt hittast i forkant av analysen og alle mogelege logiske kausalstigar lyt vera tilgjengelege for studie (George og Bennett, 2005: 155). Desse fyresetnadene er det aldri godt å vita um ein hev oppfylt. Fyrst er det i røyndi uråd å finna studieeiningar der alle andre variablar er heilt like, analysen mislukkast dersom ein mæler variablane feil og utkoma av analysen kann skifta storleg um ein tek inn nye variablar som ikkje er konstante like vel (Mahoney, 2003b: 352).

Mistrui til at der finst tilfelle der denne metoden kann nyttast, kjem frå John Stuart Mill sjølv (Mill, 1856; George og Bennett, 2005: 154), men Lijphart (1971: 688) firer eit grand på kravi og tilskriv slik ei myrksyn det Sartori (1970) kallar usunn «overconscious thinking». På eit punkt fær ein segja einingane er einskaplege nok med dei like variablane som er framdrivne, og andre mogelege logiske kausalstigar er høveleg kartlagde, um so *ceteris* ikkje er fullkomeleg *paribus*. Grunnlaget for at ein kann gjera dette, er at ein set sin lit til at granskaren kjenner studieeiningane sine sers godt og hev yversyn yver det meste som er verdt å vita (Mahoney, 2003b: 352).

Determinismen som hefter ved denne metoden byggjer på at analysen liksom gjerer greida for alle tenkjelege variablar i alle studieeiningane, og romet for tilfelleleg variasjon er burte. Metoden slær fast at eitt utfall fylgjer av éi årsak. Um verdi i sanningi er ordna med sovordne samanhengar, råder det umåteleg tvil um. Den possibilistiske verdssyni er opi for at alt i prinsippet kann henda, den probabilistiske syni held einast på at nokre utfall meir sannsynleg fylgjer av visse årsaker eller kjem til under visse vilkår, i ei verd merkt av ukjend tilfelleleg variasjon og viljande menneskje i stand til å skapa si eigi framtid.

Mahoney (2003b: 340) tykkjer ikkje ein treng lata slike yverskuggande verdssyner avgjera bruk av metode, ein kann meina verdi er probabilistisk, men endå modellera samanhengar deterministisk i einskilde høve. Ein skulde òg kunna framhalda samanhengar gjennom denne metoden utan å hevda fullt og fast at det er deterministisk, for jamvel um ein skulde finna fullkomen samanheng variablar imillom, «the world still would have produced these data according to some probabilistic process» (King med fleire, 1994: 89, fotnote 11).

Denne determinismen kann koma til å skjepla meir en verdsbilætet, han hev nemleg vondt for å sjå verknaden av variablar som korkje er naudsynte eller tilstrekkelege. Lineært probabilistiske årsaker hev ein sannsynleg innverknad som ikkje alltid slær inn, og som «Method of Difference» brådt munde utelata frå årsakssamanhengen. Mahoney (2003b: 349) gjev døme på dette ved fyllekøyning og trafikkulukkor: Éin fyllekøyrar kjem i ulukka, ein annan fyllekøyrar kjem trygt heim. Den som blindt fylgjer metoden her, lyt utelata fyllekøyning som årsak til trafikkulukkor. Dette er ein ofseleg veikskap som steller krav til at granskaren hev teori, vit og forstand og helst supplerande metodar til å oppdaga slike mistak.

Trass i slike og dilike meir og mindre grove manglar og vanskar ved samanliknande metode, set me ikkje heile denne vitskaplege skulen på skogen berre for di. Metoden gjerer sanneleg nytta si, so sant granskaren ærleg gjev merksemd til og dryfter dei hòl og ulempor, biasar, feilmælingar og mistak som kann koma fyre, og medgjev som King med fleire (1994: 8-9) at alle vitskaplege resultat er uvisse, kor som er. Dertil méð skulde granskaren hava auga for utbetringar og andre teknikkar som kann gjeva styrke og truverde til analysen.

### ***3.2 Prosessporing***

George og Bennett (2005) råder stendigt til å møta dei vanskelege utbjodingane og veikskapane i samanliknande historisk analyse ved å kombinera metoden med prosessporing av den einskilde studieeiningi. Prosessporing tek fyre seg hendingslaupet og freistar å identifisera dei kausale mekanismane som knyter uavhengig variabel til avhengig variabel innvertes i kvar einskild studieeining (Mahoney, 2003b: 363). Ein mekanisme tyder her det me finn i Elsters tidlege umgripsfesting, der ein søker gjera ei forklåring yvertydande ved å fortelja historia når historia skal duga som ei «lawlike generalization at a lower level of aggregation» (Elster, 1998: 48).

Prosessoring er altso noko meir en rein historieskriving, det er ei hjelperåd for å hitta meir handfaste kausale mynster, ein framgangsmåte for å identifisera stegi i den kausale prosessen som leider til utfall på ein gjeven avhengig variabel i eit visst tilfelle i ein viss historisk samanheng (George og Bennett, 2005: 176).

Ved å skyna detaljane i historia, minkar risken for å mistaka korrelasjon for kausalitet (Elster, 1998: 49), det verjar mot spuriøse samanhengar (Mahoney, 2003b: 363). Denne metoden kann òg underbyggja og tryggja dei utrygge resultati som kom frå «Method of Difference»: Det er ei synleggjering av at granskaren hev god yversyn yver tilfelli i analysen, det kann avdekkja eller attervisa um der i røyndi er lineært probabilistiske årsaker ute og ranglar, og det kann nyansera eller ufårleggjera i kva mun alle andre variablar er like eller syna fram kva for nokre utelatne variablar som òg er viktuge (George og Bennett, 2005: 215).

Ved bruk av prosessoring kann ein altso få eit nærare innblikk i dei kausale mekanismane millom variablane i kvar av einingane og med di vonleg styrkja trui på at desse samanhengane er i verknad. Eg legg dimed ut på empiriske søk etter koss framvoksteren av dei ymse regimi hev gjenge til, og freistar finna att verknaden av dei uavhengige variablane i den konkrete empiriske gangen i saga.

Det er dette eg freistar gjera i bolc 6; attved å leggja fram den deskriptive historiske framvoksteren åt den einskilde studieeiningi, ser eg etter og prøver spora upp dei kausale lekkjene i denne prosessen. Denne kombinasjonen av samanliknande metode og prosessoring av den einskilde studieeiningi gjev ein svip av metodetriangulering (Grønmo, 2004), er von.

### **3.3 Data**

Analysen i denne oppgåva styd seg i stor mun til sekundærlitteratur og tilgjengelege kjeldor som offentlege dokument, rapportar, nyhenderapporteringar i blad og på vev og ålmenta økonomiske og demografiske data. Tilnærmingi mi er på set og vis avgrensa av tid- og ressursbruk og praktiske umsyner i høve til datainnsamling.

Ideelt sét hadde det vore gagnleg for oppgåva med ein bolc som tok fyre seg haldningar til regime millom elitar og undersåttar, med data samla under feltarbeid eller strukturerte intervju og spyrjeundersøkjingar. Legitimitet er til dømes ein storleik me bør søkja på individnivå, det gjeng på godtaking av regime hjå folk, kvar for seg og alle i hop.

Nett dei autoritære regimeslagi som er fyre her, legg kjelkar i vegen for ei sovordi tilnærming. Materiale som dekkjer ideologi og sjølvlegitimerande regimepropaganda er slikt som slike regime meir en gjerne spreider um seg, men ytringsfridomen åt undersåttane deira set dei gjerne hinder for. Difor hadde eit slikt feltarbeids- og intervjuprosjekt møtt sers store praktiske og etiske vanskar. I nokre av desse regimi kann det nok vera vanskeleg å få eit heilt ærlegt ord um regimet or folk, utan å setja student so vel som studieobjekt i fåre. For skuld tid- og ressursbruk er slike intervju- og feltarbeidsplanar lagde burt denne venda, det synest vera å taka seg vatn yver hovudet. Data frå folkerøystingar og val er dei offisielle resultati som regimi sjølve ålmentar, desse kann ikkje takast som peikepinnar på folkeleg oppslutnad um presidentar og regime.

Reliabiliteten i ålmenta økonomiske talmateriale og offentleg statistikk frå desse regimi som er fyre her, er i den mun det finst, diverre på eit lågmål. Slikt talmateriale må difor takast med ei øskja salt. Eg fester heller lit til dei tali og estimati som utanlendske akademikarar presenterer, eller som kjem beinveges frå slike internasjonale observatørar og organisasjonar som Sameinte Nasjonar (SN), Verdsbanken og Det internasjonale pengefondet (IMF). Den kvalitative tilnærmingi eg hev hamna på, krev strengt teke ikkje so mykje at eg kjem med reide tal allveg, men det verkar vera noko åfått å nøgja seg med slike kvalifiseringar og klassifiseringar som 'høg', 'låg', 'ja' og 'nei' når det er tala um faktisk talfeste storleikar som demografisk samansetnad og eksportinnkomor. Då er det likso greidt å melde frå um kva dei beste utrekningane eg kann finna segjer, med talfeste prosentdelar og pengesummar.

Truverdige rapporteringar frå hendingar i denne sjølvsensurerte heimsluten, er det òg vanskeleg å vita um ein hev. Her er det dei uavhengige rapportørane som gjerer so godt dei kann for å gjeva eit sannferdugt bilæte, so som til dømes dei årvisse landkapitli frå *Freedom House* eller Organisasjonen for samarbeid og tryggleik i Europa (OSCE) som desse statane sjølve er medlemmer av, eg forsøkkjer å halda meg til.

## 4. Utval

Kvalitative liten-N-studier som denne, er råka av ymse åtak frå dei som hevdar studiane lid under grov utvalsbias, med di ein nyttar utval på den avhengige variabelen. King med fleire (1994: 129) åtvarar mot meiningslause studiar der avhengige variablar ikkje varierer. Dette kunde råka min studie, hadde målet med studien vore å berre forklåra framvoksteren av autoritære regime, sidan alle i utvalet vart autoritære. Men, heppeleg, her er søkjeljoset på variasjon i regimeslag millom autoritære regime, so forklåringar er uppnåelege, endåtil etter deira syn. Regimi skil seg etter måten mykje frå kvarandre når me tek deim i nøgnare augnesyn.

King med fleire (1994: 130) er òg strenge mot alle andre som vel på avhengig variabel ettersom dét tynner ut den gjennomsnittlege årsaksverknaden og gjev eit skakt bilæte. Mahoney (2003b: 351) er usamd i båe desse vurderingane. Det er heilt på sin plass, meiner han, å velja på avhengig variabel i samanliknande studiar av naudsynte årsaker. Det spørsmålet som kann vera rettkome, er um utvalet er representativt for ei større gruppa av tilfelle. Analysen må vera klårt avgrensa eller utvida til eit definert set med tilfelle. Ein må jamt vita kva dette er eit tilfelle av (Ragin, 2004), og kor godt den større gruppa er dekt i studien. Problemstilling og teori set sine naturlege grensor for kva analysen er meint å gjelda og kva han ikkje røyver (Mahoney og Goertz, 2004: 655).

### *2.1 Utvalskriterium: Tyrkiskspråklege tidlegare sovjetrepublikkar i Sentral-Asia*

Utvalet i denne oppgåva er alt frå problemstillingi avgrensa til dei fire tyrkiskspråklege tidlegare sovjetrepublikkane i Sentral-Asia: Kasakhstan, Turkmenistan, Usbekistan og Kirgisistan. Soleides dekkjer eg ikkje heile den tyrkiskspråklege verdi, med di Tyrkia, Aserbajdsjan, den autonome republikken Tatarstan i Den russiske føderasjonen og Xinjiang-provinsen (Aust Turkestan/Uigurstan) i Kina ikkje er med. Eg hev heller ikkje fyre heile det landskapet som tradisjonelt hev vore kalla Sentral-Asia, sidan Afghanistan, Tadsjikistan og Xinjiang-provinsen er utelatne. Eit utvida postkommunistiskt Sentral-Asia kunde òg ha femnt um Mongolia.

Slike avgrensingar er gjorde ut frå det metodiske fyremålet um å samanlikna einingar som er so like som råd er. Desse nemnde umlandi skil seg soleides åt frå utvalet ved at sume ikkje er sjølvstendige statar, ikkje er tidlegare sovjetrepublikkar, eller ikkje ligg i Sentral-Asia. Berre

Tadsjikistan treng ei nærare uttyding for kvi eg meiner det ikkje skal vera med som fullverdig studieeining her.

Det lingvistiske hopehavet skil Tadsjikistan åt frå dei hine sentralasiatiske sovjetrepublikkane, tadsjikarane talar nemleg eit persiskt mål som soknar til den indoeuropeiske målætti. Men endå um tadsjikarane ikkje talar noko tyrkiskt mål, skal me ikkje vera so bråde med å støyta Tadsjikistan ut som ein avvikar i Sentral-Asia berre for skuld målætti. Tadsjikarane deler mykje godt same soga og er rimeleg sekulariserte sunnimuslimar, dei òg, og ikkje radikale sjiamuslimar som skyldfolki i Iran. Noko sereige nært samband på grunnlag av etnolingvistisk hopehav millom tadsjikarar og Persia/Iran hev vore brote av ulik historisk og politisk vokster i so mange hundradår at me vel gjerer rettast i å tjora Tadsjikistan i kulturell og historisk bås saman med dei fire hine sentralasiatiske sovjetrepublikkane. Grunngevingi mi for like fullt å halda Tadsjikistan ute av den endelege analysen, er difor ei onnor. Den finn me i den heilt nære soga.

#### ***4.2 Perestrojka, pakter og kvifor eg utelèt Tadsjikistan***

Perestrojkaperioden under Mikhail Gorbatsjov på åttitalet sette nokre djupe far etter seg som kann synast å ha fenge varande verknader i det komande tiåret. I denne tidarbolken som me til vanleg tenkjer på som tidi då sentralmakti løyste gripet um republikkane, var det Moskva tvert imot feste gripet og kasta lokale sentralasiatiske styremakter i koll. I røyndi var det Jurij Andropov som sette det heile i gang, etter Leonid Brezjnev gjekk burt i 1982. KGB-mannen Andropov oppdaga at Brezjnev hadde gjeve klannetverk, klientellisme og korrupsjon fritt spelerom i Sentral-Asia, og at leninistiske prinsipp vart ille vanda. Andropov byrja då ein *tsjistka*, ei utreinsking, av den lokale leidingi i sovjetrepublikkane.

Då Andropov gjekk burt, var det frå 1985 Gorbatsjov som velviljug førde utreinskingi til ende<sup>7</sup>. Denne utreinskingi råka Usbekistan hardast i det som hev vorte kalla *Khlopnyj skandal*, bomullsskandalen, men utreinskingane enda med å setja av leidarskapen i alle dei sentralasiatiske sovjetrepublikkane. Dette førde med seg at dei klannetverki som hadde havt monopol på makt i republikkane tidlegare, var komne i unåde i Moskva, og det vart sett inn ny leidarskap som i fire av tilfelli kom frå andre klannetverk, frå andre regionar og med eit

---

<sup>7</sup> Millombilet med Konstantin Tsjernenko i høgsætet, 1984-1985, er ein parentes i denne soga. I den mun han fekk føra nokon politikk fyrr han òg døydde, heldt han seg på Brezjnev-lina.



merkande innslag av etniske russarar. Undantaket var Tadsjikistan. I Tadsjikistan skal Moskva berre ha havt tillit til elitane nord i Khodzjent (dåverande Leninabad). Det er sagt at sentralmakti ottast at andre luter av Tadsjikistan var for islamske og for nære afghanarane, som Sovjetsamveldet hadde fullt opp med å strida med frå fyrr. Soleides fekk det tradisjonelt sterke hegemoniske klannetverket halda på maktmonopolet i Tadsjikistan, medan dei hine republikkane fekk skjepla maktkonsentrasjonen.

**Tabell 4.1 Klanpakter og vedvarande regime**

Land	Klanbalanse	Ytre trugsmål	Legitim → kompromiss- figur	Klanpakt →	Livsført vedvarande regime
Kirgisistan	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
Usbekistan	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
Tadsjikistan	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei
Kasakhstan	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
Turkmenistan	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja

*Kjelda: teken frå Collins (2006: 133)*

Denne vedvarande Khodzjent-dominansen er det Kathleen Collins (2006) legg fram som årsaki til at Tadsjikistan ikkje sat med noko livsført regime ved sjølvstendet. Utreinkingane under perestrojka gav republikkane meir jamvekt i tilhøvet millom klannetverki og desse klannetverki møtte eit sams ytre trugsmål ved at Gorbatsjov dreiv og plasserte etniske russarar i høge postar. Dette leidde til ei klanpakt som då den formelle opningi av sovjetsystemet til slutt kom til Sentral-Asia, førde legitime klankompromisskandidatar utan klåre band til einskilde klannetverk, opp i fyrstesekretærsætet.

Utkoma av slik ei paktløysing vart at då Sovjetsamveldet gjekk opp i limingi, sat det tolleg legitime sovjetrepublikkleidarar med ein klanbalanse i ryggen, reiduge til å verta presidentar. Undantaket er framleides Tadsjikistan. Perestrojka leidde ikkje til klanbalanse der, og heller ingi pakt. Det dominante Khodzjent-netverket miste rygglenet frå Moskva då Sovjetsamveldet gjekk i oppløysing, og dette styret hadde ingen legitimitet i dei andre regionane og klannetverki. Dette leidde landet inn i borgarkrig, regional separatisme og kaos, noko som gjorde at landet sidan ikkje hev havt sentralmakt som hev styrt ut frå ein eigen maktbase, men hev vore økonomisk og militært studd av Den russiske føderasjonen (og i mindre mun Usbekistan) som eit slag russiskt protektorat (Burnashev, 2002).

Collins held med denne forklåringi fram pakter med ein heilt annan verknad en det som hev vorte halde fram av transitologar i studie av demokratisering av Latin-Amerika. Der O'Donnell og Schmitter (1986) hevdar elitepakter i ein transisjonsfase gjerer vellukka fredsam demokratisering meir sannsynleg, syner Collins (2004; 2006) at pakter i transisjonsfasen i Sentral-Asia snarare leidde til vedvarande elitelegitimerte autoritære regime, og fråvera av pakt og klanbalanse leidde Tadsjikistan til ufred og samanbrot. Paktene, meiner Collins (2004: 243), er viktuge for um nye regime vert livsføre, men dei avgjerer ikkje kor demokratiske regimi som veks fram vert.

Det at Tadsjikistan ikkje hev havt noko skipelegt sjølvstendig regime med kontroll yver eige territorium, er hovudgrunnen til at eg ikkje tek landet med i den endelege analysen; det hev på ein måte manglande verdiar på den avhengige variabelen regimeslag. Etter det metodiske fyremålet um mest mogeleg like einingar i utvalet, fell heller ikkje landet so lagleg inn. I utfallet av perestrojkaperioden, ein variabel som verkar vera heilt avgjerande for tilskeivingi på nittitalet, stikk Tadsjikistan seg ut frå dei fire sovjetrepublikkane som er med i utvalet.

#### **4.3 Kva er dette tilfelle av?**

Vitskaplege fund skal aller helst vera samanhengar og mekanismar som gjeld allstødt og allstad. So er i alle fall tanken i dei mest «vitskaplege» fagi, naturfagi. Um granskingar av menneskjesamfund skal leggja listi nett der, hev det stade strid um i eit halvt sekel snart<sup>8</sup>. Stein Rokkan skriv um eitt av desse dilemmai i samfundsvitskapane:

«Den som studerer sammenlignede politikk, blir som regel dradd mellom to uforenlige krav fra sin forskerbevissthet: Han ser det som en oppgave å redusere virvaret av empiriske fakta til et håndterlig sett generelle hypoteser som er ordnet på en enkel og entydig måte. Men han føler seg også presset til å behandle hvert enkelt tilfelle *sui*

---

<sup>8</sup> Den sokalla positivismestriden her til lands gjekk serleg utyver naturvitskaplege standardar for samfundsgransking. Den peika med anna på det nærast uverdige i å gjeva enkle forklåringar på innfløkt menneskjelegt mangfelde, på problemi med at slike samanhengar kann nyttast til teknokratisk styring av menneskja, på at samfundsovringar er fylde med meining knytt til serskilde kontekstar, og på at samfundsgranskaren ikkje kann stella seg objektiv som «tilskodar» til det samfundet som samfundsgranskingi sjølv er del i og samfundsgranskaren sjølv er «deltakar» i (Skjervheim, 1976). Ei alternativ tilnærming for samfundsgransking til positivisme, er hermeneutikken som heller søkjer forstå og fortolka samfundet en å forklåra kausale samanhengar (Slagstad, 1979; Kjeldstadli, 1999: 119-125; Grimen, 2004: 65-66; Grønmo, 2004: 9-10).

*generis*, som et enkeltstående byggverk som det er verdt å prøve å forstå ut fra egne premisser» (Rokkan, 1987: 267).

Samfundsvitskapane held seg ikkje med «lover», um enn nokre samanhengar hev fenge denne merkjeleppen òg<sup>9</sup>. Samfundsvitskapen tumlar med slike spørsmål som krev at ein lyt flytja seg både ned og upp på stegen for abstraksjon for kor ålmenne konsept skal vera (Sartori, 1970) og segjer seg gjerne nøgd med å finna samanhengar innan avgrensa geografiske og historiske umkverve, eller òg på tvers av einskilde slike umkverve. Ein kann leita fram samanhengar som gjeld under visse umstende, og ein kann freista føra éin samanheng ein hev meint finst under visse umstende yver på nye tilfelle under andre umstende.

Endå det sjeldan kjem på tala å søkja etter «samfundslover» skorne etter den naturvitskaplege «naturlov»-leisten, set samfundsvitskapen seg like vel fyre å vera nomotetisk meir en idiografisk. Me søkjer lovliknande mynster som kann generaliserast, heller en singulariserande framlegg av sereigne, einstaka og individuelle hendingar og tilburdar (Kjeldstadli, 1999: 105). Spørsmål um kva for nokre fylgjer eit utval hev på romet for generalisering, krev difor framleides eit svar.

Kvantitativ samfundsgransking med statistiske metodar ser fyre seg at ho avdekkjer den isolerte verknaden av ein uavhengig variabel på ein avhengig variabel, og gjev med di skin av å gjeva oss ålmenngjeldande «vitskaplege» forklåringar og samanhengar. Kvalitativ og samanliknande gransking legg ikkje den fulle tyngdi på å finna den reine verknaden av isolerte variablar, det me kann kalla ei «verknad av årsak»-tilnærming, men legg meir vinn på å tyda ut handfaste utkomor, ei «årsak til verknad»-tilnærming. Slike utkomor tarv ikkje vera ålmenne, dei kann godt vera sersynte, dei kann vera avvik frå dei ålmenne tilstemnone.

Trass i ei rad påhevdade freistnader på å finna forståing og sams standardar for kvalitativ og kvantitativ gransking (King med fleire, 1994; Ragin, 1987) meiner Mahoney og Goertz (2006) me vedvarande må tala um tvo åtskilde kulturar som ikkje hev nokor klårlagd sams forståing i botnen. Åtak på og forsvar av desse freistnadene hev kome frå gamle kjende læger. Hovudbodskapen åt King med fleire (1994) er at kvalitative studiar lyt nytta kvart høve til å auka N, skal samanhengar som vert funne vera truverde og kunna generaliserast. Skal me tru Mahoney og Goertz (2006) er det ikkje noko minder «vitskaplegt» i det å hava ei «årsak til

---

<sup>9</sup> Serleg Michels' oligarkijarnlov og Duvergers lov um samanhengen millom valsysteem og partisysteem (Michels, 1911; Duverger, 1950).

verknad»-tilnærming til forklåring, um enn King med fleire (1994) ikkje ein gong dryfter ei sovordi tilnærming, dei tek «verknad av årsak»-tilnærmingi for gjevi. Som Mahoney og Goertz skriv, «researchers [...] often seek to identify the causes of particular outcomes. Indeed, most natural scientists would find it odd that their theories cannot be used to explain individual events» (Mahoney og Goertz, 2006: 230). Kvalitative studiar *kann* byggja på ei noko onnor syn på trongen til generalisering, tilnærming til um det er årsak eller verknad som skal forklårast, tilhøvet millom utval og «scope» og dei innverknadene alt dette munde hava på krav til utval.

Umstendi som avgrensar utvalet i denne oppgåva, er at dette er nye statar som aldri nokor tid hev funnest fyrr i saga, som erver eit eittpartiapparat, ein *nomenklatura* og ein kommandoøkonomi, og som misser det økonomiske og ideologiske grunnlaget det hadde i imperiet det tidlegare var med i. Alt dette danar baktæpet for framvoksteren og mekanismane i dei samanhengane eg legg fram.

Desse umstendi set oss i grunnen ikkje brådt på tanken at utvalet mitt er ei gruppa som soknar til ei klårt definert større gruppa av tilfelle som samanhengar eg finn her bør ventast kann generaliserast til. Til skilnad frå case-studien som hev fyre eitt einka tilfelle som ein i dei færraste tilfelle torer kalla makelaust, og som ein difor stødt lyt spesifisera kva er eit tilfelle *av*, kann ein samanliknande studie hava fyre heile populasjonen av ei ovring som er til i verdi, og hevda at samanhengar hovudsakleg gjeld innanfyre dei råmone, dei definerte «scope conditions», som problemstelling og teori set upp kring utvalet (Mahoney og Goertz, 2004: 655). Det er dette Grønmo (2004) kallar for *siktepunktet for analysen*.

Samanhengane gjeld kann henda like fullt vidare en dette. Samanhengane vert rett nok berre prøvde på den empirien som er avgrensa soleides, men tankegangen attum samanhengar som renteniststaten og konsept som neopatrimonialisme til dømes, er teken frå teoretiske arbeid, empiri og studiar frå heilt andre umstende, stader og tider i verdi en det som er grensone hjå meg. I det ligg det noko av eit innslag av intersystem her, dette er ikkje kav intrasystem- og umrådestudie. Soleides hentar eg ein samanheng som er framkomen under heilt andre umstende og fører denne yver på nye tilfelle under andre umstende. Eg syner koss denne same mekanismen verkar, som me skulde kunna venta eller ei, under andre umstende. Denne venda kjem hypotesane fyre empirien, dei vert testa på nytt land, i tråd med hevdvunnen hypotetisk-deduktiv stil.

Samanhengane eg legg fram her, er på ei vis framlegg til koss ein kann tyda framvokster av autoritære regime og framvokster i autoritære regime i ålmenn tyding. I minsto er dette døme på tilfelle av framvokster, endringar og legitimering av autoritære regime, og ressursar, økonomiske og demografiske tilhøve, som vilkår for politiske regime. Eg misser ikkje kjenningi av den variabelorienterte «årsak til verknad»-tilnærmingi. Eg finn att retningi på verknaden av uavhengig variabel, og kann døma teorien etter di, på lag som ei likning av regresjonskoeffisienten i kvantitativ statistisk regresjonsanalyse, berre utan at statistisk signifikans vert slegen fast. Dei uavhengige variablane kann ventast å spela inn i den retningi som eg legg fram, andre stader der diktatur veks til òg.

## 5. Samanliknande analyse

Uppløysingi av Sovjetsamveldet hev sumtid vore rekna som noko av eit naturlegt laboratorium for historiske og samfundsvitskaplege studiar (Hofferbert og Klingemann (1999) til dømes). Det er etter mi meining å taka vél hardt i. Sant å segja er det meir som skil en som samlar statar som Estland, Moldova, Den russiske føderasjonen og Turkmenistan. Det som samlar er knapt anna en sams politisk og økonomisk regime i periodar av livetidi åt Sovjetsamveldet.

Utsegni um eit naturlegt laboratorium kjem meir til sin rett når me avgrensar oss regionalt i det tidlegare Sovjetsamveldet, um me jamfører for seg statar i Baltikum, lokale regime i *oblast* og autonome republikkar innan Den russiske føderasjonen, eller Sentral-Asia til dømes. Med slike avgrensingar er me komne langt på veg i å kontrollera for variablar og å utelata frå forklåringar det som ikkje kann hava innverknad på utfalli. Innan slike regionar hev politiske einingar sers mykje sams. Mykje som me kann utelata frå forklåringi av utkoma, som ikkje kjem på tala som forklårande uavhengige variablar, av di det ikkje varierer – det er konstantar.

Logikken i samanliknande metode krev i røyndi ei laboratorieliknande *ceteris paribus*-stoda, der alt anna en forklåringsvariablar og forklåra variabel er konstantar. Dette tyder like vel ikkje at me er nøydde for å koma inn på og kontrollera for all kunnskap, alle detaljar som er til um dei einskilte studieeinane; Stein Rokkan (1987: 267-268) er uppteken av at me ikkje må draga inn i analysen alle verdsens slag av tilleggsinformasjon, *ad hoc*-kunnskap og «støy». Ein gjennomgang av potensielle tevlande forklåringsvariablar bør eg framleides finna rom åt å gjeva merksemd til, på lag som kontrollvariablar. I kva utstrekning er desse verkeleg konstante?

### 5.1 Konstantar og ikkje fullt so konstante tilhøve

Det er truverdige kausale faktorar som skal kontrollerast for, haldast konstante og dimed verta utelatne frå forklåringi av variasjon. Soleides skulde det vera råd å sjå heilt burt frå alle umstende som ikkje sæter saki, all «bakgrunnsstøy» som Rokkan (1987: 268) kallar det. Men vidsveimd tankeverksemd og mangslungne teoretikarar hev ført til togs teoretiske grunngevingar for kausal verknad av ymse faktorar som me andre knapt finn saksvarande. Lynn og Vanhanen (2002) løyser til dømes upp ei lekkja til vilkår for politisk regime der temperatursona, rase, IQ og velstand kvar er ein kausal lekk. Det med temperatur og velstand

hev Montesquieu (1989) vore inne på òg. Slike geografiske og geopolitiske faktorar er kontrollerte for, med di det er innan éin geografisk samanhangande og avgrensa region samanlikningi finn stad. Like fullt er det klåre geografiske skilnader statane imillom, Kirgisistan er eit fjelland, Kasakhstan eit steppeland og Turkmenistan er eit ørkenland, medan Usbekistan skifter millom desse landskapsformene. Det er fulla ikkje berre å avvisa at landskap hev innverknad på sinnelag og dinæst vilkør for og tilslutnad til ulike regime, men slike spekuleringar skal i alle fall ikkje eg gjeva meg inn på. Folk er folk anten lendet er flatt eller bratt, steinut eller svadt. Det er ei grunnsetning eg fær våga gjera rekning med.

### 5.1.1 Historisk bakgrunn

Den historiske bakgrunnen åt desse fire statane er i all hovudsak den same. Statane deler sameleides eit kulturelt, religiøst og lingvistisk hopehav som sunnimuslimske og tyrkiske. I si tid var dette umkvervet eit høgst sentralt knutepunkt i verdi, med di Silkevegen gjekk gjennom her. Etter di dei ulike sjøvegane millom Orienten og Oksidenten vart oppdaga, utforska og tekne i bruk, gjekk Sentral-Asia brådt frå å vera eit livalt knutepunkt på ei av dei store handelsrutone, til å vera millom dei mest perifere stadene i verdi i høve til kommunikasjon, handel, vedskifte og samferdsla.

Regionen hadde kjenning med dei fleste gamle kulturane og maktene som jamt og stendig voks og sakk der i grannelaget: den partiske, skytiske, assyriske, babylonske, persisk-zoroastriske, gresk-hellenistiske, hunarane, den kinesiske, buddhistiske, arabisk-islamske, tyrkiske, tyrkisk-mongolsk-tatarske, den ortodokse russiske og endeleg den kommunistiske sovjetiske, men låg mest heile tidi i den ytste utkanten av slike påverknadskrinsar (Capisani, 2000: xx). På 1800-talet låg regionen som ei buffersona millom det russiske imperiet i nord og det britiske imperiet i India i sudaust, i det nobelpristakar i litteratur Rudyard Kipling (1901) kalla *det store spelet*.

Einast det ovstore mongolske eller mongolsk-tyrkiske landvende imperiet sette seg godt til rette med den sentralasiatiske byen Samarkand som midstad og sæte. Leidarskapen i denne flokken var mongolsk eller av mongolsk nedstamming, men stormengdi av folkeferdene som vart sette i rørsle og reid med i denne store landevinningi, var tyrkiske, eller i røyndi ueinskaplege grupper nomadefolk av både mongolskt, tyrkiskt og anna opphav, som dei fleste tala tyrkiske målføre og som hev vorte kalla *tatarar*.

Frampå 1800-talet låg det tri bystatsliknande einingar i Sentral-Asia, khanati Kokand og Khiva og emiratet Bukhara (Haugen, 2003: 2). Desse hadde sæte i den byen dei hadde namnet sitt frå, og hadde knapt fastslegne grensor dregne seg imillom eller nemnande makt yver land og folk i dei rurale stroki utanfyr byen (Collins, 2006: 77). Frå 1860- til 1880-talet tok det tsar-russiske imperiet seg lengre og lengre inn i regionen, hersette Kokand i 1865 og gjorde det um til eit *gubernija*, til den russiske provinsen eller generalguvernementet Turkestan. Sidan lagde den russiske heren under seg Khiva og Bukhara og gav deim status som russiske protektorat. Heile Sentral-Asia vart tekne med i SSSR i 1922, khanen av Khiva og emiren av Bukhara vart avsette og i 1924 vart dei tvo sovjetrepublikkane Usbekistan og Turkmenistan oppretta. Nye grensdragingar for skuld etnografiske påskot i tråd med nasjonalitetspolitikken til Josef Stalin, skilde endeleg ut dei nye sovjetrepublikkane Tadsjikistan, Kirgisia og Kasakhstan frå desse i 1929 (Luong, 2002: 55). Desse einingane vart verande som dei no var uppteikna i heile resten av saga åt Sovjetsamveldet og vart til dei nye sjølvstendige statane Kasakhstan, Turkmenistan, Usbekistan, Kirgisistan og dessforutan Tadsjikistan, ved oppløysingi i 1991.

Som eg hev gjort greida for i utvalsbolken 4.2 hev desse fire statane, i motsetnad til Tadsjikistan, ein liknande bakgrunn frå Andropov og Gorbatsjov sine umbøter og utreinskingar på 1980-talet. Dette leidde til ei klanpakt, ein klanbalanse og breidt legitime og samlande figurar som styrde sovjetrepublikkane og som sidan kunde halda fram som presidentar i dei nye sjølvstendige statane. Askar Akajev endar upp på presidentposten på ein heilt annan måte en dei hine tri, han kom utanfrå det lokale regimet, men endåtil den karen stend fram som ei lengjing av den same lina, med ein slik klanbalanse som var komen til i den same reformprosessen, attum seg. Han var ein kompromissfigur nettupp av di han kom frå utsida (Spector, 2004; Collins, 2006). Elles var Askar Akajev einaste sentralasiatiske republikkpresidenten som stude Boris Jeltsin i augustkuppet i 1991, alle dei hine stude «hardliner»-lina åt kuppmarkarane (Capisani, 2000). Dette hev like vel lite å segja for framvoksteren etteråt, sidan alle republikkane vart sjølvstendige og Sovjetsamveldet gjekk verjelaust i oppløysing, utan at nokon av sentralasiatane eigenleg vilde det slik; med Boris Jeltsin og Russland på veg ut av samveldet, miste samveldet sjølve limet og sentralmakti.



### 5.1.2 Bumynster

Tettleiken i folkesetnaden gjeng på tvers av det einskaplege mynsteret eg held fram. Folketettleik kann teoretisk vera relevant for høvet til å mobilisera opposisjon til protestar. Ein av dei mest trivielle fyresetnadene for sosial samhandling og dinæst politisk mobilisering, er at det er mange folk på same staden. Det er ingi sak å samla ei stor folkemengd aust i Usbekistan eller i Kirgisistan, men heller uråd i spreiddbygde Kasakhstan og Turkmenistan. Dei mest ålvorlege tilfelli av mobilisering til uppreist og protestar mot regimet, finn me nettupp i Kirgisistan og Usbekistan, noko som styd denne teorien. Dette trur eg like vel ikkje kann vera nokon vegande grunn til å gjeva det tyngd som ein mogeleg forklårande variabel på variasjonen i regimeslag.

**Tabell 5.1 Bumynster 1989**

	<b>Turkmenistan</b>	<b>Usbekistan</b>	<b>Kasakhstan</b>	<b>Kirgisistan</b>
<b>Folketal</b>	3 522 717	19 810 077	16 536 511	4 257 755
<b>Areal</b>	488 100 km <sup>2</sup>	447 400 km <sup>2</sup>	2 717 300 km <sup>2</sup>	198 500 km <sup>2</sup>
<b>Folketettleik</b>	8 per km <sup>2</sup>	49 per km <sup>2</sup>	6 per km <sup>2</sup>	23 per km <sup>2</sup>

*Kjelda: SN (1995)*

Det avgjerande for regimi er styrken til å slå ned på protestar og mobilisering av opposisjon og nettupp i desse tilfelli ser me at regimi i Usbekistan og Kirgisistan er ulike. Usbekistan hev vore i stand til å slå hardt ned på uro og uppreist, medan tulipanrevolusjonen i Kirgisistan jaga Askar Akajev i eksil. Noko som er likt kann ikkje forklåra slike ulike utkomor. Soleides torer eg hevda at folketettleik ikkje i seg sjølv kjem styrken åt regimet ved. Protestar mot regimet er ikkje eit mål på at regimet er veikt, det er måten regimet greider møte ein mobilisert opposisjon som lyt vera mælestaven for regimestyrke. Me skulde difor kunna venta oss at eit hypotetisk tettbyggt Turkmenistan òg kunde ha vore i stand til å reagera verknadsfullt på dei uppreister som denne folketettleiken hadde gjeve høve til.

Usbekarane skil seg ikkje berre frå hine folki av di dei er mange og bur tett, men òg av di dei hev vore bufaste etter gamalt. Hine tyrkiske folki i Sentral-Asia hev tradisjonelt vore nomadefolk. Her ligg det nære å draga inn det andre landet i regionen som òg hev tradisjonell

bufast folkesetnad, Tadsjikistan som eg hev late ute frå utvalet mitt. Det verkar vera uråd å sjå nokre mynstergilde lange linor, klåre leivder og berrsynte samanfall millom desse landi som kann gjera tradisjonell fast busetnad til nokor forklåring på regime i nyetidi (Collins, 2006: 69-73), di eine landet enda i samanbrot, borgarkrig og eit slag protektoratstoda studd av andre statar, og hitt enda i eit fast og sterkt personlegt autoritært regime. Skal me halda oss innanfyre utvalet mitt, og det skal me helst, er skilnadene millom statane åt nomadefolki greide nok til å tona ned innverknaden av gamle buformer.

Ser me på dei ikkje fullt so konstante tilhøvi som eg hev drege fram og gjeve merksemd til her, under eitt, kann det synast som at Usbekistan jamt sting seg ut frå resten av utvalet; det er folksamt, tettbygt, tradisjonelt bufast og femner um flest alle av dei gamle hovudbyane og hovudstadene på Silkevegen og i dei statsliknande einingane som hev vore til i framfarne tider, Samarkand, Khiva, Bukhara og Kokand. Når eg ser burt frå slikt noko når eg legg fram forklårande variablar, tyder ikkje det at slikt slag ikkje hev innverknad på regimevoksteren i Usbekistan. Dette spelar inn på innehaldet i nasjonsbyggjingi, det sterke sjølvbilætet og den nasjonale ideologien og sjølvlegitimeringi åt regimet i Usbekistan, til liks med at sereigne avstingande kulturelle og historiske tilhøve er utgangsstoda for freistnader på nasjonsbyggjng i alle landi. Men, viktuge årsaker til skilnader i regimevokster millom landi, det er det knappast.

### *5.1.3 Nye statar med breide kultur-historiske hopehav*

Dei likskapane millom desse einingane eg serleg vil gjeva tyngd til, er den like bakgrunnen dei hev i all si soga fram mot 1990-talet. Dei viktuge sidone i dette er det tradisjonelle kulturelle og historiske hopehavet med tyrkiskspråkleg og sunnimuslimsk folkesetnad, og den same politiske historiske voksteren frå lausleg tilhøyrsla til ymsande tidlege tradisjonelle politiske einingar, til tilknytingi til Tsar-Russland, innlemingi i Sovjetsamveldet og røynsla med den sovjetiske bolsjevikiske kommunismen og alle dei ulike politiske og økonomiske umveltingane som fylgde med denne, gjennom marxisme-leninisme, NEP, stalinisme, tøyvêrtid under Khrusjtsjov, stagnasjon under Brezjnev og til slutt Andropov og Gorbatsjov med perestrojkatidi som reinska ut leidarskapen i sovjetrepublikkane og lagde grunnen for den

klanbalansen som hev gjeve styremaktene legitimitet og halde dei nye statane saman etter oppløysingi av Sovjetsamveldet<sup>10</sup>.

Sovjetsystemet bygde upp eit styringsapparat med ein lydug *nomenklatura*. I minsto på kort sikt skulde me kunna venta at når desse elitane fekk halda fram i maktposisjonar og livde godt på statskassa og klientellistiske pengestraumar, var den nye statsmakti rimeleg vél elitelegitimert. I dette var det ikkje noko serlegt til skifte. Styringsgrunnlaget var makt og eigenbate, det same som me må kunna tru var kjernen i legitimiteten fyrr méd, um enn eit grand kommunistisk ideologi låg tunt utanpå då.

Eit siste sermerkt drag som desse statane hev i hop, er at dette er heilt nye statar. Denne regionen hadde aldri vore inndelt i sjølvstendige suverene statar etter moderne definisjonar, med nokor eigi sentralmakt som hev monopol på legal bruk av fysisk makt, tvang og vald og innkrevjing av skatt på eit gjeve og fast territorium (jamfør Weber (2006), Schumpeter (1991) og Tilly (1990)), fyrr en det sovjetiske imperiet braut saman.

## **5.2 Variablar**

Den sovjetiske økonomiske politikken med si arbeidsdeling millom regionar og sovjetrepublikkar, er ei røynsla alle studieeiningane mine hev sams, men denne politikken fekk store strukturelle innverknader på kva det økonomiske livet gjekk ut på, kva av industri, jordbruk og næringsliv som fanst og vart bygt upp i dei ulike sovjetrepublikkane, og kva for nokre ressursar som vart utnytta eller ei. Og i dette varierer det sers mykje millom dei sentralasiatiske statane. Dette er ei avgjerande årsak til ulike vilkår for innkomor og oppbygging av eigen økonomi i dei nye statane når det yverordna Sovjetsamveldet brotnar og økonomisk umfordeling millom sovjetrepublikkane gjennom økonomiske yverføringar frå sentralmakti i Moskva tek slutt.

Sameleides er den stalinistiske nasjonalitetspolitikken og grensedragingane millom dei nye sovjetrepublikkane når desse etter kvart finn formi si innanfyre Sovjetsamveldet på 1920-talet, ei sams røynsla millom studieeiningane. Men dette òg skaper skilnader i vilkøri for nye

---

<sup>10</sup> Det er klårt, det hende ulike saker og ting på dei einskilde av desse stadene framgjenom desse ulike tidarbolkane. Til dømes vart folkegrupper frå Kaukasus, tsjetsjenarar, kalmukkar og andre, kollektivt deporterte til delar av Sentral-Asia etter andre heimsufreden, grunna skuldingar um samarbeid med nazistane. Desse fekk fyrst venda heim under avstaliniseringi åt Nikita Khrusjtsjov (Capisani, 2000). Eg kann ikkje sjå at slike pårøyningar hev sett far etter seg som skaper markande skilnader millom statane.

regime når Sovjetsamveldet ikkje er der lenger. Det er desse grensone, som hadde vore mest som administrative inndelingar i eit Sovjetsamvelde som var ein føderalstat berre på papiret, som sidan vert verande som landegrensor millom nye suverene statar. I denne nye stoda er det so klårt viktugt kvar desse grensone gjeng. Den stalinistiske nasjonalitetspolitikken og grensedragingane frå Sovjetsamveldet er opphavet for den demografiske samansetnaden av dei nye statane. Kven bur i kva for ein stat? Femner landegrensone um heimstaden åt éi definert folkegruppa, éin nasjon, som nasjonalstatsidealet krev, eller gjeng landegrensone i kross og krok utan omsyn til busetnaden av nasjonalitetar?

Den nasjonale og den økonomiske politikken i Sovjetsamveldet, er den historiske bakgrunnen for dei tvo forklårande variablane eg skal dryfta her: Dei demografiske og økonomiske strukturane.

### *5.2.1 Eksportressursar*

Skal me fylgja tankegangen åt Luong og Weinthal (2001), lyt me byta eksportressursar på tvo skåler: Dei eksportressursane som den nye staten hadde innkomor frå frå fyrr på det tidspunktet staten vart lausriven, i eine skåli, og eksportressursar som staten lyt hava nye investeringar for å kunna byrja vinna ut og selja etter at staten er vorten sjølvstendig, i hi skåli. I den sovjetiske arbeidsdelingi vart olje- og gassektoren fyrst og fremst lagd til fyrekomone i den russiske sovjetrepublikken, som låg høvelegast til med tanke på transport og eksport til den europeiske energimarknaden. Det var soleides i dei sentrale russiske landslutene det vart bygt fullt ut og utvunne.

I dei andre hyrno av Sovjetsamveldet der det var slike ressursar å henta opp, i dei andre sovjetrepublikkane, vart ikkje ressursane vunne ut i same skala. Det var difor ikkje olja og naturgassen som var den viktuge eksportvara frå Sentral-Asia frå fyrstone, det var ei landbruksvara som hadde vore tildelt Sentral-Asia i arbeidsdelingi. Der var det bygt opp ein stor bomullsproduksjon og –eksport, som nokre av dei nye statane fekk gleda av å taka yver ved lausrivingi. Variabelen eksportinnkomor lyt dimed sjåst på i tvo umgangar, fyrst tilgjenge til innkomor ved sjølvstendet og dinæst tilgjenge til nye innkomor på lengre sikt.

Ved sjølvstendet er Usbekistan den fjerde største produsenten og den tridje største eksportøren av bomull i verdi (Verdsbanken, 1993: xi), medan Turkmenistan òg er med millom dei tie største produsentane (Verdsbanken, 1994: 130). Desse statane produserte alt

naudsynt landbruksutstyr til dette fyremålet sjølv, og kunde heilt på eigen kjølv produsera, hausta og eksportera denne bomulli<sup>11</sup>.

Medan desse under sovjetidi fyrst måtte selja bomulli lågt prisa til Moskva som i sin tur sidan selde til full pris på verdsmarknaden, kunde dei som sjølvstendige statar droppa denne utbytande millomleden og sjølv eksportera til verdsmarknaden og taka mot den fulle marknadsprisen til si eigi statskassa. I 1991 stod bomull for um lag 84 prosent av eksporten til utlandi frå Usbekistan, og dette hadde stige til yver tri firedelar av alle usbekiske eksportinnkomor i 1992 (IMF, 1992: 2; Verdsbanken, 1993: 24). I 1992 var bomull den næst største eksportvara frå Turkmenistan og innkomone frå bomulli auka på denne tidi andsynes innkomone frå den smått utbygde gassutvinningi (IMF, 1994: 83).

Dei tvo hine statane, Kasakhstan og Kirgisistan, var ikkje tilgodesedde med eit næringsliv dei like enkelt kunde tena pengar på. Den sovjetiske arbeidsdelingi hadde ikkje sett noko inn på råvareproduksjon og utnytting av naturressursar der. Desse tvo landi var like vel dei ein kanskje skulde tru hadde kome best ut av den økonomiske monokulturpolitikken i arbeidsdelingi, med di dei hadde fenge til dels avansert og heller høgteknologisk industri. Men, denne industrien var lite hendug for dei nye statane, sidan den sentrale kommandoøkonomien denne hadde høyrte til, med sentralisert kontroll yver tilgjenge, produksjon og fordeling av råvaror og industrivaror millom sovjetrepublikane, ikkje fanst lenger (Olcott, 2002: 128-129). Utanfyrre dette systemet, var ikkje denne industrien utan vidare so verdfull. Han var ikkje radt tilmåta tilbod og etterspurnad på verdsmarknaden, og stod heller ikkje so stødugt på eigne føter utan det sentrale sovjetiske underhaldet.

I Kasakhstan heldt deilder av det agelege sovjetiske militærindustrielle komplekset til, med våpnproduksjon, atomvåpn- og atomenergiteknologi og dessutan basar og sentra for romprogramet. Etter oppløysingi av Sovjetsamveldet var det den nye russiske føderasjonen som tok yver det sovjetiske romprogramet, og atomvåpni vart òg med kvart førde yver på den russiske staten sine hender. Kasakhstan, Ukraina og Kviterussland er saman med Sud-Afrika dei einaste atommaktene i verdi som til dessa hev gjeve avkall på atomvåpni sine (Paul, 2000).

---

<sup>11</sup> Rett nok er bomullsproduksjonen i baa statane avhengig av tilgjenge til det vatnet som hev utspring til fjells i uppstraums Kirgisistan og Tadsjikistan, trass i store vatningsupplegg som hev lagt brorparten av Aralsjøen aud og turr. Men, avtalor og semja millom desse fire statane um bruk av dette vatnet hev vorte oppretthaldne etter den same leisten som galdt under sovjetidi (Boyle, 2003). Vassressursane vart med dette ingi stor innkoma for Kirgisistan og Tadsjikistan, og heller ingi stor utloga for Turkmenistan og Usbekistan.

Kaspiregionen er rekna som ein av stadene i verdi der det finst mest olja og naturgass. I tillegg til Aserbajdsjan, Iran og Den russiske føderasjonen, er det Turkmenistan og Kasakhstan som deler Kaspiahavet millom seg. Usbekistan ligg òg innanfyre det feltet på land som dekkjer desse ressursane, endå um landet ikkje hev kyst til Kaspiahavet sjølv. Desse ressursane fekk for det meste liggja i fred frå Sovjetsamveldet si sida under sovjettidi, i arbeidsdelingi vart det ikkje sett inn noko sers arbeid her. Kaspiahavet er eit innlandshav og dei sovjetiske republikkane rundt var landlæste og langt burte frå marknaden, so transport derifrå var og er svært so tungvinn.

Realitetane attum grunngjevingi for å ikkje vinna ut olje- og naturgassressursar i Kaspiregionen i sovjettidi, var for so vidt dei same etter at Sovjetsamveldet hadde brote saman. Transportproblemi er vedvarande. Røyrleidningsnetet hev låg kapasitet og gjeng via *Gazprom* sine gassrøyrleidningar gjennom Den russiske føderasjonen, som dimed er nåme nære ein monopolist på naturgasstransport frå Kaspiregionen samstundes som russarane konkurrerer med den kaspiske naturgassen på den same marknaden (Roberts, 2003). Russiske styremakter kann difor halda både prisane på ikkje-russisk naturgass og kapasiteten på transporten nede. Svingingar i volumet på eksporten og innkomone frå olja og naturgass kjem difor frå andre kjeldor en nett berre dei ymsande prisane på verdsmarknaden; her spelar ymsande tilgang inn, og dertil kjem manglande betalningar frå ulike SUS-land som hev fenge forsyningar dei anten ikkje hev havt vilje eller råd til å svara pengar for.

*Tabell 5.2 Olje- og naturgassfyrekomor og utvinning*

	Gass		Olja	
	Reservar <sup>a</sup>	Utvinning <sup>b</sup>	Reservar <sup>c</sup>	Utvinning <sup>d</sup>
<b>Turkmenistan 98</b>	2,58	12,4	0,5	129
<b>Turkmenistan 05</b>	2,67	62,2	0,6	192
<b>Usbekistan 98</b>	1,63	51,1	0,6	191
<b>Usbekistan 05</b>	1,73	55	0,6	126
<b>Kasakhstan 98</b>	1,87	7,4	25	537
<b>Kasakhstan 05</b>	1,9	23,3	39,8	1356

*Kjelda: BP (2008)*

a) trillionar m<sup>3</sup>, b) milliardar m<sup>3</sup>, c) 1000 millionar fat, d) 1000 fat dagen

Alternative rutor for gass frå Kaspiregionen er og hev vore millom dei viktugaste sakene i internasjonal energipolitikk, med enorme strategiske interessor og mange interessentar. Det ligg snublande nære å knyta det meste som hender på det storpolitiske planet i denne regionen, til kampen um energiressursar. Soleides er det lett fyre å byrja spekulera i um krigshandlingane i Sud-Ossetia seinsumaren i 2008 er døme på russisk vilje og handlingskraft til å destabilisera tilhøvi i Georgia for å strjuka Georgia av lista for mogelege trygge olje- og gassleidningsrutor til hamner ved Svartehavet (Brett, 2008; Chazan og Faucon, 2008).

Trass i at tilhøvi ikkje hev lege til rette for effektiv transport og eksport av olja og naturgass, hev det like vel vore enorme innkomor å henta, og dei nye statane som miste yverføringane og det økonomiske systemet frå Sovjetsamveldet, skaffa seg innkomor ved hjelp av slik ressursutvinning og –eksport. Men det fulle potensialet for innkomor ved tilgjenge til marknaden jambyrdig med russisk olja og gass er altso enno uforløyst. Av landi i utvalet mitt er det som me ser av *Tabell 5.2* Kasakhstan som hev dei heilt store oljefyrekomone og Turkmenistan som er store på naturgass. Usbekistan hev noko smærre fyrekomor av naturgass, men dei er i verdstoppen, dei méd.

*Tabell 5.3 Økonomiske tilstand*

	BNP per innbyggjar i US dollar				
	1990	1994	1998	2002	2006
<b>Turkmenistan</b>	836	563	651	970	1329
<b>Usbekistan</b>	717	592	623	388	632
<b>Kasakhstan</b>	1794	1361	1451	1649	5289
<b>Kirgisistan</b>	252	340	341	317	538

*Kjeldor: UNSD (2009)*

Dei ålmenne økonomiske tilstandi i *Tabell 5.3* syner oss at det er Turkmenistan og Kasakhstan det stend best til med økonomiskt. Uppsvingen i BNP på 2000-talet hev venteleg med ei sterk stiging i olje- og gassprisar å gjera, og dessutan auka oljeproduksjon og tilgang til røyrleidningar for Kasakhstan sin del. Innkomone åt Usbekistan syner ikkje serleg att i denne tabellen, um enn dei fullvel hev høgre BNP en Kirgisistan heile tidi. Kirgisistan saknar munalege eksportinnkomor, Usbekistan hev bomull og litt naturgass, men naturgassen i

Usbekistan gjeng mest til eige forbruk. Når me hugsar på at Usbekistan hev den minste produksjonen og dessutan den desidert største folkesetnaden, er dette forståeleg. Sjølvforsyning av energi frå naturgass, er heller ikkje noko å kimsa av; det må me tru det usbekiske regimet hev store fyremuner på grunn av, i alle høve i jamføring med land som Kirgisistan. For skuld kombinasjonen av bomulls-, olje- og naturgasseksport femner den ressursrike gruppa med eksportinnkomor um Turkmenistan, Kasakhstan og Usbekistan, medan Kirgisistan er ressursfatig.

### 5.2.2 *Klanar, regionar, etniske grupper eller nasjonalitetar?*

Koss skal me forstå skiljeliner i sentralasiatiske samfund? Er den kulturelle lagdelingi av samfundi slike tradisjonelle strukturar som åtskilde folkestammor, ætter og klanar som hev yverlivt freistnadene på modernisering under sovjetsystemet, eller konstruksjonar frå sovjetisk nasjonalitets- og regionspolitikk? Og hev i det fall desse konstruksjonane vunne tilslutnad i folket, hev folket teke til seg og funne seg til rette i desse nasjonale konstruksjonane? Kva som er mistolkingar og fordomar um dei tradisjonelle samfundi i denne fjerrlengste periferien og kva som ikkje er det, hev korkje vestlege eller russiske akademikar heilt fenge taket på (Gullette, 2007). Det er ikkje for ingenting umgripet *Langtvekkistan* alluderer landsnamni i denne regionen.

Kathleen Collins (2004; 2006) held gjennom sine arbeid søkjeljoset på at det er *klanar* som er den demografiske strukturen som sermerkjer sentralasiatisk politikk. Etladen hennar er å syna fram dei uformelle strukturane, klanpolitikken, og hevdar desse klannetverki er vël so viktuge som dei formelle politiske institusjonane. Då er det ikkje løgje ho tek til motmæle mot Pauline Jones Luong (2002) som avviser klanar, med di ho hevdar klanidentiteten vart førd yver til lokale administrative regionar i sovjettidi. Altso at identiteten i dag fylgjer formelle politiske strukturar, som til dømes motsetnaden millom sentrum og periferi, heller en tradisjonelle uformelle netverk. Collins (2006) ser det slik at dersom formelle administrative system spelar inn, er det som ei styrkjing, sementering og ei manifestering av klanar; leidarskap i lokale råd, tillitsfolk på *kolkhoz* og *sovkhos* (kollektivbruk) og republikknomenklaturaen fylgjer posisjonane innan klanane, folk held postar som patronar til egne klientar innanfyre dei klientellistiske klannetverki.

Når me går åt at studieobjektet åt Luong (2002) er framvoksteren av formelle institusjonar og studieobjektet åt Collins (2006) er uformell klanpolitikk, må det vera lov å mistenkja at



visdomen um at *som du ropar i skogen fær du svar*, spelar inn her. Det er dei tingi dei sjølve er interesserte i som er dei viktuge, dei finn det dei leitar etter og forsvarar difor si eigi tilnærming. Mitt studieobjekt er vilkår for regimeframvokster, og som det sømer seg sluttar eg meg til rekkja av skogsens roparar, med di eg dreg fram att nasjonalitetar som noko å ansa på i desse samfundi. Eg er ute og røkjer etter kva for nokre strukturar som kann forklåra skilnadene millom regimi, ikkje kva som er dei viktuge strukturane i samfundslivet i det einskilde samfundet. Collins (2006) gjerer det elles lett for seg sjølv når ho ikkje hev med Kasakhstan i utvalet i studien sin, ho slepp på ei vis undan den verkeleg store skilnaden millom lokale tyrkiske nasjonalitetar og den like store mengdi slavisktalande, russarar og andre.

Latente demografiske konfliktlinor kann vera likso viktuge for regime som slike meir manifeste strukturar som dei klannetverki og den regionstilhøyrsla som munde finnast i dagleg verknad. Dersom dei etnonasjonale konfliktlinone ligg der, latente og vaker oppunder yta, hev regime fenge avgrensa romet sitt for å gjeva presidenten full personleg makt, dei kann ikkje føra den persondyrkande nasjonale ideologien som held presidenten som «faderen» åt nasjonen. Det vilde vera å hevja kløyvingsfana, ja, nærast som å beda um bråk.

Det er ikkje til å stinga under stol at uformelle netverk, me kann gjerne kalla deim klanar, jamt yver spelar ei ovende viktug rolla i samfundslivet i denne luten av verdi, men det er i sanningi meir som ein konstant alle regimi i regionen lyt halda seg til. Det er eit system som heile vegen ligg i botnen. Klanane er dei strukturane som klientellismen verkar gjennom, det er strukturar som alle regimi lyt gjera sitt yttarste for å smyrja og halda i balanse. Det er soleides ei sams utbjoding for alle regimi, og det er kann henda som Collins (2006) skriv og som eg hev vore inne på nokre gonger no, klannetverk, klanpakter og ein legitim klanbalanse frå perestrojkaperioden som hev halde desse fire statane frå samanbrot, i motsetnad til den illegitime sovjetisk konstruerte klandominansen i Tadsjikistan som leidde til ufred.

### 5.2.3 Etnonasjonal samansetnad

Den etnonasjonale samansetnaden i eit land skriv seg frå tilhøvet millom kvar grensor gjeng millom land og kvar ulike folkegrupper er busette. I Sentral-Asia er fyrestellingi um nasjonalitet ikkje serleg djupt røtt. Metaforen um *røter* høver i grunnen slett ikkje noko godt på folkeferder som stødt hev flutt på seg, her er det meir råkande å tala um *føter*. Tradisjonelle

nomadefolk hev busett seg mykje um kvarandre, ogso inne millom tradisjonelle bufaste, og saknar nokor lang saga med definerte territorielle einingar, statar, som er knytte til definerte innbyggjarar. Nomadeættingane hev knapt nokor klår fyrestelling um at det skal vera eit uløyselegt hopehav millom folk og territorium, *Blut und Boden*, på lina med vestleg nasjonalstatleg og nasjonalistisk tenkjing. Hopehavet er snarare lauslegt.

Like fullt er det til etniske skilnader som kann definerast og som kann brukast til å dyrka og skapa nye fyrestellingar um nasjonale hopehav, serleg då språklege skilnader. Det er desse som hev gjeve opphavet til den endelege inndelingi i nasjonale sovjetrepublikkar under Stalin og hans nasjonalitetspolitikk. Etter denne språklege lina delte russiske og sovjetiske etnografar inn brukarane av dei tyrkiske målføri i turkmenarar, usbekarar, kasakhar og kirgisarar, pluss karkalpakarane som held til i Usbekistan, tatarar og nokre uiguriske minoritetar i aust. I tillegg er det til ei rad andre folkegrupper som er greidare å skilja åt. Dette er då hovudsakleg austslavarar som russarar, ukrainarar og kviterussarar, og dertil kjem grupper av jødar, tadsjikarar og tysktalande germanarar, Volga-tyskarar.

Det synest rett å tala um dei etniskt og språklegt definerte tyrkiske nasjonane som *konstruerte* identitetar som er utslag av aktiv nasjonsbyggjing. Desse nasjonale identitetane fekk serleg tyngd då *korenizatsija* vart gjeldande politikk. Kommunistpartii og styremaktene i dei einskilde nasjonale sovjetrepublikkane skulde fyllast av kommunistiske kadrar og nasjonalistisk intelligentsia som sokna til titulærnasjonen i kvar republikk (Luong, 2002: 67-68). Etter gamalt skulde ein truleg ha gjeve langt større tyngd til det høgre yvernasjonale nivået av sams tyrkisk eller sunnimuslimsk identitet og/eller til det lægre subnasjonale nivået av lokale grannelag og snevrare familie- og slektskapssamband. Men, skal ein skapa lydnad og tilhørsla til ein ny stat, er det ein stor fyremun å kunna knyta staten til eitt hopehav, nasjonen, det som gjev namn til staten. Og slik nasjonsbyggjing lyt retta seg etter det nasjonale toet som no ein gong finst i den folkesetnaden som bur innanfyre landegrensone.

Som me kann sjå av *Tabell 5.4* er det berre tvo av statane som er dominerte av titulærnasjonen, den etniske gruppa som staten hev namnet sitt frå, nemleg Turkmenistan og Usbekistan. Tadsjikarane i Usbekistan utgjerer rett nok hovudinnslaget i byane Bukhara og Samarkand, men det avgrensar seg til opphoppingar på einskilde stader som desse (Capisani, 2000: 96). Kasakhstan er landet som er mest heterogent, med ein folkesetnad som delte seg likt millom kasakhar og dei slavisktalande russarane, ukrainarane og kviterussarane i 1989, der kasakhane var under 50 prosent (Hovland, 1999). Sidan hev kasakhane auka i høve hine

folkegruppene so dei er i fleirtal, men det er eit knapt fleirtal. Det nordlege Kasakhstan er nærast heilt dominert av russarar.

*Tabell 5.4 Etnisk samansetnad*

Land (år)	Etniske grupper
<b>Turkmenistan (2003)</b>	<b>Turkmenarar 85 %</b> , russarar 12 %, usbekarar 9 %, andre 7 %
<b>Usbekistan (1996)</b>	<b>Usbekarar 80 %</b> , russarar 5,5 %, tadsjikarar 5 %, kasakhar 3 %, karkalpakar 2,5 %, tatarar 1,5 %, andre 2,5 %
<b>Kasakhstan (1999)</b>	<b>Kasakhar 53,4 %</b> , russarar 30 %, ukrainarar 3,7 %, usbekarar 2,5 %, tyskarar 2,4 %, tatarar 1,7 %, uigurar 1,4 %, andre 4,9 %
<b>Kirgisistan (1999)</b>	<b>Kirgisarar 64,7 %</b> , usbekarar 13,8 %, russarar 12,5 %, andre 9,2 %

*Kjelda: CIA (2009)*

Kirgisarane utgjerer eit klårt fleirtal i Kirgisistan, men dette landet fær me vel òg klassifisera som heterogent. Mengdi russarar som bur i Kirgisistan er elles ikkje heilt noggrant utrekna, med di det er tala um folk med russisk eller dobbel statsborgarskap som ikkje jamt hev talt med i folketeljningane. Dei serlege utbjodingane me ventar oss utifrå det eg hev vore inne på teoretiskt når det gjeld etniske minoritetar som hev hopehav på tvers av landegrensor, som høyrer til den etniske gruppa som dominerer eit granneland, merkjer me oss at det mest er Kasakhstan med sine russarar og Kirgisistan med usbekarar og russarar som møter.

Den eine nasjonen som i størst mun breider seg utyver eigne landegrensor med ein diaspora, er dei fjølmente usbekarane. I tillegg til å finnast i munaleg mengd i Kirgisistan, er nie prosent av folkesetnaden i Afghanistan og 15,3 prosent i Tadsjikistan etniske usbekarar (CIA, 2009).

Ser me på serskilde institusjonelle innretningar i samband med minoritetar, er det berre Usbekistan som hev noko slikt. Den autonome republikken Karkalpakstan femner um eit tolleg stort umkverve i det vestre og nördre hyrna av Usbekistan<sup>12</sup>. Denne skipnaden er like fullt ikkje noko uttrykk for røyneleg maktfordeling etter etniske linor, at republikken er autonom er einast i namnet, og ikkje i gagnet (Epstein og Winter, 2004). Karimov-regimet hev den fulle makti på denne teigen òg, han verkar radt som dei hine administrative regionane i landet. Karkalpakarane er elles berre ei liti gruppa som ikkje bør ventast å vera noko trugsmål mot den dominante og sers folkerike usbekiske nasjonen.

<sup>12</sup> På grunn av den økologiske katastrofen med Aralsjøen, er Karkalpakstan faktisk veksande.

### 5.3 Forklaring av regime


Forklåringsvariablar tek utgangsstoda i byrjingi av 90-talet, tidi då Sovjetsamveldet fall og dei sentralasiatiske sovjetrepublikkane med same vart nye sjølvstendige statar. Det er i denne stoda vegen framåt vert staka ut, det er dei strukturelle vilkøri som råder grunnen då som opnar og set grensor for koss denne vegen kann stakast ut. Difor er det ut frå denne utgangsposisjonen dei nye styremaktene må grunda ut legitimerande, nasjonsbyggjande, økonomiske og politiske strategiar, skal dei nya upp og stydja framhaldet åt regimet sitt.

Tabell 5.5 Variablar og konstantar

	Turkmenistan	Usbekistan	Kasakhstan	Kirgisistan
<b>Eksportinntekomor</b>	Høg	Høg	Høg	Låg
<b>Eksportinntekomor 1990</b>	Ja	Ja	Nei	Nei
<b>Etnisk einenskap</b>	Høg	Høg	Låg	Låg
<b>Sunnimuslimsk</b>	Ja	Ja	Ja	Ja
<b>Klanbalanse 1990</b>	Ja	Ja	Ja	Ja
<b>Ny stat</b>	Ja	Ja	Ja	Ja
<b>Post-sovjetisk</b>	Ja	Ja	Ja	Ja
<b>Tyrkiskspråkleg</b>	Ja	Ja	Ja	Ja

Nett for variabelen eksportinntekomor må det like vel takast umsyn til den seinare framvoksteren, attved inkomone frå og med fyrste dag. Uutnytta ressursar munde gjeva nye inntekomor dersom utvinning og produksjon fyrr eller sidan vert investert i og det ligg fyre tilgjengelege midlar og tilstrekkeleg vilje til denne investeringi.

*Modell 5.6 Endeleg samanliknande modell*



Mangelen på egne inntekter på det tidspunktet den nye staten kjem til, er det som set i gang den økonomiske liberaliseringi, det er trongen til investeringar og/eller lån som fær ein til å opna, privatisera og frigjera økonomien. Mangelen på ressursar som kann eksporterast og seljast, gjev ein trong til å setja i gang ei større politisk liberalisering etter krav frå dei internasjonale organisasjonane som gjev lån og kjem med investeringar. Dei som hev tilgjengeleg eksportinntekter frå dag éin, Turkmenistan og Usbekistan, treng ikkje privatisera eller liberalisera noko. Dei som fær seg eksportinntekter med kvart som ressursar byrjar verta investerte i, Kasakhstan, treng berre privatisera og liberalisera økonomien, men ikkje politikken. Dei som imedan heilt vantar egne eksportinntekter frå råvaror både på kort og lang sikt, Kirgisistan, legg seg på ei tilsynelatande full liberalisering, både økonomisk og politisk.

Dei etnonsjonalt homogene landi, Turkmenistan og Usbekistan, hadde høve til å setja i gang ei nasjonsbyggjing som legitimerte stor personleg makt hjå *faderen åt folket*. Meir heterogene Kasakhstan og Kirgisistan fær òg mektige presidentar, men her hev desse makti i kraft av presidentposten, institusjonen<sup>13</sup> åt presidentembættet som den mektigaste, men like vel berre éi av fleire styremakter, og ikkje med grunn i ein nasjonal ideologi som dyrkar og gjev makti beinveges til personen presidenten. Siste slaget må reknast som ein langt meir liberal skipnad en den fyrre.

<sup>13</sup> Uttrykket institusjonalisering bør ikkje mistydast som at det vert noko fast og vedvarande som ikkje er avhengig av einskildpersonar; konstitusjonar og institusjonelle skipnader skifter tidt i desse landi, og presidentfullmakti er òg vid og fri. Men i motsetnad til persondyrking og røyneleg fri personleg maktutøving i Usbekistan og Turkmenistan, er det presidentembættet som ein «institusjon» som hev makti i hine landi.

Som me ser i *Modell 5.6* set eg ingi nemning på dei ulike regimi, ingen klår definisjon av regimeslag, men radar deim upp ordinalt i høve til kvarandre og i høve til kor (lite) liberaliserte dei er eller vert. Denne oppradingi retter seg soleides einast etter liberalisering, etter etnisk samansetnad og ressursar er regimi berre plasserte i rett ruta, ikkje plent i rett fylgd. Usbekistan er til dømes minder ressursrikt en Kasakhstan i sum, men Usbekistan hev større tilgang på ressursane sine til å byrja med. Dertil er Kasakhstan meir heterogent en Kirgisistan. Eg gjev regimi òg nokre deskriptive kjenneteikn som liksom skal uttrykkja noko av innhaldet, substansen, i kvar dei stend på den ordinale liberaliseringsstegen. Dette kjem eg nærare inn på for kvart landet for seg i bolc 6, men for å syna at denne ordinale oppradingi hev noko fyre seg, låner me auga til *Freedom House*. Desse sumt åtfunne, men like fullt ålment godkjende og mykje bruka indeksmål i på regime og demokratisering etter kategoriane sivil fridom og politiske rettar, samstavar allveg med mi ordinale opprading Turkmenistan, Usbekistan, Kasakhstan, Kirgisistan, frå minst til mest liberalisert (eller frå minst (7) til mest (1) fritt i ordfellingi åt *Freedom House*). Alle år sidan 1991 hev *Freedom House* den same rekkjefylgdi.

**Tabell 5.7 Liberalisering og regimeslag i Sentral-Asia, Freedom House**

År	Turkmenistan		Usbekistan		Kasakhstan		Kirgisistan	
	Skøra	Regime	Skøra	Regime	Skøra	Regime	Skøra	Regime
1991-92	6, 5	PF	6, 5	PF	5, 4	PF	5, 4	PF
1992-93	7, 6	NF	6, 6	NF	5, 5	PF	4, 2	PF
1993-94	7, 7	NF	7, 7	NF	6, 4	PF	4, 3	PF
1994-95	7, 7	NF	7, 7	NF	6, 5	NF	4, 3	PF
1995-96	7, 7	NF	7, 7	NF	6, 5	NF	4, 4	PF
1996-97	7, 7	NF	7, 6	NF	6, 5	NF	4, 4	PF
1997-98	7, 7	NF	7, 6	NF	6, 5	NF	4, 4	PF
1998-99	7, 7	NF	7, 6	NF	6, 5	NF	5, 5	PF
1999-00	7, 7	NF	7, 6	NF	6, 5	NF	5, 5	PF
2000-01	7, 7	NF	7, 6	NF	6, 5	NF	6, 5	NF
2001-02	7, 7	NF	7, 6	NF	6, 5	NF	6, 5	NF
2002-03	7, 7	NF	7, 6	NF	6, 5	NF	6, 5	NF
2003-04	7, 7	NF	7, 6	NF	6, 5	NF	6, 5	NF
2004-05	7, 7	NF	7, 6	NF	6, 5	NF	6, 5	NF
2005-06	7, 7	NF	7, 7	NF	6, 5	NF	5, 4	PF
2006-07	7, 7	NF	7, 7	NF	6, 5	NF	5, 4	PF
2007-08	7, 7	NF	7, 7	NF	6, 5	NF	5, 4	PF

*Kjelda: Freedom House (2009a). PF = Partly Free, NF = Not Free*

## 6. Analyse av dei einskilde studieeinjingane

Denne bolken ser nærare på dei einskilde studieeinjingar. Her røkjer eg etter den nøgnare samanhengen millom økonomi, eksportinntekomor, etnisk samansetnad og regime i den handfaste framvoksteren i kvart land. Eg legg med di òg fram den deskriptivt historiske framvoksteren av nasjonsbyggjing, politisk og økonomisk utvikling, stoda for opposisjon og sivilsamfund i det einskilde landet og dessutan gjeng eg inn på tri serskilde hendingar som er eller snarare kunde ha vore avgjerande i regimevoksteren: Det at Saparmurat Nijazov døydde i 2006, Andizjan-uppreisti og den påfylgjande massakren i Usbekistan i 2005 og tulipanrevolusjonen i Kirgisistan i 2005.

### 6.1 Turkmenistan

#### 6.1.1 Nasjonsbyggjing – Turkmenbasji den store, guddomeleg fader åt alle turkmenarar

Fyrestellingar um den frie turkmenske nasjonen, den nasjonale ideologien til det nye regimet, bygde frå fyrste stund upp under president Saparmurat Nijazov personleg. I 1992 vart personkulten kring presidenten offentleg kunngjort. Parlamentet Khalk Maslakhaty vedtok i oktober 1993 å heidra Nijazov med etternamnet *Turkmenbasji* som tyder hovudet, leidaren eller faderen åt turkmenarane, etter fyredøme frå farsfiguren åt tyrkarane, Kemal *Atatiirk* (Bohr, 2003: 10). I april 1994 vart det vedteke at folket skulde sverja ein dagleg eid på lydriad til Turkmenistan og Turkmenbasji personleg. Frametter 1990-talet arbeidde turkmenske vitskapsfolk med å leita upp profeten Muhammed og Aleksander den store millom stamfederne åt Nijazov, noko dei visstnok lukkast med. Med di vart personkulten vidga ut til å òg gjelda for familien til presidenten (Horak, 2005: 5).

I samband med at Nijazov gav ut boki *Rukhnama* i 2001 vart han sjølv utropa som profet, på same tid som han fekk tilnamnet *Bejik* (den store). Frå desember 2003 byrja Nijazov å verta umtala som guddomeleg og heilag i den turkmenske pressa. Provet på at han var guddomeleg var det underet som då hadde timast alt folket, at faderen deira hadde vorte foryngt: Håret hans hadde gjenge frå å vera kvitt til å verta svart (Horak, 2005).

Den nasjonale ideologien i Turkmenistan fekk soleides med kvart tri heilage grunnsøylor å stydja seg åt: Turkmenbasji, familien hans (og då serleg mor hans), og *Rukhnama*, boki han skreiv.

Noko som vart hevda var dei jordiske leivdene etter den falne krigshelten Atamyrat Nijazov, far til presidenten, vart i mai 2001 med stor høgtid gravlagde i lag med noko av den kaukasiske jordi han fall på, i eit gravkammer i landsbyen Gypdzjak, der familien kom frå (Horak, 2005: 5).

Saparmurat Atajevitsj Nijazov vart fødd i Gypdzjak, 19. februar 1940. Faren vart drepen i kamp mot nazistane i Nord-Kaukasus under andre heimskrigen, og mor og syskin umkom i eit jordskjelv i Asjkhabad i 1948 (Kadyrov, 2001: 108-109). Som foreldrelaus voks Nijazov sidan opp i ein barneheim i Asjkhabad.

Den mest synberre dyrkingi av president Nijazov, finn me i det turkmenske bylandskapet. Bilæte av Nijazov heng på bygningane og statuar av honom stend i parkane. Det som kanskje hev vekt mest åtgåum, er den digre gullstatuen av Nijazov som stend oppå Nøytralitetsbogen i Nøytralitetsparken; denne statuen roterer i takt med soli, so at andlitet åt Turkmenbasji alltid er vendt mot soli (Horak, 2005: 4). Stormengdi av stader og ting i Turkmenistan hev etter kvart vorte kalla opp etter Nijazov, mor hans Gurbansoltan, eller boki hans *Rukhnama*. Hamnebyen Krasnovodsk heiter no Turkmenbasji, det same som minst tvo andre byar, ei rad landsbyar og regionar, kanalen tidlegare kjend som Kara-Kum, eit krater, hovudlufthamni, jordbruksakademiet, militærinstituttet, politiskulen, kurstader, parfyme- og vodkamerkje og eit utal skular, universitet, stadionar, bomullsgardar, moskéar, gator, torg og stræte (Bohr, 2003: 11). Frå april 2002 vart namni på månadene i året bytte ut med nye namn oppkalla etter mytiske og historiske heltar frå den (offisielle) turkmenske saga, ved sida av namn som Turkmenbasji (januar), Gurbansoltan (april) og Rukhnama (september) (Bohr, 2003: 13; Horak, 2005: 12).

*Rukhnama*, «sjæleboki», kom ut i 2001 i samband med tiårsjubiléet for det sjølvstendige Turkmenistan. Denne boki er den samla saga åt den turkmenske nasjonen og ei åndeleg rettleiding for alle turkmenarar. *Rukhnama* er obligatorisk lesnad i heile skulestellet, og elevar og studentar frå fyrste klassa til universitetsfyrelesingar må lesa opp og læra seg utanboks versi frå denne boki. Dette er den einaste boki som er tillati og tilgjengeleg i «historiefaget» og *Rukhnama*-studiar hev kome inn på timeplanen i staden for fag som kjemi, biologi, framandspråk og verdssoga (Kehl-Bodrogi, 2006: 130). Nijazov legg fram den fem tusund år lange saga åt turkmenarane som éin nasjon, som i seinare tid hev vorte uppstykt i klanar og stammemotsetnader og som med sjølvstendet og samlingi under leiding av den store Turkmenbasji, atter hev stade fram som éin samla, byrg og gamall nasjon (Nijazov, 2001: 63).



*Rukhnama* er ei heilag bok, ho er ikkje den einaste heilage boki, men ho høyrer med millom dei hine heilage skriftene heilt på lina med Koranen, til dømes. Og til skilnad frå desse eldre skriftene er *Rukhnama* den endelege, avsluttande og fullgjorde boki (Nijazov, 2001). Utsmykkingar av moskéar er likso gjerne vers og brotstykkje frå *Rukhnama* som frå Koranen. Imamar som hev motsett seg å lesa upp frå *Rukhnama* i moskéen hev vorte avsette (Kehl-Bodrogi, 2006). Attved statuar av Nijazov sjølv finst det ei flaumupplyst monumental utgåva av *Rukhnama* på eit torg i Asjkhabad som lyser upp um nåtti.

Ei siste nemnande sida ved den turkmenske nasjonale ideologien, er den evige turkmenske nøytraliteten. Det sjølvstendige Turkmenistan fekk ratifisert ein status som ein nøytral nasjon av generalforsamlingi i SN 12. desember 1995 (Horak, 2005: 8). Denne nøytraliteten tyder at Turkmenistan er fri for alliansar, det er medlem i sers fåe internasjonale organisasjonar og hev knappast nokon aktiv utanrikspolitikk. Den røynelege verknaden av denne politikken er på den eine sida isolasjon frå utanumverdi, og på hi sida fridom til å samarbeida med kven som helst, når som helst, um det skulde koma på tala. Soleides hadde Turkmenistan eit venskaplegt tilhøve til Taliban den tidi desse sat på makti i Afghanistan (Bohr, 2003: 19). Siktemålet med ein slik open, alliansefri nøytralitetspolitikk er venteleg å ikkje stengja døri for nokon mogelege gassrøyrutor som skulde kunna koma til, anten mot sud, nord, aust eller vest. Denne strategien hev vestlege statar sèt med blide augo på, av di alle alternativ til det russiske røyrlidningsmonopolet er i deira interessa.

### 6.1.2 Økonomisk utvikling – gass og bomull

Turkmenistan gjeng sers vel i hop med den tvodelte renteniststatsteorien åt Luong og Weinthal (2001). Økonomisk liberalisering og privatisering trengst ikkje for å byggja upp eit økonomisk grunnlag for det nye regimet i den nye staten. Statskontrollert bomullsdyrking til eksport gav klingande mynt i kassa frå fyrste dag. Dimed hadde Nijazov-regimet tid på seg til å vinna ut sine egne gassressursar på den måten dei sjølve fann best. No tarv ikkje alle finna det best det som er mest effektivt og gjev mest hard valuta i umlaup, sume ser det som eit mål i seg sjølv å halda på sterk kontroll og makt yver ressursen, for *pengar* kjem dei sjølve til å tena anten utvinningi gjeng til so eller slik. Saparmurat Nijazov tykkjest vera ein av desse.

I etterdønningane etter sovjetkommunismens samanbrot, var demokratisering, politisk og økonomisk liberalisering, det som vart venta av dei nye statane. Vestlege aktørar venta seg at det kom til fyresegelege andsvarlege styremakter som dei kunde halda seg til og handla og

samarbeida med fritt etter kapitalistiske økonomiske prinsipp. Etter kvart som åri gjekk og desse vonene slokna noko, kom vestlege firma og oljeselskap med tilbod um investeringar og samarbeid um utvinning av statleg åtte og kontrollerte ressursar i den vedvarande lukka og autoritære staten Turkmenistan òg. *Chevron, Shell, Total, Lukoil, Gazprom, Itera, BP* og jamvel *StatoilHydro* hev engasjert seg i prosjekt under turkmensk kontroll i samvinna med statlege *Turkmenneft* og *Turkmengaz* (Sætre, 2008).

Nokor økonomisk liberalisering i Turkmenistan hev det ikkje vore tala um. Tingingar med IMF hev ikkje ført nokon staden fram for IMF sin del (Heslop, 2003: 188). Turkmenske styremakter (d.e. presidenten sjølv) stend ved den statskontrollerte lina, og sting til seg statlege midlar frå statleg verksemd i egne lummor og til å smyrja klientellistiske netverk. For 2008 ligg Turkmenistan på ein delt 166. plass av 180 land i verdi på Transparency Internationals (TI) indeksmål for korrupsjon «Corruption Perceptions Index» (CPI)<sup>14</sup> (TI, 2009).

### 6.1.3 Politisk utvikling – sterk personleg makt

I bomullsskandalen i 1985 avsette Gorbatsjov fyrstesekretæren i den turkmenske sovjetrepublikken Mukhammednazar Gapurov, og sette inn Saparmurat Nijazov. Nijazov var som foreldrelaus frå Asjkhabad berre laust tilknytt nokon klan, og fekk difor noko av ein samlande posisjon som ein figur som stod ovanfor klansystemet.

Under kuppet som vart sett i verk av «hardliners» frå KGB, heren og partiapparatet mot Mikhail Gorbatsjov 19. august 1991, stelte Nijazov seg avventande, men med varsam studnad til kuppakarane. Då dette kuppet slo feil, og den russiske presidenten Boris Jeltsin stod fram som han som hadde havt autoritet til å stogga det, var Russland på veg ut av Sovjetsamveldet. Med di var det i røyndi inkje samvelde å vera med i lenger, og 27. oktober 1991 måtte dei turkmenske styremaktene òg kunngjera at republikken deira var sjølvstendig, anten dei vilde det eller ei (Capisani, 2000: 130).

Nijazov heldt fram som leidaren for det sjølvstendige Turkmenistan; han vart vald til president fyrst for ein fireårsperiode med 98,3 prosent av røystene i presidentvalet i 1992. Presidenten, tiltala med den osmanske gradsnemningi for øvstkommandør *serdar* (Capisani,

---

<sup>14</sup> Ei plassering som Turkmenistan deler med Usbekistan og Kirgisistan.

2000: 131), er den som personleg hev havt den fulle og heile makti i Turkmenistan. Av andre greiner av statsmaktene er det tvo parlament, nasjonalforsamlingi Medzjlis med femti medlemer valde for femårsperiodar og folkerådet Khalk Maslakhaty sett saman av um lag 2 500 folkevalde og utpeika medlemer (Freedom House, 2009b). Hovudoppgåva åt desse forsamlingane hev vore å koma med fråsegner um den store Turkmenbasji og tildela honom heiderstitlar. Elles røystar dei alltid samrøystes for framlegg som kjem frå presidenten (Bohr, 2003: 10).

Det er berre til eitt offisielt registrert parti, Turkmenistans demokratiske parti, som er eit beinveges framhald av kommunistpartiet under nytt namn. Nijazov var formann for partiet. Dette er det einaste partiet som fær stella kandidatar i val til parlamenti eller til presidentval dei fåe gongene noko slikt hev vorte halde.

Ei folkerøysting i 1994 utvida presidentperioden åt Nijazov til 2002 med 99 prosent tilslutnad. Khalk Maslakhaty vedtok i desember 1999 samrøystes at Nijazov skulde vera president på livstid. Denne forsamlingi avviste i 2004 eit framlegg frå Nijazov um å halda presidentval i 2008, med tilvising til at avgjerdi frå 1999 um livstidsmakt, stod ved lag (Horak, 2005: 3). Turkmenistan vart etter di den fyrste postsovjetiske staten som formelt hadde avskipa den fasadedemokratiske skipnaden med presidentval.

Den personlege posisjonen åt Nijazov ovra seg i meir en dei nasjonale symboli og dei formelle titlane, med di alle slag ymislege personlege påhitt frå Nijazov vart sette i verk som gjeldande lov i landet. Dette er reell politisk makt. I 2001 vart ballett og opera forbode, av di det ikkje samhøvde med den turkmenske mentaliteten (Bohr, 2003: 13). I 2004 vart det forbode med langt hår og skjegg for dei unge mennene i landet, og seinare same året vart gulltenner forbodne (Whitlock, 2004). I 2005 stengde Nijazov alle sjukehus og alle bibliotek utan dei i Asjkhabad, for di han meinte folket på landsbygd di ikkje trong å lesa og at folk kunde koma til byen um dei var sjuke (Whitlock, 2005).

#### *6.1.4 Opposisjon og sivilsamfund*

Den turkmenske opposisjonen held i sin heilskap til i utlandet. Attved partiet i landet, er det til éin offisielt registrert kulturpolitisk organisasjon for nasjonal oppvaking *Galkynysj*, som so

klårt er trugen til regimet<sup>15</sup> (Bohr, 2003: 11). Etter kvart som presidenten rokkar um på postane i regimet sitt og jamt nye folk kjem inn og gamle fell i unåde og må ut, hoppar dei uppsagde stundom av frå regimet. Desse vert anten fengsla eller forlèt landet. Framgjenom åri hev alle som var i høge posisjonar i regimet i tidi kring sjølvstendet vorte kasta og bytte ut. Boris Sjikhmuradov var den siste som fór. Han var rekna som den næst mektigaste mannen i Turkmenistan, fram til juli 2000 då han vart degradert og til sist send som ambassadør til Kina. 1. november 2001 flutte Sjikhmuradov til Moskva og gjorde det kunt og klårt at han frå då av vilde kjempa mot Turkmenbasji-regimet og samla opposisjonen (Bohr, 2003:11-12). Medan Sjikhmuradov var i Asjkhabad i 2002 vart han arrestert og dømd til livsvarig fengsel, etter påstand um attentatforsøk på Nijazov.

Nijazov stend offisielt som grunnleggjar og stod som redaktør for alle turkmenske avisor (Gretsky, 2003: 89), det er obligatorisk å halda desse avisone. Frå 2002 var det heilt forbode å tinga eller elles taka inn i landet trykte media frå utlandet (neweurasia.net, 2009) og satellitt- eller parabolantennor vart forbodne (Bohr, 2003: 11). Internettilgangen er skrinn og er heilt og halde kontrollert og sensurert av statsselskapet *Turkmentelekom* (Bohr, 2003:16). NGO-ar finst knappast i landet. Utanlendske menneskjerettsorganisasjonar eller NGO-ar som promoverer demokrati som *Soros Foundation* til dømes, hev vore utestengde. Dette hev vorte serleg strengt etter at trui på fargerevolusjonar<sup>16</sup> breidde seg og greidde å avsetja styremakter i Georgia og Ukraina (Beissinger, 2007: 270). Nijazov-regimet lærde av andre sine mistak at slike organisasjonar ikkje var noko gluft å hava i landet sitt. Turkmenistan hev like fullt slike organisasjonar som eit Institutt for demokrati og menneskjerettar, men dette er beinveges underlagt presidentens kontor (Gretsky, 2003. 90).

Skal me tru Kadyrov (2003: 113) er det turkmenske folket helst likesæle til det politiske regimet dei liver under. Det råder eit slag oppgjeven apati som vert ytra i utsegner som «ai, bolja-da», «kva hev det å segja!?», «bize sju gerektel», «det er ikkje vår duva» (det skal tyda at underlege påfynster frå regimet og politikk elles ikkje er deira sak, deira bord). Styremakter hev kome og fare fyrr, dette regimet kjem òg til å enda ein gong. Kadyrov merkjer seg dinæst at det trass i dette kann henda hev grott fram noko av ein nasjonal byrgskap kring det at turkmenarane hev noko storslege å skilta med: «Me hev Turkmenbasji! Kven hev de?» (Kadyrov, 2003: 113).

---

<sup>15</sup> Det er neppe tilfellelegt at formannen i dette laget òg var Saparmurat Nijazov.

<sup>16</sup> Det russiske umgripen «tsvetnye revoljutsii» er hakket betre som samlenemning på tulipan-, rose- og oransjerevolusjonar, med di «tsvety» tyder både «fargar» og «blomar» (med trykket på ulik staving, rett nok).

### *6.1.5 Turkmenbasji døy*

21. desember 2006 døydde Saparmurat Nijazov etter eit hjarteinfarkt. I strid med konstitusjonen var det visestatsministeren Burganbuly Berdymukammedov som vart utropa til fungerande president. Han som etter konstitusjonen skulde taka yver, presidenten i Medzjlis, Ovezgelder Atajev, vart skoven til sides, av di det vart reist tiltala mot honom. Trass i brotet med konstitusjonen, verka det heile vera ein velregissert yvergang, der det var klårt for alle på innsida av regimet at det var Berdymukammedov som skulde taka yver (Freedom House, 2009b). Berdymukammedov hev bakgrunn som helseminister og Niazovs personlege tannlækjar (BBC, 2009). Han vann presidentvalet som vart halde i februar 2007, der det stod millom honom og fem lite namnkjende andre partimedlemer. Til dette valet kom det ingi utanlendske valobservatørar (Freedom House, 2009b).

Nokre reformer er sette i verk etter Berdymukammedov kom til makti. Internetkaféar hev vorte opna i Asjkhabad, månadene hev fenge att namni sine og sume politiske fangar er sleppte fri (Peuch, 2007). Desse internetkaféane som vart opna i 2007 vart til yvermål vakta av væpna soldatar (CPJ, 2008). Eit dekret frå Berdymukammedov frå mars 2009 tillét statsadministrasjonen, departement og vitskaplege institusjonar å halda russiske avisor, utan at folket dimed fær tilgang til slike media (neweurasia.net, 2009). Dette er like vel berre småe tilmåtingar som ikkje endrar mykje av det turkmenske regimet slik me kjenner det. Noko rettelegt tøyvêr er det ikkje likt til at er i kjømdi. Etter ei storfelt femtiårsdagsfeiring for Berdymukammedov i juni 2007, hev observatørar byrja ottast at det heller er ein ny personkult i emning (Freedom House, 2009b).

## **6.2 Usbekistan**

### *6.2.1 Nasjonsbyggjing – Karimovisme og den nye Timur Lenk.*

Den persondyrkande nasjonale ideologien som skal halda den usbekiske nasjonen saman, er ikkje fullt på høgde med den turkmenske. President Islam Abduganievitsj Karimov dyrkar ikkje seg sjølv like hemningslaust, men framstiller seg sjølv som ein parallell til ein annan stor figur frå den sentralasiatiske saga: Timur Lenk (Luong, 2004: 19). Denne Timur Lenk, òg kjend som Amir Timur, Tamerlane, Tamburlaine eller Timur den halte (1336-1405), var ein

tyrkiskspråkleg emir av mongolsk ætt som rådde yver eit stort rikje frå India, um Sentral-Asia, Persia og Mesopotamia, og upp til Kaukasus på 1300-talet, med Samarkand som sæte (Manz, 1989). Det usbekiske nasjonsbyggjingsprosjektet syner seg i store kvasivitskaplege studiar og alskyns kulturelle uttrykk som hyllar Timur Lenk, hans imperium og dessutan Usbekistan sin posisjon som knutepunkt for Silkevegen ein gong i framfarne tider (Adams, 2004: 97). Dette skal binda fyrrtid og notid, folk, land og styremakter saman, med di Islam Karimov er ein Timur Lenk som liver og råder iblant deim i dag, og hans mektige rikje og det mannsterke usbekiske folket er den viktuge og førande krafti i dagsens Sentral-Asia.

Attved å hengja upp bilæte og i staden for å reisa statuar av seg sjølv allstad, er det Timur Lenk som syner seg og som trunar på sokkel i hovudstaden Tasjkent, i Timur Lenks eigen hovudstad Samarkand og i andre byar. Denne Timur Lenk-kulten syner fram usbekisk stordom og dyrkar idéen um at usbekisk stordom kjem frå det personlege autoritære styresetet som Timur Lenk stod for og som ein ny Timur Lenk, Islam Karimov, hev retta upp att etter at Usbekistan vart sjølvstendig (March, 2003: 318). I 1996 var det ei storstila høgtiding av 660-årsjubiléet åt *den store faderen åt nasjonen*, då millom anna bystor og statuar av Marx og Lenin vart bytte i store monument yver Timur Lenk (Capisani, 2000: 81). Dette er persondyrking «by proxy».

*Karimovismen* som nasjonal ideologi set upp fleire ting på dagsetelen en berre denne framdyrkingi av den personlege autoritære makti åt den nye Timur Lenk. Med tilvising til den kaotiske og lite fredlege stoda i grannelandi Afghanistan og Tadsjikistan, identifiserer Karimov nokre fiendar av den nasjonale usbekiske einskapen: regionalisme, separatisme, klankonfliktar og serleg islamisme (Horsman, 2003: 49; Collins, 2006: 261). Islamistane hev yvernasjonale idéar um det muslimske kalifatet i botnen og er soleides ute etter å riva ned den stolte og store usbekiske nasjonen (March, 2003: 323).

Karimov og hans regime framsteller seg som ei trygd mot slike oppløysingstendensar, og legitimerer i same venda forfylgjing og hardhendte åtak på alle islamske organisasjonar som ikkje er under statleg kontroll. Anten dei uttrykkjer ein verkeleg politisk opposisjon eller ei, fær dei alle den noko misvisande merkjeleppen *vakhabizm*, etter den saudiarabiske islamistiske teologien og ideologien *wahhabisme*, som ifylgje karimovismen er ein framand inntrengjar som ikkje høver i hop med moderat eller jamvel sekulær sunnimuslimsk usbekisk tradisjon (Babadzhanov, 2002). Usbekarar kann verta arresterte for slikt som tradisjonell

muslimsk klædnad, for å ha langt skjegg<sup>17</sup> eller for å eiga islamistisk litteratur (Luong og Weinthal, 2002: 64). Regimet er i tråd med denne lina ihuga tilhengjarar av krigen mot islamistisk terrorisme og hev viljugt stelt upp i krigen mot Taliban i Afghanistan på lag med afghanske usbekarar som general Dostum i Nordalliansen (Akimbekov, 2002).

### 6.2.2 Økonomisk utvikling – bomulløkonomien og renteniststaten

Den usbekiske økonomien fell ikkje berre greidlegt inn i dei fyresagde fari åt renteniststaten. Reservar og utvinning av naturgass er fulla munaleg, men det bur so mykje folk i Usbekistan at det aller meste vert bruka til straum og oppverming heime i Usbekistan. Eksportinnkomone frå denne ressursen er difor smålåtne, det er ikkje desse som verkeleg munar. Når me ser Usbekistan i samanheng med alle andre statar i den vide verdi, må me nok sjå denne ressursen som ein stor fyremun for dette regimet òg, med di Usbekistan hev tilgjenge på eigen energi og er ikkje avhengig av å skaffa seg og kosta energikjeldor som gass frå utlandi.

Det som derimot gjev munalege eksportinnkomor er bomullsproduksjonen. Usbekistan produserer på lag tri millionar tonn bomull for året og hev eksportinnkomor upp mot fire milliardar dollar årleg frå dette (Jarvik, 2005: 264). Produksjonen av bomulli finn stad på statlegt åtte og fullt kontrollerte kollektivbruk, etter gamall sovjetisk *kolkhoz*-leist. Desse innkomone skulde me heller ikkje venta oss den fulle og heile renteniststatsverknaden, med di bomullsdyrking og –hausting er sers arbeidskrevjande, og skuleborn so vel som pensjonistar vert nøydde ut på bomullsmarkene for fleire månader um gongen i plante- og haustesesongane. Store delar av folkesetnaden vert kalla inn og sette i sving i innhaustingi av bomulli, og trass i at propagandabilæte syner traktorar på markene, gjeng faktisk mykje av planting og innhausting fyre seg for hønd (Jarvik, 2005: 264).

Dei økonomiske årsakene til at innbyggjarane i eit autoritært regime er nøgde og ikkje krev demokratisering som me finn i renteniststatsteorien, gjeng ikkje heilt godt i hop med stoda i Usbekistan. Renteniststatsteorien handlar um kapitalintensive eksportvaror som vert drivne fram av eit fåtal av innbyggjarane i eit land, bomullssektoren i Usbekistan er av eit heilt anna slag. Inkomone frå bomullseksport kann venteleg segja mykje um styrken regimet fær til å undertrykkja opposisjon med tvang og vald, høvet til å kjøpa seg studnad gjennom

---

<sup>17</sup> Ein forvitneleg historisk parallell til åtaket på skjegg i Usbekistan og forbodet mot skjegg i Turkmenistan som undertrykkjing av religiøs tradisjon, er tsar Peter I den store som på 1700-talet lagde skatt på skjegg som ei åtgjerd for å syna makttilhøvet millom statsmakti og den religiøse ortodokse symbolmakti (Kolstø, 2008).

klientellistiske netverk og ein manglande trong til å skattleggja folket so hardt, men den sida av renteniststaten som gjeld at folket berre nyt godane og ikkje hev noko med framdrivingi av renta å gjera, er det ingi meining i å knyta til eit regime som nøyder folk med tvang og vald til hardt manuelt arbeid.

Utanlendske investorar og firma er med kvart sleppte inn i landet, serleg noko koreansk bilindustri, inntil Daewoo gjekk konkurs (Rumer, 2002: 6), men anna det er det lite økonomisk liberalisering å sjå. Bomullssektoren er statleg og gassektoren det same.

### 6.2.3 Politisk utvikling – sterk personleg makt

Bomullsskandalen på 1980-talet rykte verkeleg upp i maktstrukturane i Usbekistan. Leidarskapen og heile klientnetverket deira vart reinska burt frå postane sine og fyrstesekretærposten vart tildelt den Moskva-lyduge Rafik Nisjadov i 1988, noko som gjorde at det bryggja upp til nasjonale oppreister millom usbekarane (Critchlow, 1991: 102). Når ikkje Nisjadov greidde seg betre en at han heldt uppe motsetnadene millom usbekarane og Moskva, vart han òg avsett i 1989. I denne stoda fann ein fram til Islam Karimov som ein samlande figur; han var ein kompromisskandidat millom klanane, med di han kom frå Samarkand som ikkje hadde stade sterkt fyrr, og han verka vera ein lojal kommunistpartimedlem og *apparatsjik* som Moskva kunde svelgja (Collins, 2006: 123).

Til liks med Nijazov i Turkmenistan studde Karimov kuppet mot Gorbatsjov i august 1991. Karimov nytta undantakstilstandi til å flytja makti yver frå sovjetorgani til den iverksetjande styremakti, til presidentposten som han sjølv heldt. Når so kuppet mislukkast var han snøgg med å draga seg ut frå det sentrale Politbyrået og byrja meina at eit framhald av Sovjetsamveldet ikkje var tenlegt for det usbekiske folket (Collins, 2006: 162). 31. august 1991 vart den sjølvstendige staten Usbekistan kunngjord og presidentval vart halde 29. desember 1991. Karimov vart vald med 86 prosent av røystene, den eine opposisjonskandidaten som fekk stella, Mukhammad Salikh frå partiet *Erk*, fekk 12,3 prosent (Capisani, 2000: 81-82).

I valet til parlamentet Olij Madzjlis i januar 1995 var det berre parti som var konstruerte av Karimov og som studde Karimov som fekk stella. Ei folkerøysting i februar 1995 vart den fyrste femårsperioden åt presidenten utvida til 2000 med 99 prosent av røystene. Alle dei fire partii i parlamentsvalet i 1999 studde Karimov, og i presidentvalet i 2000 vann Karimov yver



einaste motkandidaten, historieprofessor Abdulkhafiz Dzjalalov frå Karimovs eige parti, med 91,9 prosent av røystene (Horsman, 2003: 49). Ei folkerøysting i 2002 lengde presidentperioden frå fem til sju år. Uakta dei konstitusjonelle avgrensingane for kor mange presidentperiodar same personen skal kunna veljast for, stelte Karimov til presidentvalet i desember 2007, som han vann med 88 prosent av røystene. Alle tri motkandidatane hadde ope studt upp um Karimov sitt kandidatur (Freedom House, 2009c). Etter di kann me venta oss at Karimov vert sitjande med makti til 2014, minst.

#### *6.2.4 Opposisjon og sivilsamfund*

Fyrst på 1990-talet var det til tvo demokratisk sinna opposisjonsrørslor som hadde hange med frå opningi under perestrojkatidi i Usbekistan, *Erk* og *Birlik* (Gretsky, 2003: 87). *Erk* fekk endå til stella kandidat til presidentvalet i 1991, men då alle politiske organisasjonar og NGO-ar måtte registrera seg på ny i 1993, vart baa desse partii hindra i lovleg registrering (Horsman, 2003: 48). Islam Karimov hev sidan teke all makti sjølv, og inkje eigenlegt politisk opposisjonsparti hev yverlivt. Karimov er leidar for Usbekistans demokratiske folkeparti, som er eit framhald av kommunistpartiet med nytt namn. Wagner (1997) fann i ei spyrjeundersøking at heile 44 prosent av folket faktisk meiner det er umogeleg å skipa NGO-ar i landet, og at berre tri prosent kunde tenkja seg å vera med i eit parti.

Ein innanlands opposisjon finst det like vel der til lands. Tvo islamske organisasjonar hev vunne foffeste i landet, Usbekistans islamske union og den internasjonale organisasjonen Hizb ut-Tahrir. Med rot i karimovismens sterke ideologiske motstand mot politisk islam som noko heilt framandt den usbekiske kulturen, er desse rørslone jamt og samt under åtak frå regimet, med vilkørlege arresteringar, offentlege barberingar og dilike audmjukingar. Eksplosjonar i Tasjkent i februar 1999, vart kalla islamistiske terroråtak og knytte til desse gruppone, noko som leidde til styrkt og auka kamp mot denne opposisjonen (Horsman, 2003: 48-50). Media i landet er heilt upp sensurert og må gjenom offisiell registrering årvisst (Gretsky, 2003: 89).

Sterke tradisjonelle strukturar som er haldne ved lag i Usbekistan, kunde vorte eit upphav til eit livalt sivilsamfund. Dagleglivet grendemillom er organisert gjenom sosiale strukturar, grannelag kalla *makhallja* (Collins, 2006: 70-71). Denne sosiale lokale organiseringi av grannelag hev like vel ikkje tent til noko samfundsliv som ikkje er i hendene åt Karimov og hans regime, snarare tvert um. Karimov hev nemleg inkorporert dette systemet som ein lem av den regionale styringi, det verkar som ein lem av regimet til iverksetjing av politikken åt

sentralmakti på lokalt nivå (Luong, 2002: 124). *Makhallja* er medteken i konstitusjonen som organ som skal utføra administrative oppgåvor på lokalplanet (Kamp, 2004: 39). Det er ein statlegt studd skipnad som yter tenestor som yvervaking og politimynde for regimet, og yter dessutan sosiale og materielle godar attende til innbyggjarane i grannelaget, som møblar, mat, brudlaupsfestar og gravferder. Medlemskap og aktivitet i *makhallja* er obligatorisk (Strakes, 2006: 94). Dette er soleides ikkje noko uttrykk for eit fritt, friviljukt og livande sivilsamfund, men heller eit organ som fester regimet sitt grip um kvardagen åt folket.

#### 6.2.5 Andizjan-massakren

Tilburdane i Andizjan i 2005 hev vorte kopla til ei rettssak mot 23 populære næringslivsmenner som var påtala for slike brotsverk som åtak på den konstitusjonelle ordenen og kriminell konspirasjon. Rapportar fortel at skyldfolk og vener av desse næringslivsmennene vart tvinga med makt til å vitna og gjeva fråsegner og forklåringar som sette næringslivsmennene i eit negativt ljøs, attpå ei rad andre brot på standardar for rettviss rettargang. På den avsluttande dagen for denne rettsprosessen, 11. mai 2005, samla 2 000-4 000 demonstrantar seg utanfyre tinghuset i protest mot desse lovause tilstandi. I dagane som fylgde samla endå fleire seg på plassen fyre lokali åt domstolen i protestar mot denne rettssaki og mot Karimov-regimet i det heile, med innslag av ikkje so altfor fredsame væpna handlingar so som skotløysing frå einskilde av demonstrantane si sida (OSCE, 2005). 13. mai gjekk politiet til væpna aksjon mot denne forsamlingi av demonstrantar, og drap fleire hundrad, «if not thousands», av demonstrantane (Tucker, 2007: 543).

Karimov-regimet forsvara seg med at dette var ein aksjon mot radikal islamisme, han var sett i stand av Usbekistans islamske union og deltakarane kom frå Hizb ut-Tahrir, hevda Karimov (Chivers og Wilensky-Lanford, 2005). Andre hev rekna dette som ei sovordi oppreist for demokratisering me kjenner som fargerevolusjonane i Ukraina, Georgia og Kirgisistan, men som ulikt desse hine enda med massakre i staden for lukkelegt regimeskifte.

## 6.3 Kasakhstan

### 6.3.1 Nasjonsbyggjing – eit kløyvt land

Den russiske nemningi for Sentral-Asia, *Srednjaja Azija*, *Mid-Asia* rett umsett, femner ikkje um Kasakhstan (Haugen, 1999). Eit alternativt motsvar til vårt Sentral-Asia, munde vera *Tsentrálnaja Azija*, men dette er knapt nokor fast nemning og syner meir til eit vidare geografisk område, med høgsllettone i Kina og Mongolia (Berkov, 2005), en til nokon historisk og kulturelt samanhangande og avgrensa region. Kasakhstan høyrer heime i den russiske, austslaviske eller storslaviske folden, i lag med veslerussarane i Ukraina, kviterussarane i Kviterussland og storrussarane i Russland. Sovjetisk dissident, russisk-ortodoks nyslavofil nasjonalist, forfattar og nobelpristakar i litteratur Aleksandr Solzjenitsyn, meinte til dømes at dei gamle grensone ikkje dugde, og at store delar av Kasakhstan, i tillegg til Ukraina og Kviterussland, måtte tilfalla ein ny russisk-ortodoks og slavisk stat når Sovjetsamveldet fall frå kvarandre (Solzjenitsyn, 1990). Ein meir ekstrem nasjonalist, partileidar for det liberal-demokratiske partiet Vladimir Zjirinovskij, talar likeleides um at landsluter av Kasakhstan er russiskt land, som i valkampen til den russiske statsdumaen i 1993 til dømes (Olcott, 1997: 60; Bacon og Wyman, 2006: 36).

Nasjonal einsretting og legitimering av personleg presidentmakt som ein samlande farsfigur for «folket» eller «nasjonen» som me hev sét i Turkmenistan og Usbekistan, var ikkje ein farande veg for kasakhstanske<sup>18</sup> styremakter. Kasakhane var ikkje i fleirtal i landet fyrstundes, og det nasjonale sjølvmedvitet og prestisjen åt dei russiskspråklege innbyggjarane og det ryggjarstødet desse hev havt i leidande røyster og populistiske nasjonalistiske straumdrag i det store moderlandet Russland, hev halde styremaktene frå å prøva å byggja ein einskapleg nasjon av folket eller reindyrka ein nasjonal kasakhisk ideologi. Russarar lèt seg ikkje assimilera i ein tyrkisk nasjon, langt minder underkasta seg ein ålmåttug kasakhisk farsfigur. Dette hev i definerande stykkje stogga dei kasakhstanske styremaktene frå å rett gjera Kasakhstan til ein kasakhisk stat i det heile. Nasjonalistisk kasakhisk kulturdyrking synest vera fårleg ferd som styremaktene lyt vera varsame med; det fær fort til fylgja splid millom grupper radare en samling (van Veen, 1999: 90).

---

<sup>18</sup> Eg nøyter umgripi «kasakh» og «kasakhisk» um det og dei som er tyrkiskspråklege eller soknar til den etniske gruppa kasakhar, «kasakhstanar» og «kasakhstansk» syner til alle innbyggjarane i landet Kasakhstan, slavarar, Volga-tyskarar og alle andre méd.

Språkspursmålet som for turkmensk og usbekisk var tolleg liketil, vart ei stridare nòt å hamsa for kasakhstanarane. Forutan heile den slaviske folkesetnaden, var òg ein drjug lut utav kasakhane russiskspråkleg vorten. Det er ingileides so at alle som meiner dei er kasakhar, meistarar det kasakhiske målet til fullnads<sup>19</sup>. Kolstø (2003) jamfører målsaki i Kasakhstan med den irske og norske målsoga, der høgre lag av folket og dei som ynskte å koma seg upp og fram hadde byrja tala eller knota på det prestisjetunge målet åt koloniherrane. Det hev til fylgja at oppslutnaden um målet åt nasjonen, merkjet på nasjonen, er mindre en ein kanskje kunde ha venta seg. Med di held Kasakhstan seg med både kasakhisk og russisk som offisielle språk.

Jamvel um det ikkje er tala um nokon gjennomført persondyrkande ideologi i Kasakhstan, finn me like vel mykje hyllande umtala av president Nazarbajev. Furman hermer til dømes eit dikt som gjeng på lag som so: *«Eg trur at eg elsker Nursultan, han hev rettferduggjort trui på folket, som hev knytt all si von til honom. [...] Me må vera takksame mot den Allmektige for at vårt folk hev slik ein son»* (Furman, 2005: 217, mi umsetjing). Slike innslag kann endå knappast jamførast med stoda i Turkmenistan og Usbekistan. Dette bandet millom personen og folket er ikkje på langt nær so sterkt, og kann ikkje ventast å hava noko gjennomslag i den slaviske helvti av folket.

### 6.3.2 Økonomisk utvikling – privatisering og liberalisering

Den økonomiske strategien åt styremaktene i den nye kasakhstanske staten som hadde mist det økonomiske grunnlaget sitt frå sovjetøkonomien, gjekk på å få utanlendske midlar og investeringar inn i økonomien. Digre oljefelt låg uutnytta og gamall høgteknologisk industri innan atomvåpn- og atomenergiproduksjon vart nedbygd etter krav frå miljø- og antiatomrørsla som hadde kome til under perestrojka. Desse kravi galdt serleg atombombepøvesprengjingane i Semipalatinsk (seinare kalla Semej) (Jalling, 2003: 169). Etter di var det dét å få utvunne denne olja som skulde verta det økonomiske søkjeljoset i det nye Kasakhstan.

Frå staten si sida vart det ført ein sjokkterapipolitikk med privatisering av statleg eigedom, husvære og industri ved utetling av luttrev til innbyggjarane. Innan juli 1999 var 75,6 prosent

---

<sup>19</sup> Ikkje ein gong alle som gjev upp kasakhisk som modernmål kann me vera visse på at meistarar målet sjølve, med di det russiske umgripet «rodnoj jazyk» kann tolkast som «det opphavlege tungemålet» åt folket ein ættar frå (Kolstø, 2003).

av økonomien privatisert (Olcott, 2002: 137). Ogso eigarskapen til oljeressursane vart seld undan, so det kunde koma pengar inn til den kapitalintensive utbyggjngi og utvinningi på denne sektoren. Frå 1993 fekk til dømes *Chevron* hønd um utbyggjng av det digre oljefeltet Tengiz (Olcott, 2002: 145). Annameir selde Kasakhstan ut majoriteten av lutene i tidlegare statlege olje- og gasselskap til utanlandske investorar (Luong og Weinthal, 2001: 369). Med di fekk styremaktene i gang den svære oljesektoren sin og byrja tena store pengar etter kvart som oljeeksporten skaut fart og oljeprisen di meir fauk til vørs. Den politiske kostnaden av den snøgge tilgangen til inntekomor, var at den fulle kontrollen, makti og suvereniteten yver ressursar, utvinning og eksport ikkje heldt fram på statlege hender, ikkje ein gong på heimlege hender, og økonomi og for so vidt òg samfund, laut opna seg for utanlandsk innverknad og medverknad.

Um dette ikkje er eit klassisk tilfelle av «Dutch disease», ser me i alle høve at den industrien som var der frå sovjettida vart forsømd når all innsats vart sett inn i utviklingi av oljesektoren. Me hev ei sovordi tradisjonisering, der ein flyt søkjeljoset og den beste arbeidskrafti burt frå den potensielt moderniserande, mobiliserande og arbeidsintensive industrien, til demobiliserande utviklings- og moderniseringshemjande kapitalintensiv råvareproduksjon og –eksport.

### *6.3.3 Politisk utvikling – sterk makt hjå presidentembættet*

Då Gorbatsjov skulde rydja upp i korrupsjonen i Kasakhstan i 1986, skifte han leidarskapen og sette inn Gennadij Koldin som fyrstesekretær. Han var ein russar som kom like frå den russiske sovjetrepublikken. Dette leidde til ei stor uppreist i hovudstaden Almaty der 17 personar miste livet, skal me tru offisielle meldingar. Når ein kasakh fyrsta fekk stella som partisekretær att i 1989, var det Nursultan Nazarabajev kommunistpartiet samla seg bak (Olcott, 2002: 28).

Sjølvstende for Kasakhstan var noko president Nursultan Nazarabajev verkeleg frykta, og slett ikkje noko han ynskte. Nazarabajev neitta det kasakhstanske øvste sovjetet å dryfta sjølvstende heilt fram til etter at Russland, Ukraina og Kviterussland hadde skipa Samveldet av uavhengige statar (SUS), 8. desember 1991. Fyrst 16. desember 1991 kunngjorde kasakhstanske styremakter at Kasakhstan som siste sovjetrepublikk, var ein sjølvstendig republikk, etter at Nazarabajev fyrst hadde gjort fåfengde upptak til å reisa upp att Sovjetsamveldet (Olcott, 1997: 4).

1. desember 1991 vart det halde presidentval i Kasakhstan. Den eine motkandidaten som prøvde seg, ein kasakhisk nasjonalistleidar, fekk berre sankta 38 000 av 100 000 underskrifter som var kravet for å stella som kandidat. Dette valet vann Nazarbajev med 98,6 prosent av røystene (Capisani, 2000: 3). Nazarbajev takka nei til å verta partileidar for arvtakaren etter kommunistpartiet, med di han ikkje vilde knyta seg til eitt parti, han skulde vera president for alle kasakhstanarar (Furman, 2005: 203). Til vederlag sytte han fyre at det vart oppretta ei rad nye parti som alle var trugne stydjespelarar av presidentmakti.

Til parlamentet Mazjilis vart det halde val fyrst i 1994. Dette valet vart underkjent året etter av ein konstitusjonsdomstol grunna veilor og valfeil. I 1995 oppløyste Nazarbajev parlamentet og utlyste ei folkerøysting for å utvida presidentperioden sin til desember 2000. 95 prosent røysta for denne utvidingi. Same året vart ein ny konstitusjon som styrkte presidentmakti vedteken i ei folkerøysting som opposisjonen boikotta, og i val til eit nytt parlament i desember 1995 vann tilhengjarar av Nazarbajev brorparten av sæti (Freedom House, 2009d).

Mazjilis brigde konstitusjonen i 1998 so at presidentperioden vart utvida frå fem år til sju år, og framskunda det komande presidentvalet frå år 2000 til 1999. I dette valet vart hovudmotkandidaten diskvalifisert og Nazarbajev vann med 80 prosent av røystene. I valet til Mazjilis i september 2004 vann presidenttrugne parti alle sæti utanum eitt, og denne eine opposisjonspolitikaren neitta å møta i Mazjilis fyrr en i 2006 (Freedom House, 2009d).

Nazarbajev vann presidentvalet i 2005 med 91 prosent av røystene. Brigde av konstitusjonen i mai 2007 fjerna tidsavgrensingar for presidentperioden åt Kasakhstans fyrste president, Nursultan Nazarbajev. Soleides kann Nazarbajev regjera vidare endåtil etter denne presidentperioden er umme i 2012. I same slengen vart valreglane endra so det ikkje lenger var enkeltmannsdistrikt med i systemet, men berre listeval med ein sju prosents treskel. Med di kunde dei lovlegt registrerte presidenttrugne partii sikra seg alle sæti i parlamentet, ogso det siste som opposisjonen hadde kverrsett i eit enkeltpersondistrikt. I parlamentsvalet i august 2007 vann partiet *Nur Otan* 88 prosent av røystene og alle sæti i Mazjilis (Freedom House, 2009d).

Frå og med oppløysingi av parlamentet i 1995, er det presidentembættet som er den einaste «institusjonen» som utøver røyneleg makt. Nazarbajev yverstyrer parlamentet gjennom dekret, og hev elles den fulle kontrollen yver dei partii som hev høve til å koma inn i parlamentet.

#### 6.3.4 Opposisjon og sivilsamfund

Privatiseringi og den økonomiske liberaliseringi gjerer at Kasakhstan hev eit næringsliv som stend rimeleg fritt i høve til dei politiske styremaktene. NGO-ar beid der i landet, dei hadde kome til som ei fylgja av opningi i perestojkaregimet på 1980-talet, og rette seg serleg mot miljøspursmål, atomvåpnindustrien og atombombbeprøvesprengjingar, so som organisasjonen *Nevada-Semipalatinsk* (Gretsky, 2003: 87). Nazarbajev tillét at sosiale rørslor og politiske parti vart skipa og dreiv rekrutering og mobilisering dei fyrste åri fyrr og etter sjølvstendet (Luong, 2002: 143). Soleides hadde Kasakhstan til å byrja med ein aktiv opposisjon og eit emnelegt sivilsamfund, um so det er det møtte mykje motstand frå det sitjande regimet i åri som fylgde og kann henda ikkje vart so livlegt og rikt.

Media er heller ikkje fullt ut kontrollert av staten, det er til private media og ein kann ytra seg tolleg fritt, rett nok med atterhald for ytringar um eitt serskilt emne: Svivyrdsleg umtala av presidenten er strengt forbodi, noko som i røyndi tyder at pressefolk ikkje kann skriva rett ut si hjartans meining um Nazarbajev og regimet hans (Olcott, 2002: 104-105). Høvet til å arrestera og fengsla bladfykar som skriv kritiske saker um Nazarbajev-regimet, er difor ein verknadsfull sensur av media, for ikkje å segja ei kjelda til sjølvrensing i media. Det skal lite til fyrr kritikk av regimet vert tolka som at ein krenkjer vurdninga åt presidenten. Altso er det eit visst underskot på den sivile fridomen til ytringar og fri pressa i Kasakhstan.

Mykje av eigarskapen til den sjølvstendige pressa hev jamvel etter kvart hamna i hendene på regimetrugne folk, so dei vilde venteleg ikkje oppføra seg so fritt um dei hadde havt fullt høve til det heller. Den einaste sentralasiatiske avisa som åtte sitt eige prenteverk, *Karavan*, vart kjøpt opp av folk i dei pengesterke netverki åt Nazarbajev i 1997, og same året vart fjernsyn og radio underlagd konsesjonsreglar, og konsesjonane vart gjevne til Dariga Nazarbajeva, dotter åt presidenten (Cummings, 2003: 30).

Organisert politisk opposisjon var høveleg godt representert i parlamentet som vart valt i 1994, men etter at parlamentet vart oppløyst i 1995 byrja Nazarbajev å taka seg vide fullmakter og styra meir gjennom dekret; nye valreglar vart vedtekne som gjorde det sers vanskeleg for opposisjonsparti å koma inn, og frå 2004 var opposisjonen praktisk tala ute av parlamentet (Olcott, 2002: 87; Cummings, 2003: 29). Etter endå nokre nye velreglar frå 2007 var det faktisk berre eitt parti som hadde reelle sjansar til å koma inn.

Den offisielle grunngevingi for å flytja den kasakhstanske hovudstaden frå Alamy i sudaust til Astana sentralt i nord i 1998, gjekk på at Alamy låg i ein jordskjelvsone og at høge fjell hindra byen i å veksa seg noko større. Skal me tru Nazarbayev, hadde han 32 kriterium til ny hovudstad, utan at han nemnde kvart einskilt (Capisani, 2000: 26). Uoffisielle spekulasjonar hev lagt meir tyngd til at valet av Astana kom av at regimet vilde få eit betre grip um den russiske folkesetnaden i nord når styremaktene var til stadar i den regionen der desse held til (Cunnings, 2003: 27). Andre grunnar kann vera at styrande organ skulde flytjast burt frå den urbane opposisjonen som fanst i Alamy, til Astana som rett nok òg er ein av dei mest folkerike byane i Kasakhstan, men som ligg i eit steppelandskap som er tunt folkesett, og er soleides noko meir isolert frå ein potensiell mobiliserande opposisjon.

#### **6.4 Kirgisistan**

Av Fridom skrøyter mangein Mann,  
og fagre Ord han tala kann,  
men naar det kjemer nærre,  
so vil han liten Fridom sjaa,  
og kann han Vald i Grendom faa,  
han verd ein strenger Herre.  
(Ivar Aasen, 1996 [1863])

Det var sannsynlegvis ikkje «demokraten» Askar Akajev Ivar Aasen hadde i tankane då han skreiv denne strofa på 1860-talet – prinsippet um å skilja millom liv og læra hev vore i vinden lengje.

Kirgisistan var det einaste landet i dette utvalet som hadde ein leidarskap som sette både økonomisk liberalisering og politisk demokratisering høgt upp på dagsetelen. Askar Akajev var den einaste av dei nye presidentane som ikkje hadde sete ved roret i leidarskapen i det lokale kommunistregimet i sovjetrepublikken sin. Akajev var ein av dei vitskaplegt innvalde til det øvste sovjetet i Sovjetsamveldet som hadde kome til for skuld liberaliseringi som fylgde opningi av systemet frå reformene i perestrojkapolitikken åt Mikhail Gorbatsjov. Kor stor umhug Akajev i røyndi hadde for denne liberaliseringspolitikken på denne tidi, skal eg ikkje vera so bråd til å døma um. Det er framferdi i seinare år som gjev meg grunnen til å tvika på det demokratiske sinnelaget, og som gjev tyngd til spekulasjonar um at det var ein kynisk strategi for å byggja under og styrkja eit veikt regime som var den sanne drivfjóri



attum liberaliseringstiltaki. Når fyrsta han vald i grendom kunde få, var dei demokratiske rettesnorene korkje vegen eller målet lenger.

#### 6.4.1 Nasjonsbyggjing – ei fårefull ferd

Nasjonalitetspolitikken etter Stalin hadde venteleg meir for auga en einast å definera språklege folkegrupper som nasjonar med eigne nasjonale sovjetrepublikkar. Når me minnest at grensa millom Georgia og den russiske sovjetrepublikken vart dregi midt gjennom Ossetia, og at den tettbygde Ferganadalen er snirklut skift millom Usbekistan, Kirgisistan og Tadsjikistan, er det klart at det låg noko av ein strategi for potensiell etnisk «kløyv og hersk»-politikk for sentralmakti i imperiet til å halda styr på koloniane, attum grensedragingane (Nunn, Rubin og Lubin, 1999: 41). Dette er ikkje plent nasjonal politikk for etnisk sjølvråderett og kommunisme i kvar nasjon innan føderasjonen Sovjetsamveldet, som den offisielle ideologien med *korenizatsija* og desslikt hadde lagt vinn på.

I Ferganadalen bur dei sentralasiatiske nasjonalitetane mykje um kvarandre og er slett ikkje busette i tråd med den snirkulte grensa millom statane. Ikkje ein gong ei rad enklavar greider å få rette folki i rette landet allveg. Det folkerike Usbekistan tek ikkje merkje av at det slengjer innum ein og annan tadsjikar eller kirgisar på deira sida av grensa, med di heile Ferganadalen hev eit tungt innslag av usbekarar jamt yver. Det er usbekarane som er det sentralasiatiske folket som er rekna som lengst framkome kulturelt, det er dei som tradisjonelt hev prestisjen og hine folki er medvitne um dette (Dave, 2004: 144). Difor er stoda ei onnor på den kirgisiske sida av grensa. Usbekarane i Kirgisistan hev potensiale til å vera ei kraft å rekna med, som kirgisiske styremakter er nøydde til å koma i hug når dei hev fyre nasjonal politikk, ideologi og nasjonsbyggjing. Osj, den største byen i sundre Kirgisistan, hadde 40 prosent usbekisk folkesetnad, mot 30 prosent kirgisk, i 1996 (Nunn med fleire, 1999: 38). Mengdi usbekarar aukar i høve til kirgisarar på landsbasis (Dave, 2004: 144).

Ei berrsynt påminning um sprengkrafti i etniske motsetnader og kva for ein kløyvingsverknad ein klar nasjonal kirgisk politikk og ideologi kunde ventast å hava, kom nett i byen Osj i juni 1990. Ein grannestridd yver land og husvære som fylgde etniske skiljeliner millom usbekarar og kirgisarar, enda i blodige samanstøytar som kann ha kosta oppimot tusund menneskje livet (Olcott, 1997: 42; Nunn med fleire, 1999: 46-47). Sidan hev Karimov-regimet halde årvak merksemd til stoda åt usbekarane i heile Ferganadalen og jamvel skapt inntrykket av at det

held døri opi for militær intervensjon i den kirgisiske sida av regionen (Olcott, 1997: 107). Dette trugsålet synest truverdigt av den grunnen at det alt stend usbekiske styrkar i den tadsjikiske luten av regionen.

Nasjonsbyggjing i Fergana-regionen er éi sak, i nördre landsluten og i hovudstaden Bisjkek er det russarar og russifiserte kirgisarar som bægjer for den store oppreisingi av den kirgisiske nasjonen. Usbekiskt språk hev ikkje nokon offisiell status i Kirgisistan, men russisk vart offisielt språk jamsides statsspråket kirgisisk i år 2000 etter lange tiders lovnader frå president Askar Akajev (Dave, 2004: 136). Grovt sét er Kirgisistan kløyvt i tvo regionar: Den folkerike usbekisk-kirgisiske sundre luten med Osj og Ferganadalen som politisk periferi og den russisk-kirgisiske nördre luten med hovudstaden Bisjkek som politisk sentrum. Dei kirgisiske styremaktene stend til atters for den kulturelle prestisjen å både den usbekiske og den russiske minoriteten. Ei slik stoda kunde trenga til nasjonsbyggjing for å samla folket attum styremaktene sine, men motstandet synest for fårlegt og voni um vellukka samling synest vesall. Det er ei fårefull ferd styremaktene ikkje hev våga leggja ut på.

Innslag av nasjonsbyggjing og personhylling finst rett nok i Kirgisistan òg, men av det heilt varsame slaget, og utan serleg gjennomslag. På lag som med Timur Lenk i Usbekistan, er det ein mytisk figur personfokuset i Kirgisistan stend på. Khanen Manas er det som er vorten dregen fram som den kirgisiske helten (Luong, 2004: 18), men um dette verkeleg hev vorte tolka som nokor dyrking av Akajev er helst evsamt. Det er truleg mest eit bilæte på den kirgisiske nasjonen, heller en på det samtidlege politiske regimet.

#### *6.4.2 Økonomisk utvikling – eller utviklingshjelp*

Anna noko gruvedrift og sume mineral- og metallfyrekomor som er arbeidskrevjande å vinna ut og som ikkje hev den strategiske verdien og den konstante etterspurnaden på verdsmarknaden som olje- og naturgass, hadde ikkje den nye staten Kirgisistan noko sers å selja til verdi. Industrien gjekk i stå utan underhald frå den sentrale sovjetøkonomien. Det som var å selja var noko gull og dessutan opium som korkje var lovlegt å dyrka eller selja (Olcott, 1997: 98). Kirgisistan ligg på handelsruta for narkotika frå Afghanistan og Tadsjikistan til verdsmarknaden, og kirgisarar tener kann henda noko på det, men denne økonomien hev neppe staten hugnad i.

Den kirgisiske økonomien og pengar i den kirgisiske statskassa kom til som lån frå internasjonale organisasjonar og som utviklingshjelp frå vestlege statar. Og med desse pengane fylgde det med krav um reformer og liberal økonomisk politikk åt kirgisiske styremakter.

Då Kirgisistan 10. mai 1993 vart det fyrste postsovjetiske landet som melde seg ut av rubelzona og innførde sin eigen mynt, *som* med skiljemynten *tyjyn*, var dette etter råder frå det internasjonale pengefondet IMF og i fylgja med eit lån på 62 millionar dollar. Tyrkia stelte opp med eit lån på 75 millionar dollar i 1993, og Japan, Nederland, Sveits og Verdsbanken gav lån på til saman oppimot 200 millionar dollar. Den asiatiske utviklingsbanken, utviklingsprogramet åt SN, EU og Sambandsstatane hev sameleides gjenge inn på utviklingshjelp, store lån, handel og økonomisk samarbeid med Kirgisistan (Olcott, 1997: 101; Capisani, 2000: 229; Luckins, 2003: 39). Kirgisistan må kunna segjast å ha vore noko av ein yndling hjå den gamle vestblokken.

Økonomiske reformer vart raskt sette ut i livet etter sjokkterapifyresegner, anna i jordbrukssektoren. Akajev var atterhalden med land- og jordreformer av di strid um jord hadde vore opphav til etnisk oppreist og vald fyrr (Capisani, 2000: 230), difor var denne sektoren vedvarande regulert eit drjukt tak. Elles hev lutene i statlegt åtte verksemder vorte avhenda og penge- og finanspolitikk hev fylgt framlegg frå långjevarar (Luckins, 2003: 38). Allereide 20. desember 1998 vart Kirgisistan fyrste postsovjetiske staten som vart med i verdshandelsorganisasjonen WTO (Luckins, 2003: 39).

#### *6.4.3 Politisk utvikling – «demokratisering» som naudsyn og falskspel?*

Kirgisistan er det einaste landet i dette utvalet som hev demokratisering på dagsetelen i samband med lausrivingi frå Sovjetsamveldet og burtgangen frå kommunisme. Liberale og demokratiske slagord og talemåtar hekk kann henda på plikt og skyldnad frå perestrojkafiguren Akajev. Askar Akajevitsj Akajev var ein ny mann i kirgisisk politikk, ja i den sovjetiske politikken i det heile. Bakgrunnen hans var som tjuge år som fysikar ved Leningrad polytekniske institutt i noverande St. Petersburg, og den politiske karrieren byrja for ålvora fyrst som innvald for Vitskapsakademiet til det øvste sovjet i SSSR utan å vera partimedlem i 1989, til liks med meir vidgjetne dissidentar som Nobels fredspristakar Andrej Sakharov. Når han vart oppmoda til å stella som kandidat til presidentvalet i Kirgisistan i

1990, var ikkje det på grunn av rolla si som perestrojkafigur, men av di elitane i Kirgisistan såg etter ein samlande kompromissfigur som kunde tryggja denne klanpakti deim imillom (Spector, 2004: 7).

Etter at fyrsteseekretær Turdakun Usubaliev vart avsett for korrupsjon av Gorbatsjov i 1985, fekk den Moskva- og partiløjale *apparatsjik* Absamat Masaliev denne posten. Masaliev kom frå Osj og førde ein politikk som fremja dei kirgisiske netverki i sundre Kirgisistan og då serleg Osj. Elitane i nord såg med stor uro på den etniske politikken åt Masaliev og elitane i sud var heller ikkje fullnøgde med det Masaliev hadde bode deim. Då det i 1990 skulde veljast president i sovjetrepublikken, fekk korkje Masaliev eller motkandidaten Apas Dzumagulov nøgdi røyster til å vera med i ein ny valrunde. For å løysa dette fekk den vidgjetne forfattaren og nasjonalskalden Tsjingiz Aitmatov i stand tingingar millom folk frå dei nordlege elitane. Dei vart samde um å henta heim Askar Akajev og taka honom som ein som kom frå utsida til ny president (Collins, 2006: 125-126).

Under kuppdagane i august 1991 tok Akajev sida med Boris Jeltsin og hans motkupp 22. august, og 31. august kunngjorde det øvste kirgisiske sovjet av Kirgisistan var sjølvstendig stat. 12.-13. oktober 1991 vart det halde presidentval med 90 prosent oppmøte og 95 prosent av røystene gjekk til Askar Akajev (Capisani, 2000: 209-210).

Parlamentsvalet i 1995 gav ingi partigruppa noko fleirtal. Eit framskunda presidentval same året vart vunne av Akajev med meir en 70 prosent av røystene. I ei folkerøysting i februar 1996 røysta 94 prosent av dei oppmøtte røysteføre for å endra konstitusjonen og styrkja makti åt presidentembættet munaleg. I parlamentsvalet i 2000 vart ei rad opposisjonsparti hindra i å stella og det offisielle valresultatet gav kommunistpartiet flest sæte og eit Akajev-truge parti kom dinæst (Freedom House, 2009e).

29. oktober 2000 vart det halde presidentval med seks kandidatar. Han som var rekna som leidar for opposisjonen, Feliks Kulov, var hindra frå å stella, for di han hadde neitta å taka ein obligatorisk språktest i kirgisisk. Dette valet vann Akajev med 75 prosent av røystene. Ei folkerøysting i 2003 gav fornøya tillit til Akajev med 79 prosent og gjekk inn for ei rad tillegg til og endringar av konstitusjonen med 76 prosent av røystene. Dette var slikt som til dømes endringar i vallovi som gjekk burt frå listeval til personval og innføring av immunitet for presidenten og hans familie (Freedom House, 2009e).

Med ein liberal perestrojkafigur i brodden, var vonene til demokratisering av Kirgisistan høge kringum på kloten. Kommentatorar utanfrå og regimet sjølv tala um Kirgisistan som «Sveits i Sentral-Asia» og «ei demokratisk øy» i eit hav av berre autoritære regime (Spector, 2004: 3). Medan den kasakhstanske økonomiske liberaliseringi kann tolkast som ei åtgjerd for å få innkomor til å styrkja den politiske autoritære makti, er det den politiske liberaliseringi, «demokratiseringi», som er sjølvve upphavet åt innkomor og investeringar i Kirgisistan.

Denne demokratiseringi tyder ikkje at Kirgisistan vert demokratisert, at det vert eit demokrati. Akajev-regimet held på makti, føder sine klientellistiske netverk og roar ned opposisjonen med pengestraumane frå internasjonale lån (Spector, 2004: 20), um lag som presidentane i grannelandi føder sine elitar og netverk med eigne eksportinnkomor. Det er for di netverki attum regimet vert haldne ved lag, og ikkje på grunn av sigrar i frie og rettferdige demokratiske val at Akajev og regimet hans held på makti. Vél teikna fyrste åri med Akajev-stjorn mot opning av samfundet og at hardstyret frå sovjettidi var ute or soga – og det vart det vel òg – men det er val og regjeringsskifte som er prøvesteinen på demokrati. Det at Akajev ein gong kunde kallast «liberal» og «demokrat», kann ikkje tyda at just han må vera president til evig tid for at regimet skal verta demokratisk. Når Akajev tviheld på makti og aukar henne frå slutten av 1990-talet, er det eit utslagsgjevande atterslag for demokratiseringi. Denne demokratiseringi stend ikkje til truande.

#### *6.4.4 Opposisjon og sivilsamfund*

Restriksjonar på opposisjon og sivilsamfund som me hev sét hev funnest i Kasakhstan, og som heilt hev rådt grunnen i Usbekistan og Turkmenistan, er det ikkje mykje av i Kirgisistan. Kirgisistan hev privat og sjølvstendig næringsliv, kultur, NGO-ar, frie institutt og universitet, opposisjonsparti og pressa. Det kirgisiske samfundet er merkt av eit mangfelde av meiningar og synsmåtar som fær koma til orde (Luckins, 2003: 43). Denne relativt høge graden av sivil fridom, presse-, ytrings- og organisasjonsfridom, hev rett nok fenge nokre atterslag frametter åri. Til liks med tilhøvi i hine statane, er det forbod mot krenkjing av presidenten i Kirgisistan. Soleides er det høve til å fengsla kritiske journalistar og andre som ytrar seg um regimet der òg. I 1998 sette president Akajev i hop ein moralkommisjon som var beinveges underlagd presidentkontoret, som skulde halda oppsyn med alle publikasjonar i landet (Gretsky, 2003: 89). Soleides lyt me sanna at dei autoritære dragi styrkjest uti styretidi åt Akajev i dette stykkjet méd.

På andre måtar òg kann det vera grunn til å taka atterhald mot tokken ein kann få av at det er til eit blømande sivilsamfund i Kirgisistan. Vél bid der mange tusund NGO-ar, men Gretsky (2003) meiner det berre er 500 av desse som er verksame, hine er sovande. Dinæst er mange NGO-ar skipa til av styremaktene<sup>20</sup>. Eit tridje atterhald er at mange av desse NGO-ane ikkje hev kome til som fylgja av noko røynelegt lokalt folkelegt friviljugt engasjement, det er organisasjonar som er betalte og haldne uppe frå utlandi, gjerne av amerikanske demokrati- og sivilsamfundspromoverande organisasjonar (Gretsky, 2003: 90). Kor som er med dette er det like vel ikkje til å koma frå at det er i Kirgisistan me ser mest open opposisjonell aktivitet, demonstrasjonar, oppreister og protestar. Dei som arrangerer dette vert gjerne fengsla for ei stund, men det er ikkje sterk nok lut til å hindra at folket tek til gatone når dei er misnøgde med styremaktene.

#### *6.4.5 Tulipanrevolusjonen*

Etter brigdi i vallovene frå 2003 som trod i kraft til det kirgisiske parlamentsvalet i 2005, greidde Akajev å fylla parlamentsseti med eigne allierte og familie. Berre seks av dei 75 seti vart vunne av opposisjonen. Som ein reaksjon på desse brigdi i vallovi og protest mot fusk og feil i valet, tok opposisjonsgrupper til gatone og protesterte og kravde at presidenten skulde ganga av. Opposisjonen ottast at dette lyduge parlamentet skulde brukast til å atter endra konstitusjonen og gjeva Akajev lov til å stella til presidentvalet som stod fyre i oktober same året (Collins, 2006: 346). Desse revolusjonære protestane nådde høgdi etter at dei hadde fyllt hovudtorget i hovudstaden Bisjkek i tvo vikor med ikring 30 000 demonstrantar som ideleg forlanga regimeendring (Tucker, 2007: 538).

President Askar Akajev flydde til slutt til Russland og trekte seg formelt frå presidentposten 4. april 2005. Medan andre fargerevolusjonar hovudsakleg hadde vore ikkje-valdelege både frå dei revolusjonære og frå sitjande regime si sida, var dei korgje fullt ut ikkje-valdelege i tulipanrevolusjonen. Frå valdelege samanstøytar medan revolusjonen stod på, hev det kome meldingar um at seks demonstrantar vart drepne, og materielle skadar valdne til ein kostnad på um lag hundrad millionar dollar (Tucker, 2007: 538).

---

<sup>20</sup> Dei er altso ikkje ekte Non-Governmental Organisations (NGOs) men heller Government Organised Non-Governmental Organisations (GONGOs).

Presidentvalet i mai 2005 vart vunne av Kurmanbek Bakiev med 89,5 prosent av røystene, etter at han og Feliks Kulov hadde funne saman og dana ein allianse. Feliks Kulov vart statsminister (Freedom House, 2009f). Dette Bakiev/Kulov-tvospannet kann knapt segjast å standa for nokon gjennomgripande demokratisk revolusjon av det kirgisiske regimet; Bakiev hadde vore med i den sovjetiske eliten, han hadde vore statsminister under Akajev og trugen til Akajev heilt fram til 2002, Kulov hadde vore visepresident på 1990-talet, innanriksminister og dessutan borgarmeister i Bisjkek under Akajev (Radnitz, 2006: 140). Dette er ikkje noko serleg anna en ei umrokking av alliansar i den kirgisiske eliten, der Bakiev og Kulov tek yver dei netverki som Akajev hadde halde seg ved makti ved hjelp av. Det synest rettare å tala um dette som eit framhald av veike og ustøde autoritære regime en slikt noko som brot og demokratisering. Bakiev-regimet kjøper seg studnad av desse netverki på same visi som hadde vore vanleg fyrr (Radnitz, 2006: 132). For 2008 ligg Kirgisistan som nemnt på same plasseringi (166. av 180) som Usbekistan og Turkmenistan på Transparency International sitt indeksmål for korrupsjon (TI, 2009).

Då Bakiev skulde peika ut Kulov til å halda fram som statsminister i 2007, vart dette neitta av parlamentet, og Kulov måtte treda av. Då slutta Kulov seg til opposisjonen og byrja halda demonstrasjonar mot Bakiev-regimet. Ein ny konstitusjon frå 2006 hadde avgrensa makti åt presidenten og gjeve meir makt til parlamentet, men presidenttrugne parlamentsmedlemer hadde etteråt røysta inn ei rad tillegg til konstitusjonen som styrkte stoda åt presidenten att. Ei folkerøysting yver endå ein ny konstitusjon i oktober 2007 innførde listeval att, og dagen etter denne folkerøystingi oppløyste Bakiev parlamentet og skipa seg eit parti, *Ak Zjol*. Etter parlamentsvalet i desember 2007 var det nye parlamentet heilt dominert av dette nye presidentpartiet, med 71 av 90 sæte (Freedom House, 2009f).

Soleides ser me koss Bakiev òg nyttar høvi når dei byd seg til å auka eigi makt, og koss valreglar og konstitusjonelle skipnader jamt vert gjorde um på so at dei tener det sitjande regimet best. Medan enkeltmannsdistrikt er passande når makti kjem frå lojale oppkjøpte netverk og folk vil røysta på lokale elitar knytte til desse netverki, er listeval passande for den som hev skaffa seg eit lojalt parti, kann avgrensa kor mange parti som vert lovlegt registrerte, kann setja upp sperregrensor og kann hindra einskilte elitepersonar frå å verta innvalde. Det å døma tulipanrevolusjonen som ein demokratiserande revolusjon, eller som ein revolusjon i det heile, verkar mest vera ei mistyding. 2005 er ikkje noko røynelegt brot i regimevoksteren i

Kirgisistan. Akajev, Kulov og Bakiev stend alle fram som tri alen av same korruperte autoritære stykkje.



## 7. Endeleg dryfting og avslutning

Framvoksteren av nye regime i Sentral-Asia etter oppløysingi av Sovjetsamveldet lærer oss at dei teleologiske demokratiske framtidsvyane som sveiv i lufti i skiftet millom 1980- og 90-talet, ikkje kann vera einerådande som grunnlag for teoriar og modellar me skal lena oss åt når me vil skyna oss på den røynelege mangfelde og skifterike regimevoksteren ute på den empiriske marki. Nett i dette skiftet grodde det fram nye skot på gamall stuv; gamle styremakter frå det falne sovjetsystemet umrømde seg um ikkje so brådt, og fekk nytta høvet til å samla makt og rådvelde yver dei nye statane på eigne hender. Fram frå stuvven av desse tidlegare sovjetrepublikkane skaut det no ut nye slag autoritære regime. Og desse voks heller ulikt fram, for sædet var falle på ymist lag. Grorbotnen, dei strukturelle vilkøri desse nye autoritære regimi skulde utviklast under, var ingileides einskapleg.

I denne oppgåva hev eg freista skilja ut tvo slag strukturar som skifter millom landi, økonomiske og demografiske. Etnonasjonal samansetnad og eksportinnkomor er millom dei fåe tingi som varierer millom landi, og som eg finn teoretiske grunnar og metodiske høve til å knyta til variasjonen i regimeslag.

Tilgangen til innkomor frå råvareeksport styrkjer det autoritære regimet i Turkmenistan, Usbekistan og Kasakhstan so som ventnaden frå renteniststatsteorien er. Tilgangen til alternative eksportinnkomor frå bomull på det tidspunktet landet vinn rådvelde yver naturressursar, leider Turkmenistan og Usbekistan til å halda på kontrollen yver og eigarskapen til olje- og gassressursar, og liberalisering og privatisering av økonomien kjem ikkje på tala. Kasakhstan som saknar andre eksportinnkomor, lyt derimot opna upp økonomien med det same for å trekkja til seg utanlandske investeringar for å få bygt ut oljesektoren sin og få rentone til å strøyma inn i statskassa. Difor privatiserer og liberaliserer Kasakhstan økonomien, men treng ikkje liberalisera politikken. Kirgisistan saknar eksportinnkomor i det heile og legg seg på full liberalisering av økonomien og set dertil i gang ein politisk demokratiseringprosess for å kvalifisera til lån og investeringar frå vestlege demokrati- og kapitalismepromoverande statar og organisasjonar som IMF.

Den etnonasjonale samansetnaden spelar inn på regime, med di dei homogene einskaplegt samansette Turkmenistan og Usbekistan nytta høvet til nasjonsbyggjing med ein neopatrimonialistisk nasjonal ideologi som vart knytt til presidenten personleg og gav honom full personleg makt. Dette gjekk til gjenom vidsveimd persondyrking og personkult. I Turkmenistan krinsa denne um presidenten sjølv, hans skifter og hans familie, og i Usbekistan

kring presidenten som ei moderne utgåva av den historiske evige faderen åt usbekarane, Timur Lenk. Tilvera av stor russisk minoritet (eller jamvel majoritet) i Kasakhstan og russiske og usbekiske minoritetar i Kirgisistan, hindra desse frå å knyta staten og personen presidenten til eit nasjonalt hopehav på same måten.

Valdsame etnisk framprovoserte samanstøytar som i Almaty i 1986 og Osj i 1990, lærde kasakhiske og kirgisiske styremakter at etnonasjonalt grunngevi nasjonsbyggjing som grunnlag for makti åt regimet i deira heterogent samansette land, var ei fårefull ferd. Difor kom det ikkje på tala å innføra det personlege regimeslaget med all makt hjå presidenten som nasjonens store fader, der.

Den samanliknande analysen syner soleides at dei venta teoretiske verknadene av dei uavhengige variablane økonomiske og demografiske strukturar, verkar i den venta retningi. Dei ressursrike statane er meir autoritære en den ressursfatige staten, staten utan alternative eksportinnkomor på tidi styremaktene vinn rådvelde yver olja og naturgass, vert økonomisk liberalisert, medan dei med alternative innkomor frå bomull, held styringi og økonomien vedvarande på statlege hender. I dei etnonasjonalt einskaplege landi nyttar statsleidarane høvet til å samla makti hjå seg sjølve i eit personalistisk regime, som er meir autoritært en dei meir «institusjonaliserte» regimi i dei etnonasjonalt heterogene statane.

Analysen av dei einskilte studieiningane syner oss koss kvart einskilt land passar inn i den teoretiske modellen. Forklaringi og plasseringi av Turkmenistan synest råka godt, med etnisk einskap, bomullseksport og langsam utbyggjing av enorme naturgassressursar, korkje økonomisk eller politisk liberalisering, men innføring av ein personkult kring og full personleg makt hjå Saparmurat Nijazov. Regimet er sterkt, lukka og personlegt, val slutta dei med å halda, ytrings-, organsiasjons-, prente- eller pressefridom finst der ikkje, ei heller eit livande sivilsamfund. Turkmenistan vert eit personalistisk eittpartiregime. Sultanisme er ei nemning som munde høva på regimet, sume vil kann henda òg kalla det totalitært, sidan ideologien og lovgjevingi grip so sterkt inn i kvardagen, livet og jamvel religionen åt folket i smått og stort. Det at Nijazov døydde og Berdymukammedov tok yver, hev ikkje leidt til dei store umveltingane i regimet.

Etnisk einskap, bomullseksport og naturgassressursar plasserer Usbekistan òg i rette båsen. Her er korkje økonomisk eller politisk liberalisering, ei noko mildare form for persondyrking kring, men like full personleg makt hjå Islam Karimov, men eksportinnkomone kjem inn på ei vis som ikkje gjeng fullgodt i hop med det renteniststatsteorien fyreskriv.

Bomullsproduksjonen er arbeidsintensiv og krev innsats frå store flokkar av den usbekiske folkesetnaden. Når dette ber til ved tvang, passar det ikkje radt som ein ekte renteniststat, i alle fall ikkje med alle sidor av teorien. Det usbekiske regimet er sterkt, lukka og personlegt, ytrings-, organisasjons-, prente- og pressefridom er sterkt avgrensa og sivilsamfundet på lokalt nivå er gjennom det gamle *makhallja*-systemet inkorporert i statsmakti. Usbekistan vert eit personalistisk eittpartiregime. For skuld den personlege makti hjå Karimov ligg det nære å kalla dette regimet sultanisme, det òg. Berre hakket minder oppfinnsamt en Turkmenistan.

Kasakhstan og Kirgisistan er minder autoritære framfor alt for di desse regimi tillèt ein lovleg opposisjon og hev eit sivilsamfund og ei pressa som ikkje sjølve er ein lem av regimet. Denne opposisjonen hev ikkje høve til å koma til makti gjennom konstitusjonelle, demokratiske og fredlege kanalar som val, men han er der og vert ikkje rudd burt og forfylgt ved minste motstand, so som me kann sjå i Turkmenistan og Usbekistan.

Kasakhstan med sine oljeressursar dei treng å få vunne ut med det same landet er sjølvstendig vorte, ligg lagleg til i modellen. Regimet er sterkt, men samlar ikkje makti hjå presidenten personleg. Økonomien er privatisert og samfundet hev rom åt fleire røyser en den som kjem frå presidenten. Kasakhstan kunde høva med regimenemningi «competitive authoritarianism», hadde det ikkje vore for at regimet med åri vart jamt minder kompetitivt. Når presidenten fær yver 90 prosent i val og parlamentet ikkje hev nokon representantar frå opposisjonen, kann me ikkje tala um nokor politisk tevling. Det er eit reinhekla dominantpartiregime.

Kirgisistan hev ei soleklår plassering på den aller minst autoritære enden av den ordinale oppradingi av dei sentralasiatiske regimi. Regimet slepper økonomien fri, opnar upp samfundet og synest jamvel gjeva rom for politisk tevling dei fyrste åri. Som autoritært regime må Kirgisistan reknast som veikt. Demokratiseringi på fyrste helvti av 1990-talet vart gjengi burt frå sidan, då Akajev freista tryggja og samla seg meir autoritær makt, men regimet hans vart standande heller veikt og laust lel. Stoda kann truleg jamførast med at når tannkremen fyrsta er komen ut av tuben, er det rådlaust å få honom inn att. Det var då òg her at folkelege oppreister evlde å kasta presidenten, i og med tulipanrevolusjonen i 2005.

Dette regimet kann må henda til tider kvalifisera til eit av «demokrati med adjektiv»-konsepti, som semidemokrati eller liknande. Um enn det å knyta det nye Bakiev-regimet so vel som Akajev-regimet til umgripet «demokrati» synest heller misråkande. Når me merkjer oss at Bakiev nyttar brigde av konstitusjon og vallover til å få kontroll yver eit lojalt og truge parlament, på same måten som Nazarbajev i Kasakhstan og Akajev fyrr honom, er det ikkje

den demokratiske dåmen som er mest påfallande. Dei «demokratiske» prosedyrane vert skorne til for å stogga opposisjonen frå å verta representert og for soleides å best kunna tryggja det sitjande regimet. Det er hjelperåder for vedvarande autoritært styreset. Kann henda avgrensa fleirpartiregime er ei nemning som rårkar betre.

Framlegg til komande studiar med utgangsstoda i resultati i denne oppgåva, kann vera å kika nøgnare på mekanismane i legitimeringi og oppretthaldet av det sterke usbekiske regimet. Det hadde vore interessant å finna ut meir um koss ein type arbeidsintensiv ressurs som bomull spelar inn på regime. Elles er spursmålet um kva for folkeleg oppslutnad det i røyndi er um regimet millom elitar og undersåttar i dei einskilde landi, noko som denne oppgåva ikkje gjev svar på. Attved dette er so klårt framvoksteren frametter i denne regionen verd å halda eit vake auga med. Dei gamle kommunistleidarane Nazarbajev og Karimov dreg på åri, dei kjem ikkje til å liva evigt, og det nye regimet åt Berdymukammedov kjem kann henda til å taka seg ein eigen krokveg, for alt me veit i dag. Um presidentposten i Kirgisistan kjem til å veljast ved røynelege val og skiftast på lovleg og konstitusjonell vis, er òg ei spanande sak. Erverekkja og etterfylgjing er eit dagframt spursmål i slike autoritære regime som dei som hev vore fyre her – interessa for dette burde vera jamt aukande både hjå dei som sit i regimi sjølve og hjå oss som observerer regimi utanfrå.

## 8. Litteraturlista

- Adams, Laura (2004): «Cultural Elites in Uzbekistan. Ideological Production and the State» s. 93-119 i Pauline Jones Luong (red.) *The Transformation of Central Asia. States and Societies from Soviet Rule to Independence*. Ithaca: Cornell University Press.
- Akimbekov, Sultan (2002): «The Conflict in Afghanistan: Conditions, Problems, and Prospects» s. 69-113 i i Boris Rumer (red.) *Central Asia. A Gathering Storm?* London: M.E. Sharpe.
- Aristoteles (1997): *The Politics*. Chapel Hill: University of North Carolina Press.
- Babadzhanov, Bakhtiar (2002): «Islam in Uzbekistan: From the Struggle for “Religious Purity” to Political Activism» s. 299-330 i Boris Rumer (red.) *Central Asia. A Gathering Storm?* London: M.E. Sharpe.
- Bacon, Edwin og Matthew Wyman (2006): *Contemporary Russia*. Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- BBC (2009): *Country profile: Turkmenistan*. BBC. [http://news.bbc.co.uk/2/hi/asia-pacific/country\\_profiles/1298497.stm](http://news.bbc.co.uk/2/hi/asia-pacific/country_profiles/1298497.stm) [7. mai 2009]
- Beblawi, Hazem (1987): «The Rentier State in the Arab World» s. 49-62 i Hazem Beblawi og Giacomo Luciani (red.) *The Rentier State*. New York: Croom Helm.
- Beetham, David (1999): *Democracy and Human Rights*. Cambridge: Polity Press.
- Beissinger, Mark R. (2007): «Structure and Example in Modular Political Phenomena: The Diffusion of Bulldozer/Rose/Orange/Tulip Revolutions» s. 259-276 i *Perspectives on Politics 2 (5)*.
- Berkov, Valerij P. (2005): *Stor norsk-russisk ordbok. Bolsjoj norvezjsko-russkij slovar*. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Bohr, Annette (2003): «Independent Turkmenistan. From post-communism to sultanism» s. 9-24 i Sally N. Cummings (red.) *Oil, Transition and Security in Central Asia*. London: RoutledgeCurzon. Taylor & Francis Group.
- Boyle, Alan (2003): «Central Asian water problems. The role of international law» s. 203-215 i Sally N. Cummings (red.) *Oil, Transition and Security in Central Asia*. London: RoutledgeCurzon. Taylor & Francis Group.
- BP (2008): *BP Statistical review of World Energy, June 2008*. London: British Petroleum.
- Bratton, Michael og Nicolas van de Walle (1994): «Neopatrimonial Regimes and Political Transition in Africa» s. 453-489 i *World Politics 46 (4)*.
- Brett, Alex (2008): «Europe's Energy Source Lies in the Shadow of Russia's Anger» i *The Guardian*, 17. august 2008.
- Bunce, Valerie (2001): «Should Transitologists be grounded?» s. 468-481 i Archie Brown (red.) *Contemporary Russian Politics, a Reader*. Oxford: Oxford University Press.
- Burnashev, Rustam (2002): «Regional Security in Central Asia: Military Aspects» s. 114-165 i Boris Rumer (red.) *Central Asia. A Gathering Storm?* London: M.E. Sharpe.
- Capisani, Giampaolo R. (2000): *The Handbook of Central Asia. A Comprehensive Survey of the New Republics*. London: I.B. Tauris Publishers.
- Carothers, Thomas (2002a): «The End of the Transition Paradigm» s. 5-21 i *Journal of Democracy 13 (1)*.
- Carothers, Thomas (2002b): «A reply to my critics» s. 33-38 i *Journal of Democracy 13 (3)*.
- Chazan, Guy og Benoit Faucon (2008): «The Conflict in Georgia: War Threats Key Pipeline for Crude Oil» i *Wall Street Journal*, 12. august 2008.
- Chivers, C.J. og Ethan Wilensky-Lanford (2005): «Uzbeks Said Troops Shot Recklessly at Civilians» i *New York Times*, 17. Mai 2005.

- Christensen, Peter Munk (1997): «Institusjonalisme» s. 98-99 i Øyvind Østerud, Kjell Goldmann og Mogens N. Pedersen (red.) *Statsvitenskapelig leksikon*. Oslo: Universitetsforlaget.
- CIA (2009): *The World Factbook*. CIA. <https://www.cia.gov/library/publications/the-world-factbook/> [21. april 2009]
- Collier, David og Steven Levitsky (1997): «Democracy with Adjectives: Conceptual Innovation in Comparative Research» s. 430-451 i *World Politics* 49 (3).
- Collier, Ruth Berins (1999): *Paths Toward Democracy: The Working Class and Elites in Western Europe and South America*. New York: Cambridge University Press.
- Collins, Kathleen (2004): «The Logic of Clan Politics: Evidence from the Central Asian Trajectories» s. 224-261 i *World Politics* 56 (2).
- Collins, Kathleen (2006): *Clan Politics and Regime Transition in Central Asia*. Cambridge: Cambridge University Press.
- CPJ (2008): *Attacs on the Press 2007: Turkmenistan*. Committee to Protect Journalists. <http://www.cpj.org/2008/02/attacks-on-the-press-2007-turkmenistan.php> [18. mai 2009]
- Critchlow, James (1991): *Nationalism in Uzbekistan. A Soviet Republic's Road to Sovereignty*. Boulder: Westview Press.
- Cummings, Sally N. (2003): «Independent Kazakhstan. Managing heterogeneity» s. 25-35 i Sally N. Cummings (red.) *Oil, Transition and Security in Central Asia*. London: RoutledgeCurzon. Taylor & Francis Group.
- Dahl, Robert A. (1971): *Polyarchy: Participation and Opposition*. New Haven: Yale University Press.
- Dave, Bhavna (2004): «A Shrinking Reach of the State? Language Policy and Implementation in Kazakhstan and Kyrgyzstan» s. 120-155 i Pauline Jones Luong (red.) *The Transformation of Central Asia. States and Societies from Soviet Rule to Independence*. Ithaca: Cornell University Press.
- Diamond, Larry (1991): «Economic Development and Democracy Reconsidered» s. 93-139 i G. Marks og Larry Diamond (red.) *Reexamining Democracy: Essays in Honor of Seymour Martin Lipset*. London: Sage.
- Diamond, Larry (2002): «Thinking About Hybrid Regimes» s. 21-35 i *Journal of Democracy* 13 (2).
- Doorenspleet, Renske (2004): «The Structural Context of Recent Transitions to Democracy» s. 309-335 i *European Journal of Political Research* 43 (3).
- Duverger, Maurice (1950): *L'Influence des systèmes électoraux sur la vie politique*. Paris: Armand Colin.
- Eisenstadt, Shmuel N. (1973): *Traditional Patrimonialism and Modern Neopatrimonialism*. London: Sage.
- Elster, Jon (1998): «A Plea for Mechanisms» s. 45-73 i Peter Hedström og Richard Swedberg (red.) *Social Mechanisms: An analytical approach to social theory*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Epstein, Peter og Matthew Winter (2004): *Assessment of Intergovernmental Relations and Local Governance in the Republic of Uzbekistan*. Washington, D.C.: The Urban Institute.
- Freedom House (2009a): *Freedom in the world*. Freedom House, Inc. <http://freedomhouse.org/template.cfm?page=15> [21. april 2009]
- Freedom House (2009b): *Turkmenistan (2008)*. Freedom House, Inc. <http://freedomhouse.org/template.cfm?page=22&year=2008&country=7509> [29. april 2009]
- Freedom House (2009c): *Uzbekistan (2008)*. Freedom House, Inc. <http://freedomhouse.org/template.cfm?page=22&year=2008&country=7517> [29. april 2009]

- Freedom House (2009d): *Kazakhstan (2008)*. Freedom House, Inc. <http://freedomhouse.org/template.cfm?page=22&year=2008&country=7421> [5. mai 2009]
- Freedom House (2009e): *Kyrgyzstan (2004)*. Freedom House, Inc. <http://www.freedomhouse.org/template.cfm?page=22&year=2004&country=2965> [5. mai 2009]
- Freedom House (2009f): *Kyrgyzstan (2008)*. Freedom House, Inc. <http://freedomhouse.org/template.cfm?page=22&year=2008&country=7427> [10. mai 2009]
- Fukuyama, Francis (1992): *The End of History and the Last Man*. New York: Free Press.
- Furman, Dmitrii (2005): «The Regime in Kazakhstan» s. 195-266 i Boris Rumer (red.) *Central Asia at the End of Transition*. London: M.E. Sharpe.
- Gates, Scott og Brian D. Humes (1997): *Games, Information, and Politics. Applying Game Theoretic Models to Political Science*. Ann Arbor: The University of Michigan Press.
- Geddes, Barbara (1999): «What Do We Know About Democratization After Twenty Years?» s. 115-144 i *Annual Review of Political Science 2*.
- Gelman, Vladimir (2001): «Regime Transition, Uncertainty, and Prospects» s. 499-513 i Archie Brown (red.) *Contemporary Russian Politics, a Reader*, Oxford: Oxford University Press.
- George, Alexander L. og Andrew Bennett (2005): *Case Studies and Theory Development in the Social Sciences*. Cambridge: MIT Press.
- Gerring, John (2004): «What Is a Case Study and What is It Good For?» s. 341-354 i *American Political Science Review 98 (2)*.
- Gretsky, Sergei (2003): «In search of civil society in Central Asia» s. 84-95 i Sally N. Cummings (red.) *Oil, Transition and Security in Central Asia*. London: RoutledgeCurzon. Taylor & Francis Group.
- Grimen, Harald (2004): *Samfunnsvitenskapelige tenkemåter*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grønmo, Sigmund (2004): *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Gullette, David (2007): «Theories on Central Asian factionalism: the debate in political science and its wider implications» s. 373-387 i *Central Asian Survey 26 (3)*.
- Hadenius, Axel og Jan Teorell (2007): «Pathways From Authoritarianism» s. 143-156 i *Journal of Democracy 18 (1)*.
- Haggard, Stephen og Robert R. Kaufman (1995): *The political economy of democratic transition*. Princeton: Princeton University Press.
- Hague, Rod og Martin Harrop (2004): *Comparative Government and Politics. An Introduction*. Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- Hannan, Michael T. og Glenn R. Carroll (1981): «Dynamics of Formal Political Structure: An Event-History Analysis» s. 19-35 i *American Sociological Review 46 (1)*.
- Haugen, Arne (1999): «Fra nomader til nasjoner: Sentral-Asia i sovjetperioden» s. 65-74 i Ole-Jacob Abraham og Ørjan Leren (red.) *Samveldet av uavhengige stater. En historisk, politisk og kulturell oversikt. Slavica Bergensia 3*. Bergen: Seksjon for russisk språk og litteratur, Universitetet i Bergen.
- Haugen, Arne (2003): *The Establishment of National Republics in Soviet Central Asia*. Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- Haynes, Jeff (2001): *Democracy in the developing world. Africa, Asia, Latin America and the Middle East*. Cambridge: Polity Press.
- Heslop, Helen Boss (2003): «The Caspian states of the former Soviet Union. Economic performance since 1998» s. 175-191 i Sally N. Cummings (red.) *Oil, Transition and Security in Central Asia*. London: RoutledgeCurzon. Taylor & Francis Group.
- Hofferbert, Richard I. og Hans-Dieter Klingemann (1999): «Remembering the bad old days. Human rights, economic conditions, and democratic performance in transitional regimes» s. 155-174 i *European Journal of Political Research 36*.

- Horak, Slavomir (2005): «The Ideology of the Turkmenbashy Regime» s. 305-320 i *Perspectives on European Politics and Society* 6 (2).
- Horsman, Stuart (2003): «Independent Uzbekistan. Ten years of gradualism or stagnation?» s. 47-58 i Sally N. Cummings (red.) *Oil, Transition and Security in Central Asia*. London: RoutledgeCurzon. Taylor & Francis Group.
- Hovland, Bergljot (1999): «Språkpolitikk og politisk retorikk i Kasakstan: Det russiske språket si stilling» s. 75-83 i Ole-Jacob Abraham og Ørjan Leren (red.) *Samveldet av uavhengige stater. En historisk, politisk og kulturell oversikt. Slavica Bergensia* 3. Bergen: Seksjon for russisk språk og litteratur, Universitetet i Bergen.
- Huntington, Samuel P. (1991): *The Third Wave. Democratization in Late Twentieth Century*. Norman: University of Oklahoma Press.
- Ilkhamov, Alisher (2007): «Neopatrimonialism, interest groups and Patronage networks: the impasses of the governance system in Uzbekistan» s. 65-84 i *Central Asian Survey* 26 (1).
- IMF (1992): *Economic Review Uzbekistan*. Washington, D.C.: International Monetary Fund.
- IMF (1994): *Economic Review Turkmenistan*. Washington, D.C.: International Monetary Fund.
- Jalling, Lars (2003): «Environmental issues in Central Asia. A source of hope or despair?» s. 167-180 i Tom Everett-Heath (red.) *Central Asia. Aspects of transition*. London: RoutledgeCurzon. Taylor & Francis Group.
- Jarvik, Laurence A. (2005): «Uzbekistan: A Modernizing Society» s. 261-274 i *Orbis* 49 (2).
- Kadyrov, Shokhrat Khodzjakovitsj (2001): *Rossijsko-Turkmenskij istoritsjeskij slovar v dvukh tomakh. Tom pervyj*. Bergen: Biblioteka Almanakha «Turkmeny».
- Kadyrov, Shokhrat (2003): «Turkmenistan. The political elite in an ethnic society» s. 108-118 i Sally N. Cummings (red.) *Oil, Transition and Security in Central Asia*. London: RoutledgeCurzon. Taylor & Francis Group.
- Kamp, Marianne (2006): «Between Women and the State. Mahalla Committees and Social Welfare in Uzbekistan» s. 29-58 i Jones Luong (red.) *The Transformation of Central Asia. States and Societies from Soviet Rule to Independence*. Ithaca: Cornell University Press.
- Karl, Terry Lynn og Philippe C. Schmitter (2001): «From an Iron Curtain to a Paper Curtain» s. 481-492 i Archie Brown (red.) *Contemporary Russian Politics, a Reader*, Oxford: Oxford University Press.
- Kehl-Bodrogi, Krisztina (2006): «Islam Contested: Nation, Religion, and Tradition in Post-Soviet Turkmenistan» s. 125-146 i Chris Hann (red.) *The Postsocialist Religious Question. Faith and Power in Central Asia and East-Central Europe*. Berlin: LIT Verlag.
- King, Gary, Robert O. Keohane og Sidney Verba (1994): *Designing Social Inquiry. Scientific Inference in Qualitative Research*. Princeton: Princeton University Press.
- Kipling, Rudyard (1901): *Kim*. London: Macmillan.
- Kjeldstadli, Knut (1999): *Fortida er ikke hva den engang var. En innføring i historiefaget*. Oslo: Universtitetsforlaget.
- Kolstø, Pål (2003): «Nation-building and language standardisation in Kazakhstan» s. 119-130 i Sally N. Cummings (red.) *Oil, Transition and Security in Central Asia*. London: RoutledgeCurzon. Taylor & Francis Group.
- Kolstø, Pål (2008): *Russland. Folket, historien, politikken, kulturen*. Oslo: H. Aschehoug & Co, (W. Nygaard).
- Larsen, Stein Ugelvik (2000): «Challenges to Democratic Theory» s. 447-483 i Stein Ugelvik Larsen (red.) *The Challenges of Theories on Democracy. Elaborations over new Trends in Transitology*. New York: Colombia University Press.



- Lenin, Vladimir Ilitsj (1917): *Imperializm, kak vysshaja stadija kapitalizma*. Petrograd: Samizdat.
- Levitsky, Steven og Lucan A. Way (2002): «The Rise of Competitive Authoritarianism» s. 51-65 i *Journal of Democracy* 13 (2).
- Lijphart, Arend (1971): «Comparative Politics and Comparative Methods» s. 682-693 i *American Political Science Review* 65 (3).
- Lindblom, Charles E. (1977): *Politics and Markets*. New York: Basic Books.
- Linz, Juan J. (2000): *Totalitarian and Authoritarian Regimes*. London: Lynne Rienner Publishers.
- Linz, Juan J. og Alfred Stepan (1996): *Problems of Democratic Transition and Consolidation: Southern Europe, South America, and Post-Communist Europe*. Baltimore: Johns Hopkins University Press.
- Lipset, Seymour Martin (1959): «Some Social Requisites of Democracy: Economic Development and Political Legitimacy» s. 69-105 i *The American Political Science Review* 53 (1).
- Luckins, Meg (2003): «Independent Kyrgyzstan. Liberalisation and economic reform» s. 36-46 i Sally N. Cummings (red.) *Oil, Transition and Security in Central Asia*. London: routledgeCurzon. Taylor & Francis Group.
- Luong, Pauline Jones og Erika Weinthal (2001): «Prelude to the Resource Curse: Explaining Oil and Gas Development Strategies in the Soviet Successor States and Beyond» s. 367-399 i *Comparative Political Studies* 34.
- Luong, Pauline Jones og Erika Weinthal (2002): «New Friends, New Fears in Central Asia» s. 61-70 i *Foreign Affairs* 81 (2).
- Luong, Pauline Jones (2002): *Institutional Change and Political Continuity in Post-Soviet Central Asia. Power, Perceptions, and Pacts*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Luong, Pauline Jones (2004): «Introduction. Politics in the Periphery: Competing Views of Central Asian States and Societies» s. 1-26 i Pauline Jones Luong (red.) *The Transformation of Central Asia. States and Societies from Soviet Rule to Independence*. Ithaca: Cornell University Press.
- Lynn, Richard og Tatu Vanhanen (2002): *IQ and the wealth of nations*. Westport: Praeger.
- Mahdavy, Hussein (1970): «The patterns and problems of economic development in Rentier States: The Case of Iran» s. 59-75 i M. A. Cook (red.) *Studies in economic history of the Middle East from the rise of Islam to the present day*. London: Oxford University Press.
- Mahoney, James (2003a): «Knowledge Accumulation in Comparative Historical Research. The Case of Democracy and Authoritarianism» s. 131-174 i James Mahoney og Dietrich Rueschemeyer (red.) *Comparative Historical Analysis in the Social Sciences*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Mahoney, James (2003b): «Strategies for Causal Assessment in Comparative Historical Analysis» s. 337-372 i James Mahoney og Dietrich Rueschemeyer (red.) *Comparative Historical Analysis in the Social Sciences*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Mahoney, James og Gary Goertz (2004): «The Possibility Principle: Choosing Negative Cases in Comparative Research» s. 653-669 i *American Political Science Review* 98 (4).
- Mahoney, James og Gary Goertz (2006): «A Tale of Two Cultures: Contrasting Quantitative and Qualitative Research» s. 227-249 i *Political Analysis* 14.
- Manz, Beatrice Forbes (1989): *The rise and rule of Tamerlane*. Cambridge: Cambridge University Press.

- March, Andrew F. (2003): «From Leninism to Karimovism: Hegemony, Ideology, and Authoritarian Legitimation» s. 307-336 i *Post Soviet Affairs* 19 (4).
- McKeown, Timothy J. (1999): «Case Studies and the Statistical World View» s. 161-190 i *International Organization* 53 (1).
- Michels, Robert (1911): *Zur Soziologie des Parteiwesens in der modernen Demokratie. Untersuchungen über die oligarchischen Tendenzen des Gruppenlebens*. Leipzig: Werner Klinkhardt.
- Mill, John Stuart (1856): *A System of Logic. Ratiocinative and Inductive; being a connected view of the principles of evidence, and the methods of scientific investigation*. London: John W. Parker and Son.
- Mill, John Stuart (1964): *On Representative Government*. London: Dent.
- Montesquieu, Charles de (1989): *The Spirit of the Laws*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Moore jr., Barrington (1966): *Social origins of dictatorship and democracy*. London: Penguin Press.
- neweurasia.net (2009): *Central Asia News Digest: Turkmenistan*. neweurasia.net <http://turkmenistan.neweurasia.net/2009/03/26/central-asia-news-digest-turkmenistan/> [7. Mai 2009]
- Nijazov, Saparmurat (2001): *Rukhnama. Reflections on the Spiritual Values of the Turkmen*. Ashgabat: State Publishing Service Turkmenistan.
- Nunn, Sam, Barnett R. Rubin og Nancy Lubin (1999): *Calming the Farghana Valley. Development and Dialogue in the Heart of Central Asia*. New York: The Century Foundation Press.
- O'Donnell, Guillermo og Philippe C. Schmitter (1986): *Transition from Authoritarian Rule*. Baltimore: Johns Hopkins University Press.
- O'Donnell, Guillermo (2002): «In Partial Defense of an Evanescent 'Paradigm'» s. 6-12 i *Journal of Democracy* 13 (3).
- Olcott, Martha Brill (1997): *Central Asia's New States. Independence, Foreign Policy, and Regional Security*. Washington, D.C.: United States Institute of Peace Press.
- Olcott, Martha Brill (2002): *Kazakhstan. Unfulfilled Promise*. Washington, D.C.: Carnegie Endowment for International Peace.
- OSCE (2005): *Preliminary findings on the events in Andijan, Uzbekistan, 13 May 2005*. Warszawa: OSCE.
- Paul, T. V. (2000): *Power versus prudence: why nations forgo nuclear weapons*. Montréal: McGill Queen's Press.
- Pedersen, Mogens N. (1997): «Behaviorisme» s. 23-25 i Øyvind Østerud, Kjell Goldmann og Mogens N. Pedersen (red.) *Statsvitenskapelig leksikon*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Peuch, Jean-Christophe (2007): *Turkmenistan: Still Waiting for Berdymukhammedov's Thaw*. Radio Free Europe/Radio Liberty og Eurasianet. <http://www.eurasianet.org/departments/insight/articles/pp042807.shtml> [7. mai 2009]
- Przeworski, Adam og Henry Teune (1970): *The Logic of Comparative Social Inquiry*. Malabar: Krieger Publishing Company.
- Przeworski, Adam (1992): «Games of transition» s. 105-152 i Scott Mainwaring, Guillermo O'Donnell og J. Samuel Valenzuela (red.) *Issues in Democratic Consolidation: The New South American Democracies in Comparative Perspective*. Notre Dame: University of Notre Dame Press.
- Putnam, Robert D. og Kristin A. Goss (2002): «Introduction» s. 3-19 i Robert D. Putnam (red.) *Democracies in Flux. The evolution of Social Capital in Contemporary Society*. Oxford: Oxford University Press

- Radnitz, Scott (2006): «What Really Happened in Kyrgyzstan?» s. 132-146 i *Journal of Democracy* 17 (2).
- Ragin, Charles C. (1987): *The Comparative Method. Moving Beyond Qualitative and Quantitative Strategies*. Los Angeles: University of California Press.
- Ragin, Charles C. (2004): «Turning the Tables: How Case-Oriented Research Challenges Variable-Oriented Research» s. 123-138 i Henry E. Brady og David Collier (red.) *Rethinking Social Inquiry: Diverse Tools, Shared Standards*. New York: Rowman and Littlefield.
- Randall, Vicky og Robin Theobald (1998): *Political Change and Underdevelopment: A Critical Introduction to Third World Politics*. New York: Palgrave.
- Roberts, John (2003): «Caspian oil and gas. How far have we come and where are we going?» s. 143-174 i Sally N. Cummings (red.) *Oil, Transition and Security in Central Asia*. London: RoutledgeCurzon. Taylor & Francis Group.
- Rokkan, Stein (1987): *Stat, nasjon, klasse. Essays i politisk sosiologi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ross, Michael L. (2001) «Does Oil Hinder Democracy?» s. 325-361 i *World Politics* 53 (3).
- Rothstein, Bo (2002): «Sweden: Social Capital in the Social Democratic State» s. 289-331 i Robert D. Putnam (red.) *Democracies in Flux. The evolution of Social Capital in Contemporary Society*. Oxford: Oxford University Press
- Rueschemeyer, Dietrich, Evelyne H. Stephens og John D. Stephens (1992): *Capitalist development and democracy*. Cambridge: Polity Press.
- Rumer, Boris (2002): «The Search for Stability in Central Asia» s. 3-66 i Boris Rumer (red.) *Central Asia. A Gathering Storm?* London: M.E. Sharpe.
- Sartori, Giovanni (1970): «Concept Misformation in Comparative Politics» s. 55-74 i *The American Political Science Review* 64 (4).
- Schedler, Andreas (2002): «The Menu of Manipulation» s. 36-50 i *Journal of Democracy* 13 (2).
- Schumpeter, Joseph A. (1947): *Capitalism, Socialism and Democracy*. New York: Harper.
- Schumpeter, Joseph A. (1991): *The Economics and Sociology of Capitalism*. Princeton: Princeton University Press.
- Skjervheim, Hans (1976): *Deltakar og tilskodar og andre essays*. Oslo: Tanum-Norli.
- Skocpol, Theda (2003): «Doubly engaged social science: The promise of comparative historical analysis» s.407-429 i James Mahoney og Dietrich Rueschemeyer (red.) *Comparative Historical Analysis in the Social Sciences*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Slagstad, Rune (1979): *Positivism og vitenskapsteori. Et essay om den norske positivismestriden*. Oslo: Universitetsforlaget.
- SN (1995): *1993. Demographic Yearbook. Annuaire démographique*. New York: United Nations.
- Snyder, Richard og James Mahoney (1999): «The Missing Variable: Institutions and the Study of Regime Change» s. 103-122 i *Comparative Politics* 32 (1).
- Solzjenitsyn, Aleksandr Isajevitsj (1990): «Kak nam obustroit Rossiju? Posilnye soobrazjenja» s. 1 i *Komsomolskaja Pravda*. 18. september 1990.
- Spector, Regine A. (2004): *The Transformation of Askar Akaev, President of Kyrgyzstan*. Berkeley: University of California.
- Språkrådet (2009): *Geografiske namn*. Språkrådet. [http://sprakradet.no/nb-no/Sprakhjelp/Rett\\_skriving\\_Ordboeker/Geografiske\\_namn/](http://sprakradet.no/nb-no/Sprakhjelp/Rett_skriving_Ordboeker/Geografiske_namn/) [21. april 2009]
- Strakes, Jason E. (2006): «Tools of political management in the new Central Asian Republics» s. 87-99 i *Journal of Muslim Minority Affairs* 26 (1).
- Sætre, Simen (2008): «StatoilHydro inn i nytt minefelt» i *Morgenbladet*, 26. september 2008.

- TI (2009): *2008 Corruption Perceptions Index*. Transparency International. [http://www.transparency.org/news\\_room/in\\_focus/2008/cpi2008/cpi\\_2008\\_table](http://www.transparency.org/news_room/in_focus/2008/cpi2008/cpi_2008_table) [29. april 2009]
- The Economist (1977): «The Dutch Disease» s. 82-83 i *The Economist*, 26. November 1977.
- Tilly, Charles (1990): *Coercion, capital and European states, A.D. 990-1990*. Cambridge: Basil Blackwell.
- Tucker, Joshua A. (2007): «Enough! Electoral Fraud, Collective Action Problems, and Post-Communist Colored Revolutions» s. 535-551 i *Perspectives on Politics* 3 (5).
- Ulfelder, Jay (2007): «Natural-Resource Wealth and the Survival of Autocracy» s. 995-1018 i *Comparative Political Studies* 40.
- UNSD (2009): *UNData*. United Nations Statistics Division. <http://data.un.org/> [27. april 2009]
- van Veen, Esther (1999): «Dualøkonomi og etniske relasjoner i Almaty, Kasakstan» s. 84-91 i Ole-Jacob Abraham og Ørjan Leren (red.) *Samveldet av uavhengige stater. En historisk, politisk og kulturell oversikt. Slavica Bergensia* 3. Bergen: Seksjon for russisk språk og litteratur, Universitetet i Bergen.
- Verdsbanken (1993): *Uzbekistan. An agenda for economic reform*. Washington, D.C.: The World Bank.
- Verdsbanken (1994): *Turkmenistan. Country Economic Memorandum*. Washington, D.C.: The World Bank.
- Wagner, Steven (1997): *Public Opinion in Uzbekistan*. Washington D.C.: International Foundation for Election Systems.
- Weber, Max (2006): *Makt og byråkrati. Essays om politikk og klasse, samfunnsforskning og verdier*. Oslo. Gyldendal Norsk Forlag.
- Whitlock, Monica (2004): Young Turkmen face beard ban. BBC News. <http://news.bbc.co.uk/2/hi/asia-pacific/3486776.stm> [7. mai 2009]
- Whitlock, Monica (2005): *Turkmen leader closes hospitals*. BBC News. <http://news.bbc.co.uk/2/hi/asia-pacific/4307583.stm> [7. mai 2009]
- Østerud, Øyvind (1996): *Invitasjon til statsvitenskap*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Aasen, Ivar (1996) [1863]: «Fals og Fusk» i *Symra*. Oslo: Samlaget.